Check Point Threat Extraction secured this document
Get Original

Utdannings-
direktoratet

# Årsrapport 2020

**RAPPORT** | SIST ENDRET: 15.03.2021

## Innhold

**Del I Melding frå leiaren**

**Del II Introduksjon til verksemda og hovudtala**

**Del III Aktivitetane og resultata for året**

- Sektormål
  - Sektormål for barnehagen
  - Sektormål for grunnopplæringa
- Brukareffektmål
  - Mål 1: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagestyresmakter tek seg av utviklinga, læringa og trivselen til barn og unge i barnehagar, skoler og lærebedrifter
  - Mål 2: Barnehageeigarar og skoleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge
  - Mål 3: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket
  - Mål 4: Barnehageeigarar og skoleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av barnehagane og skolene sine og overfor lærebedrifter
  - Mål 5: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagestyresmakter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeidet og dei administrative oppgåvene

**Del IV Styring og kontroll i verksemda**

**Del V Vurdering av framtidsutsikter**

**Del VI Årsregnskapet 2020**

- Ledelseskommentar til årsregnskapet
- Prinsippnote til årsregnskapet

**Vedlegg til årsrapporten**

# Del I Melding frå leiaren

Våren 2020 utløste et globalt utbrudd av koronaviruset en rekke strenge, nasjonale tiltak for å begrense smitten av viruset. Fra 13. mars til 11. mai 2020 var barnehager og skoler i Norge helt eller delvis stengt. Også i perioden etter gjenåpning har barnehage- og skolehverdagen vært preget av smitteverntiltak. Pandemien har ført til en rekke utfordringer for hele samfunnet, også på barnehage- og opplæringsområdet.

Vår viktigste oppgave har vært å bidra til et best mulig barnehage- og opplæringstilbud for alle barn og unge under hele pandemien. Stengte barnehager og skoler er meget inngripende tiltak som reduserer barn og unges rettigheter og muligheter til læring, mestring og trivsel. Gjennom hele pandemien har vi arbeidet med kunnskapsgrunnlaget og det er dokumentert store negative konsekvenser av stengte barnehager og skoler og av strenge smitteverntiltak.

Det er krevende for barnehager og skoler å ivareta smittevern og samtidig gi barn og unge et trygt og godt barnehage- og opplæringstilbud. Også for barn og unge har smitteverntiltakene begrenset barnehage- og skolehverdagen og fritiden deres. Det er grunn til å anta at mange elever opplever et dårligere utbytte av opplæringen og redusert sosial tilhørighet som følge av begrensningene i skolehverdagen fra smitteverntiltakene. Kunnskapsgrunnlaget har belyst at digital opplæring er ikke en fullgod erstatning for opplæring på skolen. Vi vet også at det finnes få eller ingen gode tiltak som kan kompensere for manglende tilstedeværelse i barnehager og skoler. Det har derfor vært viktig for Utdanningsdirektoratet å arbeide for å holde barnehager og skoler åpne også i en pandemi, med smitteverntiltak tilpasset den lokale smittesituasjonen.

I mars 2020 opplevde vi en krise som ingen kriseplaner eller kriseøvelser hadde forberedt oss på. Vi erfarte imidlertid raskt at vi er en organisasjon som står godt i en krisehåndtering. Vi etablerte planer og iverksatte tiltak, med særlig oppmerksomhet på behovet for rask, god og relevant informasjon ut til våre sektorer. Vi har erfart at et godt samarbeid med Kunnskapsdepartementet, der informasjonsflyt og åpenhet har preget dialogen, har vært viktig for vår krisehåndtering. Vi har også erfart betydningen av et godt tverrsektorielt samarbeid for å sikre lav tiltaksbyrde for barn og unge.

Statsforvalterne har spilt en avgjørende rolle i vår krisehåndtering og i arbeidet ut mot kommuner og fylkeskommuner. De har vært viktige bindeledd mellom det nasjonale og det lokale nivået og bidratt med viktige deler av kunnskapsgrunnlaget.

Kunnskapsgrunnlaget har vært en prioritert oppgave. Særlig arbeidet med de to ekspertgrupperapportene har bidratt til å belyse konsekvenser av stengte barnehager og skoler og av strenge smitteverntiltak. Vi har

dokumentert barnehagen og skolen som viktige samordningsarenaer og deres betydning for utsatte og sårbare barn og unge. Vi har samarbeidet godt med andre direktorater og organisasjoner for å sikre et godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag gjennom hele pandemien.

Vi er stolte av å være en del av en sektor og et tverrsektorielt samarbeid som har arbeidet målrettet for barn og unge i denne pandemien. Mange barnehagelærere, lærere, ledere og alle ansatte i barnehager og skoler har strukket seg langt for å gi et godt barnehage- og skoletilbud i en tid med krevende rammebetingelser. Barn og unge har ofret mye, men også vært imponerende tilpasningsdyktige. Vilje til læring, deling og åpenhet har kjennetegnet krisehåndteringen på alle nivå.

Men 2020 har ikke bare vært Covid-19. Jeg er stolt av direktoratets evne til å beholde mot, intensitet og engasjement i det som har vært vårt ordinære oppdrag og våre ordinære oppgaver for året. Det meste av tiden fra 340 hjemmekontor. Selv om Covid-19 har gjennomsyret vår oppgaveløsning, så har det ikke påvirket den totale leveransen vesentlig og vi kan se tilbake på et år, hvor vi har lagt kraft i implementering av fagfornyelsen og nye læreplaner for friskolene, i utvikling av eksamen og prøver, i videreutviklingen av kompetanseordningene og regelverket, i rammene for et godt arbeid med skole- og barnehagemiljøet, i tilskuddsforvaltningen og tilsyn, utvikling av analysebrett, videreutvikling av Feide og forberedelse av ny veilednings- og tilsynsopppgave med private barnehagers økonomi.

Nå ser vi aller mest frem til å få mer normale rammer både for vårt eget arbeid og for arbeidet i sektorene, vi gleder oss til å få tilbake den vanlige barnehage- og skolehverdagen. Det er den som gir det beste utgangspunktet for å legge til rette for barn og unges utvikling, læring og trivsel. Opplevelsene og erfaringene fra 2020 har tydeliggjort betydningen av dette oppdraget.

Hege Nilssen
direktør

# Del II Introduksjon til verksemda og hovudtala

## Samfunnsoppdraget vårt

Utdanningsdirektoratet er eit ordinært bruttobudsjettert statleg forvaltningsorgan underlagt Kunnskapsdepartementet. Vi har eit overordna ansvar for at utdanningspolitikken blir sett i verk i barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring, slik at barn, ungdom og vaksne får eit likeverdig tilbod av høg kvalitet.

Kunnskapsdepartementet har fastsett fem brukareffektmål for direktoratet:

- Mål 1: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagestyresmakter ser til at barn og unge utviklar seg, lærer og trivst i barnehagar, skular og lærebedrifter.

- Mål 2: Barnehageeigarar og skoleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge.
- Mål 3: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagestyresmakter forstår, formidlar og etterlever regelverket.
- Mål 4: Barnehageeigarar og skoleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av barnehagane og skulane og overfor lærebedriftene.
- Mål 5: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagestyresmakter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative oppgåver.

Desse måla rettar seg mot dei som har ansvar for tilbodet til barn og unge i barnehagar, skolar og lærebedrifter.

For å sikre eit systematisk arbeid med å oppfylle måla og ei langsiktig utvikling for Utdanningsdirektoratet, har vi utarbeidd ein eigen verksemdsstrategi. Strategien inneheld kjenneteikn på korleis vi løyser oppgåvene våre, og prioriterte område for strategiperioden 2018–2021.

| Kjenneteikn på oppgåveløysinga vår og leveransane våre | Prioriterte innsatsområde i strategiperioden |
|---|---|
| Digitalt | Utsette barn og unge |
| • Vi vidareutviklar den digitale kompetansen vår.<br>• Vi utnyttar moglegheitene i teknologien.<br>• Vi er ein pådrivar for digitale løysingar og forenkling. | • Vi prioriterer og vidareutviklar verkemidla våre slik at alle barn og unge utviklar potensialet sitt.<br>• Vi samarbeider for å gi utsette barn og unge eit heilskapleg tilbod. |
| Brukarretta | Fagfornyinga |
| • Vi byrjar med det reelle behovet og dei reelle utfordringane til brukarane, ikkje med løysinga.<br>• Vi lyttar, lærer og endrar undervegs.<br>• Vi bruker eit tydeleg og enkelt språk. | • Vi sørgjer for at læreplanverket blir eit godt og tydeleg verktøy for det pedagogiske arbeidet på alle nivå i skolen, og vi støttar forståing og bruk av læreplanverket.<br>• Vi sørgjer for at fagfornyinga gir fag med relevant innhald, og at ho gir tydelege prioriteringar, god progresjon og god samanheng mellom fag. |
| Samordna | Betre og meir effektiv måloppnåing |
| • Vi ser verkemiddel i samanheng og samarbeider mellom styringsnivå og på tvers av sektorgrenser.<br>• Vi jobbar tverrfagleg, lærer av kvarandre og er opne for andre sine perspektiv.<br>• Vi jobbar ope slik at det er lett å dele og samarbeide internt. | • Vi tilpassar innsats, oppgåver og arbeidsprosessar ut frå ei heilskapleg prioritering.<br>• Vi sikrar rett kompetanse og vidareutvikling av leiarane og medarbeidarane våre. |

## Verkemiddel og tenesteområde

Utdanningsdirektoratet er eit styringsorgan. Vi skal forvalte statlege juridiske og økonomiske styringsverkemiddel og vi skal analysere og vurdere tilstanden og utviklinga i sektorane på grunnlag av dokumentasjon. I tillegg skal vi foreslå tiltak og vere eit utviklingsorgan som støttar, rettleier og påverkar sektorane gjennom informasjon, strategiar og ulike tiltak.

Dette dreier seg i hovudsak om

- å utvikle og forvalte ramme- og læreplanar
- å forvalte regelverket på barnehage- og opplæringsområdet
- å forvalte tilskotsordningar for barnehagen og grunnopplæringa
- å ha den overordna nasjonale, faglege styresmakta for tilsynsarbeid som følgjer av lover og forskrifter for sektorane
- å føre tilsyn med dei frittståande skulane
- å behandle søknader om godkjenning av nye skular etter friskolelova
- å utvikle og forvalte prøve- og vurderingssystemet
- å behandle søknader om rettferdsvederlag som gjeld grunnopplæringa
- å formidle og utvikle kunnskap om sektoren og å formidle kunnskap til sektoren
- å samarbeide med lærarutdanningane og sørgje for tilbod om kompetanseutvikling for tilsette i barnehage og skole
- å systematisere og gi rettleiing om god praksis for teknologiske løysingar
- å utvikle fellesløysingar og arbeide for nasjonal standardisering

Samtidig skal direktoratet vere eit rådgivande organ for departementet og den politiske leiinga innanfor sektorane. Vi skal bidra til å utarbeide nye og følgje opp gjeldande opptrappingsplanar, strategiar og handlingsplanar.

## Samarbeid med andre aktørar

Det er fleire aktørar som har ansvaret for å realisere måla i utdanningssektoren. Departementet har fastsett sektormål som seier kva dei ulike aktørane skal få til i fellesskap.

Sektormåla for barnehagen er

- at alle skal ha eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø
- at barn som treng hjelp, skal få det tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt
- at dei tilsette i kunnskapssektoren skal ha høg kompetanse
- at alle skal ha god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet

Sektormåla for grunnopplæringa er

- at alle skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø
- at barn og unge som treng hjelp, skal få det tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt
- at dei tilsette i kunnskapssektoren skal ha høg kompetanse
- at alle skal lykkast i opplæringa og utdanninga

Det overordna målbiletet for barnehagen og grunnopplæringa skal danne grunnlag for prioriteringa av faglege mål og temaområde, og for utviklinga av nye tiltak og verkemiddel. Dette stiller også store krav til godt og systematisk samspel på tvers av sektorgrensene. Samarbeidet vårt med dei ulike aktørane i sektorane, både sentralt og lokalt, har derfor høg prioritet og skal gjennomsyre arbeidet vårt.

På leiarnivå er direktoratet ein del av direktørnettverket, der ti direktorat innanfor velferdssektoren er representerte. Formålet med nettverket er mellom anna å bidra til dialog og samarbeid på tvers av sektorgrensene.

I fleire av dei mest sentrale verkemidla våre, som vidareutdanningsordningane og kompetanseordningane, er samarbeidet med UH-sektoren avgjerande for resultatet. Vidare har vi eit utstrekt samarbeid med UH-sektoren i fagfornyinga.

0–24-samarbeidet er eit døme på eit systematisk samarbeid på direktoratnivå. Samarbeidet skal bidra til samordning av tenester slik at alle barn og unge får den støtta og hjelpa dei treng for å meistre sitt eige liv. 0–24 er eit samarbeid mellom Helsedirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Politidirektoratet, Sekretariatet for konfliktråda og Utdanningsdirektoratet.

## Omtale av organisasjonen og leiinga

Utdanningsdirektoratet blir leia av direktør Hege Nilssen. Hovudkontoret er i Oslo, og i tillegg har vi kontor på Hamar, i Tromsø og i Molde.

### Oversikt over årsverk i 2019 (årsgjennomsnitt):

| Kategoriar | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| **Avtalte årsverk** | 358 | 337 |
| **Utførte årsverk** | 329 | 312 |

Fordelinga mellom kontorstadene:

| Kontor | Tal på tilsette 2019 pr. 31.12 | Tal på tilsette pr. 31.12.2020 |
|---|---|---|
| Oslo (hovudkontor) | 291 | 284 |
| Hamar | 19 | 21 |
| Tromsø | 36 | 17 |
| Molde | 23 | 23 |
| Totalt | 369 | 345 |

Utdanningsdirektoratet er delt inn i fem divisjonar med til saman 23 avdelingar. I tillegg har vi ein stab for kommunikasjon.




Kunnskapsdepartementet hadde i 2020 delegert styringa av dei følgjande verksemdene til oss:

- Statsforvaltaren på området til barnehagen og grunnopplæringa
- Sørsamisk kunnskapspark
- Styret for Samisk vidaregåande skole i Karasjok og Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino

## Hovudtala for verksemda

### Overordna tal for prøvar og eksamen

| Tal på sentralt gitte eksamenar | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| Grunnskole | 73 300 | 100 |
| Elevar i vidaregåande opplæring | 152 300 | 2 400 |
| Privatistar i vidaregåande opplæring | 73 200 | 68 200 |

### Kompetanse for kvalitet oppsummert

| Tal på dei som begynte på vidareutdanning | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| Vidareutdanning for lærarar | 6 355 | 5 485 |
| Rektorutdanninga | 450 | 454 |

### Feide

| Tal | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| Innloggingar på Feide | 180 millionar | 219 millionar |

### Bruk av nettsider

| Bruk av nettsider | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| Økter på udir.no | 11,5 millioner | 17,5 millioner |

### Bruk av sosiale medium

| Bruk av sosiale medium | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| Tal på følgjarar på Facebook | 42 400 | 48 140 |
| Tal på følgjarar på Twitter | 22 200 | 21 016 |
| Talet på medlemmer i Facebook-gruppe om nye læreplanar (starta i nov. 2019) | 6 400 | 21 302 |

### Overordna tal for tilsyn og klagesaker

| Tal | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| Opna tilsyn med private skular | 43 | 18 |
| Førebels tilsynsrapport private skolar (varsel om vedtak) | 48 | 32 |
| Klager på 9A (skolemiljø) | 22 | 16 |
| Avvisingssaker 9A | - | 8 |
| Dispensasjon frå kravet om vurdering med karakter i framandspråk | 5 | 8 |

### Utgivingar

| Utgivingar på nettsidene våre | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| Publiserte forskings-, evaluerings- og kartleggingsrapportar | 40 | 49 |

## Nøkkeltal frå årsrekneskapen til Utdanningsdirektoratet

| Nøkkeltal frå årsrekneskapen | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| Antall utførte årsverk | 329 | 312 |
| Samla tildeling post 01-99 i kr 1 000 | 14 777 396 | 13 225 099 |
| Utnyttingsgrad post 01-29 i prosent | 97,10 % | 95,% |
| Driftsutgifter i kr 1 000 | 1 029 449 | 972 006 |
| Lønnsdelen av driftsutgifter i prosent | 34,50 % | 31,9% |
| Lønnsutgifter per årsverk i kr 1 000 | 1 080 | 995 |
| Lønnsutgifter per årsverk i kr 1 000 – ekskl. honorar, styre, råd og utval | 933 | 917 |
| Konsulentandel av driftsutgifter i prosent | 18,% | 26,7% |

Nærare 9 milliardar kroner av tildelinga som direktoratet gjorde i 2020, gjekk til ulike tilskotsordningar. Dette var tilskot innanfor barnehage, offentleg grunnopplæring, friskolefeltet og folkehøgskular, i tillegg til nokon andre formål. Som det kjem fram av diagrammet under, består tilskotsforvaltninga av cirka 67 prosent av ressursane til Utdanningsdirektoratet. Den største enkeltsatsinga utover dette er vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar.




## Del III Aktivitetane og resultata for året

Her vil vi omtale status og bidrag for å nå dei overordna sektormåla. Deretter vil vi omtale bidraga våre i 2020 for å nå dei fem brukareffektmåla. I tillegg til dei prioriterte innsatsane dette året har direktoratet ei rekkje faste oppgåver i verksemds- og økonomiinstruksen som over tid bidreg til måloppnåinga.

### Sektormål

Vi har primært omtalt bidraga og vurderingane våre under brukareffektmåla, men i det følgjande vil vi gi ein kort status for måloppnåinga og vise til korleis vi vurderer at brukareffektmåla våre bidreg til å støtte opp om sektormåla.

#### Spesielt om covid-19

Sidan mars 2020 har barnehagar og skolar vore prega av ulike smitteverntiltak som følgje av covid-19. Barnehagar og skoler var heilt stengde frå 13. mars til 11. mai 2020. Til gjenopninga vart det utvikla smittevernrettleiarar som skulle hjelpe barnehagane og skolene til å handtere situasjonen. I løpet av våren og hausten har det generelt sett vore «gult nivå» som har vore gjeldande for sektorane.

Kunnskapsgrunnlaget viser at elevane i Noreg stort sett har tilgang på utstyr for å gjere skolearbeid heime og få opplæring digitalt. Samtidig ser vi ei rekkje utfordringar med å kunne gi eit likeverdig tilbod, halde oppe god kvalitet på undervisninga og å sikre eit godt sosialt miljø for elevane.

Etter gjenopninga av barnehagane og skolene har fråværet blant barn, elevar og tilsette vore høgare enn normalt, mellom anna som ein del av det førebyggjande smittevernarbeidet. Vi veit ikkje i dag kva betydning mykje korttidsfråvær har for opplæringstilbodet og læringa til barn og unge.

Det er framleis mykje vi ikkje veit om korleis koronapandemien har prega barnehage, grunnopplæring og vidaregåande opplæring dette året. Det er sett i gang fleire forskingsprosjekt som ser på både korleis koronasituasjonen har vorte handtert, og kva konsekvensar pandemien har hatt for barn og unge.

## Sektormål for barnehagen

- alle skal ha eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø.
- barn som treng hjelp, skal få det tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- dei tilsette i kunnskapssektoren skal ha høg kompetanse.
- alle skal ha god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.

Barnehagen er ein del utdanningssystemet, og ein viktig arena for den allsidige utviklinga til barn gjennom omsorg, leik og læring (rammeplanen). Barnehageeigarane og alle som arbeider i barnehagen, skal saman bidra av til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i erfaringane sine og kompetansen sin.

Barnehagane skal vere tilgjengelege for alle barn, og ulike moderasjonsordningar legg til rette for at alle barn skal ha moglegheit til å gå i barnehage. I dag går 9 av 10 barn i barnehagealder i barnehage. 272 264 barn gjekk i barnehage ved utgangen av 2020. Den delen av barnekulla som går i barnehage, aukar jo eldre barna blir.

Dei siste ti åra har det vorte nesten dobbelt så mange minoritetsspråklege barn i barnehage. I alt er 19 prosent av barna i barnehagen minoritetsspråklege. Auken i talet på minoritetsspråklege barn som går i barnehage, kjem først og fremst av at det har vorte fleire innvandrarar i befolkninga, men andelen minoritetsspråklege barn som går i barnehagen, har også vorte større. 84 prosent av barn i alderen 1–5 år med innvandrarbakgrunn gjekk i barnehage i 2019, ein auke på 6 prosentpoeng sidan 2015.

Det har vore ei betydeleg forbetring av bemanningstettleiken på nasjonalt nivå etter at norma for grunnbemanning (bemanningsnorma) tredde i kraft 1. august 2019. Heile 99 prosent av barnehagane oppfylte norma per 15. desember 2020.

68,8 prosent av barnehagane oppfylte norma for pedagogisk bemanning (pedagognorma) i 2020, dette er ein auke på 4,8 prosent frå 2019. 7 prosent av barnehagane oppfylte ikkje pedagognorma i 2020. 24,2 prosent av barnehagane oppfylte pedagognorma med dispensasjon. Det vil seie at dei har nok pedagogiske leiarar, men at ein eller fleire av desse ikkje er barnehagelærarar.

I 2020 hadde 9 255 barn vedtak om spesialpedagogisk hjelp, noko som svarer til 3,4 prosent av barna i

barnehagen. Det har vore ein svak, men jamn auke i andelen barn som får spesialpedagogisk hjelp dei siste fem åra. I tillegg til barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp går det 4 673 barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen. Dei aller fleste barnehagane har rutinar for å vurdere norskkunnskapane til barna, særleg før skolestart.

Ifølgje rammeplanen skal barnehagen fremje eit inkluderande og stimulerande miljø der alle barn opplever å bli sette og kan delta i leik. Barnehagen har mellom anna ansvar for å førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster (rammeplanen for barnehagen). I ei kartlegging frå 2019 vurderer styrarane kompetansen til dei tilsette til å førebyggje, stoppe og følgje opp mobbing og andre krenkingar i barnehagen betrakteleg meir positivt enn dei gjorde i 2017.

Foreldre er i all hovudsak fornøgde med barnehagetilbodet, og tilfredsheita har endra seg lite dei siste fire åra, viser foreldreundersøkinga i barnehagen. 93 prosent er svært eller ganske fornøgde med barnehagetilbodet totalt sett, viser tala for 2020. Koronasituasjonen ser ikkje ut til å påverke tilfredsheita mykje, men foreldre er litt meir fornøgde med hygienen i barnehagen no enn tidlegare år.

Kompetanseheving gjennom vidareutdanning og barnehagebaserte kompetansetiltak bidreg til kvalitet i barnehagesektoren. Dette vurderer vi som viktige bidrag til alle sektormåla, og det er omtalt nærare under brukareffektmål 2 og 5. Vi følgjer også opp bemannings- og pedagognormene, mellom anna gjennom rapportering og evaluering. Under brukareffektmål 1 viser vi korleis vi støttar implementeringa av rammeplanen for barnehagen, og under brukareffektmål 4 viser vi korleis vi legg til rette for ei kunnskapsbasert utvikling av barnehagesektoren.

*Kjelde: utdrag frå Utdanningsspeilet 2020*

## Sektormål for grunnopplæringa

- alle skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- barn og unge som treng hjelp, skal få det tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- dei tilsette i kunnskapssektoren skal ha høg kompetanse.
- alle skal lykkast i opplæringa og utdanninga.

Det er rett og plikt til tiårig grunnskoleopplæring i Noreg, og kvar haust startar i overkant av 60 000 barn i førsteklasse. Tendensen går mot færre og større skoler, men geografiske forhold gjer at det framleis er mange små skoler.

Som følgje av norma for lærartettleik (lærarnorma) og auka løyvingar har det vorte færre elevar per lærar dei siste åra på dei lågare trinna. I dag jobbar det nærare 70 000 lærarar i offentlege og private grunnskular. Det er 3 600 fleire lærarar i grunnskolen no enn det var i 2014, etter fleire år med ulike satsingar for å auke lærartettleiken. Det er 15,7 elevar per lærar samla for 1.–10. trinn hausten 2020.

Nesten 8 prosent av elevane i grunnskolen har spesialundervisning, og prosentdelen aukar oppover på barnetrinnet. Andelen som får spesialundervisning i den ordinære klassen, har auka markant dei siste åra og utgjer no nesten halvparten av elevane med spesialundervisning. I alt får 10 prosent av gutane og 5 prosent av jentene spesialundervisning. Denne fordelinga har vore ganske stabil over tid.

Andelen elevar som får spesialundervisning, aukar gjennom skoleløpet. På 1. trinn får 3,5 prosent av elevane spesialundervisning, medan andelen på 7. trinn er 10 prosent, altså nesten tre gonger så mykje. Dette mønsteret har halde seg over tid.

6,3 prosent av elevane i grunnskolen har særskild norskopplæring, og andelen er høgast på dei lågaste trinna i grunnskolen, altså det motsette av det som gjeld for spesialundervisning.
Blant lærarane med godkjend lærarutdanning er det mange som ikkje oppfyller kompetansekrava for faga dei underviser i. Andelen er størst i engelsk, medan han er lågast i norsk. Andelen lærarar som oppfyller kompetansekrava for undervisning, har auka jamt sidan 2015/2016. Auken har vore størst på ungdomstrinnet. Frå 2015 til 2020 har om lag 21 000 grunnskolelærarar fått tilbod om vidareutdanning i faga med kompetansekrav.

Elevane i grunnskolen har fått betre karakterar dei siste åra. Talet på grunnskolepoeng har aldri vore høgare enn i 2020. I 2020 er grunnskolepoenga likevel berekna berre basert på standpunktkarakterar fordi eksamen vart avlyst. Til vanleg blir dei rekna ut basert på både eksamen og standpunkt. Jenter har litt betre karakter etter 10. trinn enn gutar.

I Noreg har alle rett til vidaregåande opplæring etter fullført grunnskole, ein rett dei fleste i dag også nyttar seg av. I alt deltek 93 prosent av alle 16–18-åringar i vidaregåande opplæring. 98 prosent av elevane som fullførte grunnskolen i 2019, gjekk rett over i vidaregåande opplæring.

Dei gjennomsnittlege standpunktkarakterane i vidaregåande skole har gått opp i mange fag i 2019/2020. Karakteren i kvart enkelt fag går ikkje opp så mykje, men karaktersnittet har stige i unormalt mange fag på ein gong.

Ifølgje Elevundersøkinga trivst fleirtalet av elevane – 88 prosent – godt eller svært godt på skolen Desse resultata omfattar elevar frå 5. trinn til vg3. Trivselen er nokså stabil fram til ungdomsskolen, der han søkk litt. Samtidig viser undersøkinga ein tendens til at elevane har vorte mindre motiverte frå 2016 til 2019, særleg på 5. trinn.

5,8 prosent av elevane svarte i Elevundersøkinga 2020 at dei har opplevd å bli mobba, anten av andre elevar på skolen eller digitalt, eller av vaksne på skolen. I 2019 var den tilsvarande andelen 6 prosent. Vidare svarer 4,5 prosent av elevane at dei blir mobba av medelevar, medan 1,2 prosent svarer at dei blir mobba av vaksne på skolen.

Kravet om aktivitetsplikt har gitt skolen ei tydelegare plikt til å sikre at alle elevar har eit trygt og godt skolemiljø. 85 prosent av alle skoleeigarar og skoleleiarar meiner dei tilsette i stor eller svært stor grad har god nok kompetanse til å gi elevane eit godt psykososialt skolemiljø, slik dei har rett til. Samtidig tyder

klagesaker og tal i Elevundersøkinga på at det trengst kompetanseutvikling.

4 av 5 elevar fullfører og består vidaregåande opplæring innan to år etter normert tid. Det er den høgaste andelen nokon gong. Gjennomføringa er høgare på studieførebuande enn på yrkesfag. Samtidig er 14 prosent av alle unge mellom 16 og 25 år utan og utanfor vidaregåande opplæring. Resultat frå grunnskolen er den viktigaste enkeltfaktoren som kan predikere om elevar vil gjennomføre vidaregåande opplæring.

82 prosent av jentene fullfører vidaregåande opplæring innan to år etter normert tid, medan talet hos gutane er 74 prosent. Elevar med innvandrarbakgrunn fullfører vidaregåande opplæring i mindre grad enn andre elevar.

Utdanningsdirektoratet følgjer utviklinga for grunnopplæringa tett og har ei rekkje sentrale verkemiddel for å byggje opp under måloppnåinga på sektormåla. Læringsmiljøet til elevane blir nærare omtalt under brukareffektmål 1. Verkemiddel for å støtte skolene i arbeidet med å finne eigne tiltak omtaler vi under brukareffektmål 3. Også under brukareffektmål 2 omtaler vi ei rekkje kompetansetiltak som har som mål å styrkje læringsmiljøet.

Kompetansetiltak som vidareutdanningsordningane og dei skolebaserte tiltaka er store satsingar som er knytte til kompetansen dei tilsette har. Desse er skildra nærare under brukareffektmål 2. Tiltak som skal styrkje forståinga og etterlevinga av regelverket, og tiltak som skal auke medvitet og kompetansen i analysearbeid er skildra i høvesvis brukareffektmål 3 og 4. Kompetansehevinga knytt til opplæring i digital kompetanse og utviklinga av ein profesjonsfagleg digital kompetanse er omtalte under brukareffektmål 5. Her omtaler vi også utviklinga av digitale fellesløysingar og gir ei vurdering av den digitale tilstanden.

Under brukareffektmål 1 omtaler vi det vidare arbeidet med fagfornyinga og utviklinga av prøve- og eksamensfeltet. Under brukareffektmål 4 viser vi korleis vi legg til rette for å utvikle skolesektoren på ein kunnskapsbasert måte.

*Kjelde: utdrag frå Utdanningsspeilet 2020*

## Brukareffektmål

Vi vil her omtale måloppnåinga innanfor kvart av dei fem brukareffektmåla og vurdere korleis vi har innretta verkemidla våre og ressursbruken vår. Fleire av innsatsane frå direktoratet bidreg til måloppnåinga fleire stader. I hovudsak omtaler vi desse innsatsane éin stad.

Rolla til direktoratet er todelt. Verkemidla våre og verkemiddelbruken vår er retta mot sektorane våre, og mykje av dette er omtalt her. Samtidig har vi ei rådgivande rolle overfor departementet og den politiske leiinga. I dette arbeidet bidreg vi med faglege vurderingar gjennom utgreiingar, i utviklinga og formidlinga av kunnskap og kunnskapsgrunnlag, gjennom innspel til statsbudsjettprosessane og som forvaltar av tilskota til sektorane.

### Mål 1: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagestyresmakter tek seg av utviklinga, læringa og trivselen til barn og unge i barnehagar, skoler og lærebedrifter

Skolen skal bidra til at elevane utviklar kunnskap, grunnleggjande ferdigheiter og haldningar slik at dei meistrar livet og kan delta i arbeid og fellesskap. Korleis smitteverntiltaka som er sette i verk for å handtere koronapandemien, har verka inn på utviklinga, læringa og trivselen til barn og unge, kan vi ikkje seie sikkert endå. Betydninga av barnehagar og skoler som ein viktig arena i livet til barn og unge er derimot godt dokumentert. I 2020 såg vi at standpunktkarakterane til elevane gjekk opp, men vi såg ikkje tilsvarande endringar i resultata frå nasjonale prøver. Samtidig seier mange skoler at dei har vike av ifrå fag- og timefordelinga i tråd med det mellombelse regelverket, og mange melder om at det er krevjande å gi eit godt tilbod under pandemien. Frå direktoratet si side har det vore eit prioritert område å understreke betydninga av barnehagen og skolen som ein arena for barn og unge.

Hausten 2020 tok grunnskolen og første trinn i vidaregåande opplæring i bruk eit nytt læreplanverk, LK20 og LK20S (samisk). Arbeidet med dei nye læreplanane skapte mykje engasjement i sektoren, og den første delrapporten frå evalueringa viste også at ein lykkast med strategien om å involvere ulike aktørar i utforminga av læreplanverket. Rapporten peika på at prosessen har ført til involvering også utanfor dei formelle gruppene i eit omfang vi ikkje har sett ved tidlegare reformer. Læreplanutviklinga har slik sett vore ein del av implementeringa av læreplanane. Tilbakemeldingane frå mellom anna partane i strategien og statsforvaltarane er likevel at pandemien har ført til at utviklingsarbeidet til skolene med dei nye læreplanane har stoppa litt opp mange stader.

Med nytt innhald i læreplanane må også vurderingsordningane justerast. Vi har vore sekretariat for eksamensgruppa som leverte sluttrapporten sin våren 2020. I arbeidet med nye eksamensoppgåver har vi lagt vekt på å gjere kunnskapsbaserte endringar t.d. ved å prøve ut eksamensoppgåver med elevar og få tilbakemeldingar frå sektoren undervegs. Pandemien har gjort det krevjande å forankre endringane tilstrekkeleg i sektoren, vi vil derfor leggje ekstra vekt på dette i det vidare arbeidet med utvikling av eksamen.

Alle barn og unge har rett til eit inkluderande barnehage- og skolemiljø. Fleire undersøkingar om skolemiljø viser ei svak positiv utvikling dei siste åra, og dei fleste elevar trivst godt i norsk skole. Samtidig veit vi at mange elevar har hatt det vanskeleg i 2020. Dei har opplevd lange periodar med tap av sosial tilhøyrsel, og mange har følt seg einsame og mindre motiverte for skolearbeidet. Samtidig er det også elevar som var letta over å ha heimeskole fordi dei då slapp unna vanskelege sosiale forhold på skolen, som mobbing eller konfliktar. Tal frå Elevundersøkinga for 2020 viser ein svak nedgang i mobbing samanlikna med 2019. Samtidig har andelen elevar som blir mobba digitalt, vakse.

### Utvikling i dei grunnleggjande evnene og den faglege kompetansen til elevane

Det er viktig både for den enkelte og for samfunnet at alle barn og unge lykkast i opplæring og i utdanning.

Hausten 2020 gjennomførte vi nasjonale prøver, og analysar av resultata viste ingen store endringar nasjonalt i gjennomsnittlege resultat. Til liks med resultata frå tidlegare år presterte jentene og gutane ganske jamt i engelsk, medan gutane presterte litt betre enn jentene i rekning og jentene litt betre enn gutane i lesing. Vi ser også at gutane presterte noko svakare i 2020 samanlikna med i fjor på alle prøvene, medan jentene presterte noko svakare i lesing og noko betre i engelsk. Andelen jenter på høgaste meistringsnivå i engelsk har vakse jamt sidan 2016. Statistisk sentralbyrå (2020) finn at resultata frå nasjonale prøver i stor grad viser dei same forskjellane som for tidlegare år mellom elevar med ulik innvandrarbakgrunn og mellom elevar med foreldre med ulikt utdanningsnivå[1].

I 2020 vart resultata frå Trends in Mathematics and Science Study (TIMSS) 2019 offentleggjorde. Studien måler kompetansen til elevar i matematikk og naturfag og gir nyttig kunnskap om korleis skolen bidreg til læringa til elevar. i matematikk og naturfag. Undersøkinga viser at norske elevar på barnetrinnet oppnår svært gode resultat i realfag. På ungdomstrinnet gjer norske elevar det middels godt, men det har vore ein nedgang både i matematikk og naturfag samanlikna med førre gong undersøkinga vart gjennomført, i 2015.

Dei siste åra har gjennomsnittlege standpunktkarakterar i vidaregåande opplæring gått opp. For skoleåret 2019/2020 steig gjennomsnittskarakteren i 41 av 46 fellesfag som har 50 elevar eller meir. Til samanlikning gjaldt det høvesvis 18 og 15 av dei same faga dei to tidlegare åra. Det er nærliggjande å tenkje at endra rammevilkår for opplæring og standpunktvurdering i samband med koronapandemien kan ha hatt betydning for auken, sjølv om årsaka er vanskeleg å slå fast. Fleire veker med heimeskole, digital undervisning, avlyst eksamen og meir tid til standpunktvurdering er døme på slike vilkår.

Også talet på grunnskolepoeng har stige, og for skoleåret 2019/2020 var gjennomsnittlege grunnskolepoeng per elev 43,2. Dette er ein auke på 1,2 poeng samanlikna med året før. Sidan eksamen vart avlyst våren 2020, inneheld karakterstatistikken berre standpunktkarakterar, og grunnskolepoenga er rekna ut basert på desse. Dette, i tillegg til at fristen for fastsetjing av standpunktkarakter vart utsett, og at avslutninga av skoleåret var sterkt prega av pandemien, kan ha medverka til at tala for dette året skil seg frå tala for tidlegare år.

Då skolene stengde i mars 2020 i samband med koronapandemien, oppmoda vi dei til å strekkje seg så langt som mogleg for å gi eit best mogleg tilbod trass i omveltinga som pandemien førte til. Vi fekk raskt på plass eit mellombels regelverk som bidrog til å skape føreseielegheit i forventningane våre til skoleeigarane. Til dømes vart det opna for å vike av frå fag- og timefordelinga for skoleåret 2019/2020. 60 prosent av grunnskolene seier at dei har måtta vike av frå fag- og timefordelinga i nokre fag etter opning[2] . Det er rimeleg å gå ut ifrå at slike unntak kan ha fått konsekvensar for læringa til elevane, men dette har vi førebels ikkje oversikt over. Sidan utviklinga når det gjeld nasjonale prøver, ikkje viser same oppgangen som i standpunktkarakterar og grunnskolepoeng, gir heller ikkje desse tala noko tydeleg svar på kva betydning den digitale undervisninga i vår har hatt for læringa til elevane.

## Avlagde fag- og sveinneprøver

Over fleire år har vi sett ei positiv utvikling i talet på fag- og sveinebrev. Våren 2020 vart det likevel avlagt færre prøver enn vanleg, og førebelse tal viser at det i mars og april vart halde i underkant av 1700 fag- og

sveineprøver. Det er under halvparten så mange som i tilsvarande periode i 2019. I juni og juli vart det likevel avlagt over 1000 fleire prøver enn i fjor. Dette kan tyde på at ein del av dei kandidatane som på grunn av koronapandemien ikkje fekk avlagt prøva i mars eller april, har teke ho i løpet av sommaren.

Tilbakemeldingar frå fleire fylkeskommunar tyder også på at opplæringskontora, bedriftene og prøvenemdene har strekt seg langt for å leggje til rette for at permitterte lærlingar som skulle gå opp til fag- eller sveineprøve denne våren, har fått avlagt prøva sjølv om dei har vore permitterte. Styresmaktene gav også unntak frå enkelte krav til gjennomføringa av fag- og sveineprøver frå 30. april 2020 for å leggje til rette for at fleire lærlingar skulle få ta prøva[3].

## Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Å få fleire til å gjennomføre vidaregåande opplæring har vore eit prioritert område over tid. Utan fullført og greidd vidaregåande opplæring risikerer unge å få problem med å etablere ei stabil tilknyting til arbeidslivet. Det er derfor viktig at vi held fram med tidleg og målretta innsats overfor denne gruppa. Målet til regjeringa er at ni av ti gjennomfører vidaregåande opplæring innan 2030.

Dei seinare åra har vi sett ei god utvikling, og aldri før har fleire fullført og greidd vidaregåande opplæring. 78,1 prosent% av elevane som byrja på vg1 i 2013, gjennomførte med studie- eller yrkeskompetanse innan 5–6 år[4].

Resultat frå grunnskolen er den viktigaste enkeltfaktoren når det gjeld å føresjå kven som ikkje gjennomfører vidaregåande opplæring, i tillegg til engasjement og oppleving av tilhøyrsel.

Andelen som fullfører og står, er over 84 prosent for alle dei tre studieførebuande utdanningsprogramma, medan det er større variasjonar mellom dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Dei store forskjellane mellom dei studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogramma heng mellom anna saman med at elevar som vel studieførebuande, i gjennomsnitt har betre resultat frå grunnskolen enn dei som vel yrkesfag. Det er også store forskjellar mellom utdanningsprogramma på yrkesfag. For dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er ytterpunkta ein fullføringsprosent på 49,1 på restaurant- og matfag og 75,9 på elektro og datateknologi.

I 2020 har Udir vore med på å revidere indikatoren for gjennomføring av vidaregåande opplæring. Tidlegare viste statistikken gjennomføring i løpet av fem år. Sidan yrkesfaga hovudsakleg har eitt år lengre utdanningsløp, er måletidspunktet for yrkesfaga flytta til seks år. Dette gir eit rettare bilete av forholdet mellom studieførebuande og yrkesfag, og det er meir i tråd med korleis gjennomføring blir målt internasjonalt.

Oppfølginga av Meld. St. 6 (2019–2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO, og nye læreplanar som mellom anna legg vekt på progresjon, kan bidra til at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring.

## Læreplanverket for Kunnskapsløftet – 2020 og 2020S

Arbeidet med fagfornyinga er eit sentralt innsatsområde for å bidra til betre læring og kompetanse i fag for elevar og lærlingar, i tillegg til å ta vare på verdiane og breidda i formålet med opplæringa. I 2020 har Udir halde fram arbeidet med å utvikle læreplanar for programfaga i vidaregåande opplæring. Udir har også ferdigstilt og vidareutvikla tiltak for å støtte innføringa av fagfornyinga.

### Utvikling av nye læreplanar for programfag i videregåande opplæring (VGO)– Fagfornyinga for studieførebuande utdanningsprogram

Fagfornyinga for studieførebuande utdanningsprogram starta i februar 2019. 19 nye læreplanar som vart innførte hausten 2020, vart fastsette og publiserte i april same år. Desse fordeler seg på utdanningsprogramma idrett, kunst, design og arkitektur, medium og kommunikasjon og musikk, dans og drama.

49 nye læreplanar som gjeld for vg2 og vg3, blir fastsette våren 2021. Dette gjeld læreplanar frå utdanningsprogramma kunst, design og arkitektur (5 læreplanar), medium og kommunikasjon (6 læreplanar), musikk, dans og drama (14 læreplanar) og studiespesialisering (24 læreplanar).

I arbeidet med fagfornyinga på studieførebuande har vi ønskt å gjennomføre opne og involverande prosessar. Utforming av læreplanar skjer derfor i ein prosess som ber preg av brei involvering med breitt samansette læreplangrupper som mellom anna har fagpersonar frå vidaregåande skoler og universitet og høgskoler og representantar frå organisasjonar og fylkeskommunar. Det har også vore gjennomført to innspelsrundar der alle som vil, har fått komme med tilbakemeldingar på læreplanutkasta. I tillegg har læreplanane vore på offentleg høyring. Alle innspela har vore behandla undervegs og har til saman bidrege til å auke kvaliteten på læreplanane. Vi har hatt eit tett samarbeid med Sametinget i arbeidet.

Situasjonen rundt covid-19 har ført til at vi har måtta flytte arbeidet med utvikling av læreplanane til digitale flater og vi har gjennomført éi stor fellessamling og også mindre samlingar digitalt. Situasjonen rundt covid-19 kan også ha påverka deltakinga i høyringa.

Det har i arbeidet med læreplanar på studieførebuande vore retta særleg merksemd mot samanhengen mellom fellesfaga og programfaga som saman skal bidra til progresjon og til at elevane blir førebudde til høgare utdanning. Programfaga byggjer i stor grad på fellesfaga, og dette krev eit heilskapsperspektiv i utviklinga av læreplanane. Vi vil følgje med på læreplanane i bruk for å kunne vurdere om intensjonane er oppnådde.

## Fagfornyinga for yrkesfaglege utdanningsprogram

Fagfornyinga for yrkesfag vart igangsett i 2018. Måla for dette arbeidet er å bidra til auka rekruttering til yrkesfaga, auka gjennomføring og auka verdsetjing av kompetansen i arbeidslivet. For å oppnå desse måla arbeider vi for at læreplanane skal få eit meir relevant og framtidsretta innhald gjennom tett samarbeid med partane i arbeidslivet gjennom faglege råd for utdanningsprogramma og Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY).

Våren 2020 vart dei ti læreplanane for vg1 fastsette og publiserte. Det vart også fastsett namn på dei fire nye utdanningsprogramma: frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign, handverk, design og produktutvikling, informasjonsteknologi og medieproduksjon og sal, service og reiseliv. I tillegg vart det fastsett nye namn for utdanningsprogramma for elektrofag og teknikk og industriell produksjon. Dei nye namna er elektro og datateknologi og teknologi- og industrifag. Namna skal spegle det faglege innhaldet i utdanningsprogrammet og skal kommunisere godt til skoler, elevar og arbeidsliv.

I 2020 har vi halde fram med å utforme 259 læreplanar for vg2 og vg3. Dette omfattar 53 programområde på vg2, 19 særløpsfag og 176 lærefag og yrkeskompetanseløp. Læreplanane for åtte av ti utdanningsprogram var på offentleg høyring hausten 2020. Læreplanar for vg3 i utdanningsprogramma elektro og datateknologi og teknologi- og industrifag blir sende på høyring i januar 2021. På grunn av koronarelaterte utfordringar og i samråd med faglege råd for desse to utdanningsprogramma vart det vedteke at vg3 ikkje kunne følgje fastsette framdriftsplan saman med resten av dei åtte utdanningsprogramma. For å sikre ei forsvarleg framdrift og for å kunne leggje til rette for at faglege råd skal ha avgjerande innverknad på det faglege innhaldet i læreplanane, vart det vedteke at læreplanane skulle sendast på høyring i januar 2021.

Vi meiner vi har fått gode innspel på læreplanane for vg2, vg3 og særløp, og at innspelsrunde og høyring har bidrege til å vidareutvikle og kvalitetssikre innhaldet. Læreplanar for programområde på vg2 og særløpsfag er planlagde fastsette og lanserte i februar 2021, medan læreplanar på vg3 vil fastsetjast og lanserast puljevis våren 2021.

Sametinget fastset læreplanar for særskilde samiske fag i vidaregåande opplæring. For vg2 og vg3 på yrkesfag gjeld dette for åtte læreplanar. Sametinget fastset også det samiske innhaldet i faga innanfor rammer som er fastsette av Kunnskapsdepartementet, jf. opplæringslova § 6-4. Før fastsetjing har Sametinget gjennomgått og gitt innspel til alle læreplanane for å sikre at samisk innhald, anten implisitt eller eksplisitt, inngår der det er aktuelt. Vi opplever at samarbeidet med Sametinget er konstruktivt og godt.

Retningslinjer for samarbeid – SRY, faglege råd og Udir framhevar at dei faglege råda har avgjerande innverknad på det faglege innhaldet i læreplanar på vg3. Dette gjeld også for læreplanar i særløpsfag, der elevane teiknar lærekontrakt etter eitt års opplæring i skole. Det har derfor vore særleg viktig å skape gode samarbeidsarenaer og rutinar for handtering av spørsmål knytt til det faglege innhaldet i læreplanane. Mellom anna er det oppretta eit digitalt forum for arbeidsutvala i dei faglege råda der problemstillingar i samband med læreplanutviklinga blir drøfta saman med leiarar og medarbeidarar i Udir. Det er også i samarbeid med partane i arbeidslivet nedfelt ein rutine for oppfølging av spørsmål knytt til det faglege innhaldet i læreplanar på vg3. Det er oppfatninga vår at denne rutinen bidreg til å skape føreseielegheit og tryggleik i samarbeidet for at eventuell usemje blir handtert systematisk og løyst i dei eksisterande strukturane.

På grunn av koronasituasjonen har det ikkje vore mogleg å gjennomføre fysiske høyringskonferansar for vg2 og vg3. For å kompensere for dette utvikla vi nettbasert støttemateriell til høyringa og ein motivasjonsfilm med bidrag frå representantar frå faglege råd. Filmen vart godt motteken av partane i arbeidslivet og vart

aktivt delt vidare til dei ulike bransjane og fagmiljøa. Vidare vart det gjennomført ei rekkje digitale møte med dei faglege råda for å drøfte ulike problemstillingar som har med tilbodsstruktur og læreplanar å gjere. Erfaringane frå dei digitale møta er svært gode.

### Innføring av nytt læreplanverk hausten 2020 – prioritering av fagfornyinga i pandemisituasjonen

Mange skoleeigarar og skoler har jobba med å førebu innføringa av eit nytt læreplanverk over lengre tid. Likevel var 2020 eit sentralt år for arbeidet til skolene med å setje seg inn i nye læreplanar for fag og planleggje og drøfte korleis dei skal ta dei i bruk i praksis. Statsforvaltarane, partane i strategien for fagfornyinga og fylkeskommunane gir tilbakemeldingar om at det er krevjande for skolesektoren å innføre nye læreplanar samtidig med at ein skal handtere smittevernsituasjonen. Mange skoleeigarar og skoler har måtta endre planlagde utviklingsaktivitetar, og særleg på skolenivå har det vore krevjande å finne tid og arenaer til å jobbe systematisk og saman om dei nye læreplanane. Samtidig blir det meldt om at det framleis er stort engasjement for fagfornyinga, og vi ser at støtteressursar som kompetansepakken for innføring av fagfornyinga har høge deltakartal, særleg i grunnskolen. Fleire seier at dei ikkje er urolege for innføringa av fagfornyinga på lengre sikt, sidan dette uansett krev eit utviklingsarbeid over tid. Likevel er ein del urolege for at forskjellar i kapasitet og kompetanse som også er der i ein meir normal situasjon, kan bli forsterka.

I 2020 har Utdanningsdirektoratet sin dialog med aktuelle aktørar i sektoren vore ekstra viktig med tanke på å følgje med på situasjonen. I kommunikasjonen vår har vi lagt vekt på skoleeigaren sitt ansvar for å leggje til rette for at det nye regelverket skal takast i bruk, samtidig som vi viser forståing for at pandemien gir krevjande vilkår for utviklingsarbeidet. Vi har peika på dei moglegheitene som støtteressursane gir, heller enn å utvikle og lansere nye tiltak, noko som kan oppfattast som at vi legg nye forventningar til dei som finst frå før. Vår vurdering er at den spesielle situasjonen ved innføringa av nytt læreplanverk krev at vi framover held fram med å ha tett dialog med statsforvaltarane og andre sentrale aktørar for å peike på behov og vurdere tiltak.

### Støtte til innføring av nytt læreplanverk

I 2020 har vi ferdigstilt og vidareutvikla nasjonale tiltak for å støtte innføringa av fagfornyinga. Støtta består av digitale nettressursar på udir.no, kompetansepakkar og bruk av sosiale medium. Vi ser tiltaka i samanheng med kompetanseordningane og vidareutdanningstiltak.

Vi har lagt vekt på at støtta skal vere ei hjelp for sektoren til å forstå og bruke LK20 og LK20S. Støtta skal understøtte sentrale intensjonar med fagfornyinga. Vidare skal ho bidra til didaktisk refleksjon i profesjonsfellesskapa framfor å gi ferdige løysingar eller gripe for mykje inn i det lokale handlingsrommet. Det skal komme tydeleg fram at støtta er frivillig å bruke.

Føremålet med kompetansepakken for innføring av nytt læreplanverk er å auke læreplanforståinga og kjennskapen til LK20/LK20S. Han er godt kjend i sektoren, med 84 950 påmelde deltakarar per desember 2020, inkludert alle kommunane i landet. Det er lågare deltaking i VGO enn i grunnskolen og vi har planlagt vidareutvikling for VGO i 2021. I 2020 er det også lansert kompetansepakkar fori teknologi, programmering

og algoritmisk tenking og om elevar med stort læringspotensial.

Den digitale læreplanvisninga skal synleggjere samanhengar og stimulere lærarar og instruktørar i bedrifter til å bruke heile læreplanen. I 2020 vart første versjon av eit planleggingsverktøy, integrert i læreplanvisninga, ferdigstilt. Det gir moglegheit for å planleggje undervisning i fag og på tvers av fleire fag i samarbeid med andre lærarar og dele innhald med elevar og foreldre. Mange lærarar har vist interesse for verktøyet, og vi vidareutviklar det på bakgrunn av brukarinnspel og i tråd med formålet.

Vi følgjer med på bruken av støtteressursane for å vurdere om dei fungerer etter intensjonane. Det er viktig for oss å gje tilstrekkeleg støtte og rettleiing som ikkje set grenser for det lokale og faglege handlingsrommet. Den første delrapporten frå Universitetet i Oslo i evalueringa av fagfornyinga peikar på at sjølv om støtteressursar er frivillige å bruke, kan dei bidra til å setje grenser for det lokale handlingsrommet og utøvinga av fagleg skjønn ved å verke styrande på praksis[5] . UiO vil følgje opp problemstillinga i seinare rapportar. Vår vurdering er at dette er ei viktig problemstilling å følgje med på vidare, til dømes når det gjeld korleis den digitale læreplanvisninga blir forstått og brukt. Sjølv om vi legg vekt på å formidle tydeleg forskjellen på kva som er regelverk, og kva som er rettleiande, kan det i praksis verke meir styrande enn intensjonen er.

### Forvaltning av læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 og 2020S

Vi har i 2020 sett i gang eit arbeid med å vidareutvikle ei kunnskaps- og erfaringsbasert læreplanforvaltning. Vi vil spesielt prioritere innhenting og samanstilling av ulike typar kunnskap og erfaringar om korleis læreplanane blir brukte og forståtte. Kunnskapen vil danne grunnlag for å vurdere tilstanden, foreslå tiltak eller justeringar og fange opp eventuelle nye kunnskapsbehov.

Resultat frå dei forskingsbaserte evalueringane av fagfornyinga og fagfornyinga yrkesfag vil gi viktig kunnskap. Det same vil brukarerfaringar og innspel og erfaringar frå organisasjonar og aktørar i utdanningssektoren og frå partane i arbeidslivet gjennom faglege råd og SRY.

Oppfølging av kunnskapsgrunnlaget vil i første rekkje omfatte verkemiddel som støtte og rettleiing, men vi har også ambisjonar om at kunnskapsgrunnlaget kan brukast til å vurdere endringar i innhaldet i forskrifter og struktur, gitt at læreplanane har vore i bruk i noko tid. Korleis dei nye vurderingstekstane i læreplanane for fag fungerer, er eitt døme.

### Tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring

Tilbodsstrukturen er ein del av læreplanverket.
Ny yrkesfagleg tilbodsstruktur vart innført hausten 2020 med læreplanar på vg1, men det stod framleis att oppdrag frå KD om vurdering av namn på nye programområde og lærefag. Forslag til nye namn vart sende på høyring saman med utkast til læreplanar hausten 2020. I tillegg har dei faglege råda i kjølvatnet av fastsetjing av ny tilbodsstruktur meldt inn forslag til endringar og justeringar. Sidan det er naturleg å sjå strukturspørsmål i samanheng med det faglege innhaldet, vart endringsforslaga sende på høyring saman med dei nye læreplanane hausten 2020. Nye namn og endringar i tilbodsstrukturen vart vedtekne i desember

2020. Forslag til endringar i vg3 innanfor utdanningsprogram for elektro og datateknologi og teknologi- og industrifag blir sende på høyring saman med læreplanane i januar 2021. Som nemnt tidlegare kan utsetjing av framdrifta for desse to utdanningsprogramma sjåast i samanheng med situasjonen rundt covid-19.

Tilbodsstrukturen for yrkesfaglege utdanningsprogram er i dynamisk forvaltning, og Udir skal, saman med dei faglege råda, foreslå endringar i tilbodsstrukturen som kan bidra til at opplæringa i større grad fyller det framtidige kompetansebehovet i samfunnet og arbeidslivet. Ifølgje Retningslinjene for samarbeid – SRY, faglige råd og Udir skal styresmaktene leggje særleg stor vekt på forslag som faglege råd har til endringar i tilbodsstrukturen på vg3. Med nye verktøy for å samanstille og formidle statistikk for å få oversikt over og overvake endringsbehov, følgjer det også eit ansvar for å bruke denne og annan relevant kunnskap og anna relevant erfaring til å foreslå og greie ut eventuelle endringar.

For å få betre kunnskap om korleis kompetansen til fagarbeidarane blir verdsett i arbeidslivet har Fafo, på oppdrag frå oss, utarbeidd rapporten «Relevans i fag- og yrkesopplæringen. Utvikling og analyse av en fagarbeiderundersøkelse og en arbeidsgiverundersøkelse». Vi vil i 2021 gjere vurderingar, i dialog med KD, om ei fagarbeidarundersøking og ei arbeidsgivarundersøking bør etablerast som faste undersøkingar.

## Eksamen 2020

Eksamensgjennomføringa i 2020 har vore prega av covid-19-pandemien. I vår vart eksamen avlyst for alle elevar i grunnskole og vidaregåande opplæring med nokre unntak for elevar med særskilde behov for eksamen. Alle påmelde privatistar fekk moglegheit til å gjennomføre dei planlagde eksamenane sine, og det vart avlagt ca. 42 000 eksamenar våren 2020.

I haust vart eksamen gjennomført under smitteverntiltak[6] . I tillegg vart eksamen utvida med ein ekstra gjennomføringsdag 2. oktober for permitterte og ledige frå bransjeprogramma til regjeringa. Sidan arrangementet kom i tillegg til eksamensavviklinga for andre privatistar under smitteverntiltak, kravde arrangementet mykje ekstra administrasjon for få kandidatar. Vår og fylka si vurdering er at dagens eksamensordning ikkje er tilrettelagd for eigne eksamenar utanfor dei to årlege eksamensperiodane, og vi vil rå imot slike arrangement utan større endringar i måten eksamen blir administrert og gjennomført på. På lengre sikt viser dette behovet for å ha ei eksamensordning som er meir fleksibel og tilpassa ulike behov enn dagens ordning er.

Som ein konsekvens av covid-19-pandemien måtte vi tenkje nytt og endre arbeidsmåtane våre på fleire område. Våren 2020 gjennomførte vi for første gong digital sensorutdanning i ei rekkje fag. Deltakinga var høg, og tilbakemeldingane frå sensorane var gode. Dette er erfaringar vi tek med oss vidare i planlegginga av sensorutdanningar for våren 2021, der alle sensorutdanningar skal gjennomførast digitalt.

### Eksamen i fagfornyinga

I samband med fagfornyinga har vi i 2020 gjort endringar i tilknyting til eksamen. Dei nye eksamensordningane har vore på høyring, og på bakgrunn av svara vi fekk inn, tilrådde vi i stor grad å gå vidare med forslaga våre. Dei nye eksamensordningane vart i tråd med desse tilrådingane fastsette av

Kunnskapsdepartementet 1. juli 2020.

Vi har utarbeidd nytt rammeverk for eksamen i fagfornyinga. Arbeidet følgjer opp tilrådinga i eksamensgruppa. Rammeverket er utforma på eit overordna nivå og vil i første omgang blir brukt i fellesfaga og gjennomgåande fag i VGO. Dei nye læreplanane bruker eit utvida kompetanseomgrep, og dette får betydning for korleis kompetansen til elevane skal vurderast til eksamen. Utviklinga av oppgåver til nye eksamenar følgjer kriteria som ligg i det nye rammeverket. Nokre oppgåvetypar er nye. Elevane vil til dømes få lytteoppgåver i engelsk. Det er også nytt at matematikkeksamen ikkje lenger har to delar der den eine er utan hjelpemiddel. Nokre eksamensoppgåver vil bli poengsette automatisk, medan andre vil bli vurderte av sensorar.

Eksamensbrevet har utdjupande informasjon om årets arbeid med eksamen og omtale av prioriteringar for 2021.

### Vurderingstiltak i fagfornyinga

Vi er opptekne av å sikre ein god samanheng mellom dei nye læreplanane og vurderingsordningane. Vi har på oppdrag frå KD utvikla rettleiande kjenneteikn på måloppnåing til standpunkt som vart justerte og publiserte til bruk i fagfornyinga til skolestart hausten 2020. I arbeidet med å vurdere eksamensordninga har vi fått hjelp av eksamensgruppa. Sluttrapporten deira vart publisert i juni og omfattar vurderingar og tilrådingar om eksamen i framtida[7] . Denne vil liggje til grunn for det vidare arbeidet vårt med eksamen. I lys av endringane i læreplanverket har vi også

- revidert og forenkla kap. 3 og 4 i forskrift til opplæringslova
- revidert kap. 24 om innføringstakt og overgangsordningar i forskrift til opplæringslova
- revidert rundskriv om individuell vurdering Udir-2-2020 og bestemmelser for muntlig og muntlig-praktisk eksamen

## Utviklinga av prøvefeltet

Innføringa av LK20/LK20S har kravd ei vurdering av om innhaldet i prøvene framleis er gyldige etter læreplanen. Analysane vi har gjort, har vist at det er eit behov for endringar. For nasjonale prøver er dette arbeidet godt i gang, medan lærings- og karakterstøttande prøver fell bort frå og med skolestart 2020. Kartleggingsprøver i digitale evner blir avvikla frå våren 2021, medan kartleggingsprøva i engelsk blir vidareført.

Utviklinga av nye kartleggingsprøver i lesing og rekning på 1. og 3. trinn er også sett i gang. Prøvene skal vere klare til første gjennomføring i 2022. Dette er første gong vi utviklar digitale prøver for elevar på 1.-3. trinn, og utviklinga blir derfor prega av mange utprøvingar og tilpassingar av det nye gjennomføringssystemet for prøver og eksamen.

På grunn av skolestenginga i samband med koronapandemien fekk kartleggingsprøva i vår ein forlengd gjennomføringsperiode. Den planlagde gjennomføringsperioden på fire veker vart forlengd med ni veker og

varte til 5. juni. Med unntak av dette gjekk årets gjennomføring som normalt.

Nasjonale prøver vart gjennomførte som normalt hausten 2020. I lys av erfaringane frå gjennomføringa av kartleggingsprøvene vart det vurdert å forlengje gjennomføringsperioden også for desse prøvene. I lys av pandemien vurderte vi mellom anna også moglegheita for å gjennomføre heimanfrå for elevar i risikogrupper eller karantene. Vi vurderte også andre former for tilrettelegging ved større lokale utbrot. Det vart vedteke å gjennomføre prøvene med ordinære rammer og med beredskap i samsvar med risikovurderinga. Prøvene vart gjennomførte utan spesielle utfordringar. Resultata viste stabilitet samanlikna med dei føregåande åra, men andelen elevar som ikkje deltok, auka noko for alle prøvene. Dette er som venta, sidan elevar som vart forhindra frå å gjennomføre prøvene på grunn av opplæring heime, vart registrerte med ikkje delteke.

Analysen av nasjonale prøver opp mot LK20/LK20S som vart gjord i vår, viser at rammeverket som forklarer kva prøvene måler, må reviderast. Det inneber eit brot i trendmålingane. Utviklinga av nasjonale prøver etter nye læreplanar og nytt rammeverk er godt i gang, og desse prøvene vil bli gjennomførte første gong hausten 2022. Prøvene blir utvikla og skal gjennomførast i det nye gjennomføringssystemet for prøver og eksamen. I samband med revisjonen av rammeverket for nasjonale prøver har vi også sett i gang eit analysearbeid som skal munne ut i forbetra utprøvings- og ankringsmodellar for prøvene. Desse nye modellane vil bli fastsette tidleg i 2021.

I juli 2020 sende vi ut rapporten Prøver i fagfornyelsen – hvilke behov skal prøvene dekke?, som legg grunnlaget for å diskutere korleis vi kan utvikle treffsikre prøver i framtida. Rapporten er svaret vårt på oppdraget om å utvikle ein heilskapleg plan for prøvefeltet. Han skildrar ein mogleg veg å gå for å stette behovet til brukarane på ein betre måte enn i dag, i tråd med nye læreplanar. I rapporten gjer vi greie for kunnskap og erfaringar vi har frå 15 år med nasjonale prøver og kartleggingsprøver. Vi skildrar brukarane av prøvene og behova deira, og vi drøftar dei ulike eigenskapane til prøvene i lys av brukarbehova. I rapporten lanserer vi eit hovudforslag om to ulike prøvetypar med ulike formål: ; prøver som støttar undervegsvurdering og måling av progresjon, og prøver som støttar styring og kvalitetsutvikling. Sidan «Prøver i fagfornyelsen» har til formål å opne opp for gode diskusjonar og leggje grunnlaget for vidare utgreiingsarbeid, ligg den konkrete vidareutviklinga av prøvefeltet i framtida føre oss.

## Læringsmiljø i barnehage og skole

### Barnehagemiljø

Ifølgje rammeplanen skal barnehagen fremje eit inkluderande og stimulerande miljø der alle barn opplever å bli sette og kan delta i leik. Barnehagen har mellom anna ansvar for å førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster. Plikta barnehagen har til å jobbe systematisk for å førebyggje utestenging og mobbing, er forsterka i tillegget til barnehagelova som trer i kraft ved årsskiftet 2020/2021 [8].

Tal frå foreldreundersøkinga i barnehagen 2020 viser at foreldre i hovudsak er fornøgde med barnehagetilbodet, og tilfredsheita har vore stabil dei siste fire åra. Heile 97 prosent av foreldra svarte at dei

var svært eller ganske fornøgde med trivselen til barna og tryggleik i barnehagen. 1 prosent svarte at barna deira ikkje trivst i barnehagen.

### Skolemiljø

Eit trygt og godt skolemiljø er ein føresetnad for læring og for at skolene skal kunne oppfylle mandatet sitt. Skolen skal sørgje for eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. I Elevundersøkinga 2020 seier 88 prosent av elevane frå 5. trinn til vg3 at dei trivst godt eller svært godt på skolen. 9 prosent trivst litt, og 3 prosent seier at dei ikkje trivst på skolen. Trivselen søkk noko på ungdomsskolen. Det er små forskjellar i trivselen mellom gutar og jenter.

Sjølv om dei fleste trivst på skolen, er det også funn som kan tyde på at skolemiljøet har vorte dårlegare for ein del elevar. Mellom anna har det vorte fleire unge som opplever at dei ikkje passar inn på skolen, og i Ungdata-undersøkinga seier 70 prosent av elevane på ungdomstrinnet at dei kjedar seg på skolen. Elevundersøkinga viser også ein tendens til at elevane har vorte mindre motiverte frå 2016 til 2019, særleg på 5. trinn. Denne tendensen blir stadfesta av lærarundersøkinga, som viser ein nedgang i motivasjonen og trivselen til elevane, særleg på barnetrinnet. Elevundersøkinga viser også eit fall i trivselen til elevane og i opplevinga deira av meistring over tid.

Vi har i dag inga nasjonal brukarundersøking som gir informasjon til skoleeigarar og skoleleiarar om trivsel og læringsmiljø for elevar på 1. til 4. trinn. I 2020 sende vi ei utgreiing til KD om korleis ei slik undersøking kan innrettast, og kva for etiske omsyn som må takast. Evalueringa av seksårsreforma, som vart igangsett i 2020, vil også gi oppdatert kunnskap om korleis dei yngste elevane opplever skolekvardagen. Dei første rapportane frå denne evalueringa vil liggje føre i 2021.

### Trivsel og sosialt miljø under skolestenginga

Då skolene stengde i mars 2020, mista også elevane store delar av det sosiale miljøet sitt. Intervju med ungdommar har vist at dei opplevde stenginga ulikt[9] . Ei stor gruppe opplevde store belastningar, sakn og tap både fagleg og sosialt, og skolearbeidet vart for mange meir krevjande og einsamt. For mange elevar er det rammene og strukturen i skolen som til vanleg gir form og drivkraft til skolearbeidet. Stenginga førte med seg både keisemd, mangel på motivasjon og oppfølging.

Samtidig var det andre som opplevde lette ved å ha heimeskole fordi dei då slapp unna vanskelege sosiale forhold på skolen, som mobbing eller konfliktar. Ei tredje gruppe tente fagleg på situasjonen ved at dei fekk meir ro til å konsentrere seg om skolearbeidet.

Ei fjerde gruppe ungdommar var særleg utsett og opplevde at stenginga forsterka tap, utfordringar og nederlag på fleire sentrale område av livet samtidig. Desse hadde ofte eit vanskeleg forhold til foreldra og utrygge band til lokalmiljø, venner og skole. I perioden der skolene var stengde, vart det meir utfordrande å følgje opp denne gruppa, og eit svekt støtteapparat gjorde situasjonen for desse ungdommane ekstra krevjande.

## Mobbing

Tal frå Elevundersøkinga dei siste åra viser ein liten nedgang i andelen elevar som seier at dei blir mobba på skolen. I undersøkinga frå 2020 seier 5,8 prosent av elevane at dei blir mobba to til tre gonger i månaden. Dette svarer til ca. 26 600 elevar. Dette er ein nedgang på 0,2 prosentpoeng frå 2019. Andelen elevar som blir mobba av medelevar, er stabil, medan andelen som blir mobba av lærarar, søkk. Samtidig har andelen elevar som blir mobba digitalt, vakse. Andelen som seier dei har vorte mobba, avtek etter som elevane blir eldre, med unntak av ein liten auke på 9. trinn. Våren 2020 vart 590 saker melde inn til Statsforvalteren, ein nedgang frå 854 året før. Det kan ha samanheng med skolestenginga og smitteverntiltaka våren 2020, men dette kan vi ikkje vite sikkert.

## Fråvær

Fråvær har fått meir merksemd dei siste åra. Høgt fråvær kan få store konsekvensar for eleven, og det er ein samanheng mellom fråvær i grunnskolen og fråfall i vidaregåande opplæring.

I juni kom Fafo sin sluttrapport frå evalueringa av fråværsgrensa i vidaregåande skoler. Funna viste at fråværet har vorte redusert i alle elevgrupper. Samtidig meiner forskarane at fråværsgrensa kan bidra til at elevar som slit fagleg og/eller sosialt, no står i fare for ikkje å få vurderingsgrunnlag (IV) i fleire fag enn tidlegare. Rapporten viste også at praktiseringa av fråværsgrensa varierer blant skolene.

Koronapandemien har påverka føring av fråvær, både for elevar på 10. trinn og elevar på vidaregåande skoler. På grunn av koronautbrotet vart det laga ei mellombels forskrift med unntak frå kravet om føring av fråvær. Frå 13. mars og ut skoleåret 2019/2020 gjaldt i praksis ikkje fråværsgrensa, og det vart ikkje ført fråvær på vitnemål eller kompetansebevis. Tala på registrert fråvær for dette skoleåret er derfor langt lågare enn normalt, som ei følgje av at dei berre inneheld fråvær til og med mars.

| | 2015–16 | 2016–17 | 2017–18 | 2018–19 | 2019-20 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Median dagar** | 5,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 4,0 |
| **Median timer** | 12,0 | 9,0 | 10,0 | 11,0 | 3,0 |

*Timar og dagar fråvær dei siste fem åra på 10. trinn*

| | 2015–16 | 2016–17 | 2017–18 | 2018–19 | 2019-20 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Median dagar fravær** | 5,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 2,0 |
| **Median timer fravær** | 12,0 | 9,0 | 10,0 | 11,0 | 7,0 |

*Timar og dagar fråvær dei siste fem åra på vidaregåande skoler*

I overkant av 5 000 elevar vart ståande utan vurderingsgrunnlag (IV) i minst eitt fag skoleåret 2019/2020. Sjølv om fråværsgrensa vart mellombels avvikla, er det berre 300 færre elevar som fekk IV totalt sett samanlikna med i fjor. Det ser ut til at elevane som tidlegare vart ståande utan vurderingsgrunnlag på grunn av fråværsgrensa, no i stor grad får IV på grunn av manglande vurderingsgrunnlag i staden. Av elevar som fekk IV i 2019/2020 var det berre 25 prosent som fekk dette på grunn av fråværsgrensa, medan 75 prosent fekk det på grunn av manglande vurderingsgrunnlag. Året før var det like stor del som fekk IV på grunn av fråværsgrensa og manglande vurderingsgrunnlag. Av utvalde fellesfag går andelen IV mest ned i matematikk 2P-Y (matematikkfag for elevar som går på påbygging til generell studiekompetanse) og kroppsøving vg2.

## Kartleggingsverktøy i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar

Kartleggingsverktøyet er eit tiltak i Kunnskapsdepartementet sin integreringsstrategi, Integrering gjennom kunnskap. Kartleggingsverktøyet er laga som ei støtte til lærarar for å finne ut om elevar med norsk som andrespråk treng særskild språkopplæring, kva norskopplæring eleven treng, og når eleven er klar til å gå over til ordinær opplæring. I 2020 vart kartleggingsverktøyet digitalisert. Det er viktig for elevar i denne gruppa at lærarane har tilgang til informasjon om norskevnene til eleven, slik at dei kan gi dei den støtta dei treng for å komme raskt inn i og få godt utbytte av opplæring i ulike fag. Det digitale Kartleggingsverktøyet bidreg til å gjere denne jobben enklare og lettare å kvalitetssikre for lærarane og gir ei sikker handtering av informasjon om eleven.

Verktøyet vart gjort tilgjengeleg for alle skoler i ein minimumsversjon på nyåret 2021 og blir vidareutvikla ut frå erfaring i bruk.

## Rammeplan for SFO

Vi har i 2020 starta arbeidet med å utvikle ein nasjonal rammeplan for SFO. Vi utviklar også støtteressursar som skal bidra til kvalitetsutvikling og støtte innføringa av rammeplanen. Ei ekstern rammeplangruppe beståande av representantar frå universitets-, høgskole-(UH) og skolesektoren, har hjelpt Udir i arbeidet. For å sikre brei involvering har vi hatt ei referansegruppe med sentrale organisasjonar og Sametinget, dialog med leiarar og tilsette i SFO og dessutan eit utkast på ein open innspelsrunde. Trass i koronaepidemien fekk vi 210 innspel. Rammeplanen vart lagd ut på høyring 16. desember.

Evalueringa Lek, læring og ikke-pedagogikk for alle, viser at SFO varierer mykje kommunane imellom både når det gjeld pris, innhald, prioritering, organisering, kompetanse hos dei tilsette og inkludering av ulike grupper barn. Intensjonen med rammeplanen er å oppnå eit meir likeverdig tilbod samtidig som det blir gitt rom for lokale prioriteringar og lokal variasjon. Å sikre ein god balanse mellom nasjonal styring og lokalt handlingsrom har derfor vore viktig i arbeidet med rammeplanen. Vi har lagt vekt på at rammeplanen som forskrift skal seie tydeleg kva som er forpliktande for alle, samtidig som han skal gi skoleeigaren eit godt utgangspunkt for å leggje til rette for kvalitetsutvikling og for å rettleie personalgruppa.

Gjennom involveringa av sektoren har vi erfart at det blir godt motteke at det kjem ein nasjonal rammeplan, og at det blir retta merksemd mot kvaliteten på tilbodet i SFO. Mange innspel handlar om vilkåra for at den

nasjonale rammeplanen skal få betydning i praksis. Til dømes blir det peika på behovet for leiing og felles utviklingsarbeid med tanke på at personalet i SFO er ei samansett gruppe og ofte har lite felles planleggingstid. Mange er også opptekne av føresetnader som fell utanfor mandatet til rammeplanen, t.d. tid til planlegging og, kompetanseheving. Sjølv om desse innspela ikkje kan takast hand om i sjølve rammeplanen, viser dei kor viktig det er å støtte og mobilisere skoleeigarar og leiarar i arbeidet med å innføre ein ny rammeplan.

## Rammeplan for barnehagen

Innhaldet i og oppgåvene til barnehagen er forskriftsfesta i rammeplan for barnehagen. Rammeplanen inneheld plikter for barnehagepersonalet og gjeld alle som arbeider i barnehagen. Udir si rolle er å forvalte rammeplanen og støtte opp om forståinga og bruken av han. Vi hjelper til med innføring av innhaldet og oppgåvene som er omtalte i rammeplanen, mellom anna gjennom å utvikle rettleiarar og støttemateriell.

Støttemateriellet på udir.no, som er spesielt utvikla til rammeplanen, hadde i 2020 ca. 240 000 besøk. Eksterne lenkjer kjem i tillegg til dette. Det er framleis dei to rettleiarane om språk og trivsel som er mest besøkte. Etter desse kjem filmane (livsmeistring og helse, inkluderande leikemiljø og omsorgsfulle relasjonar). Det er verdt å merkje seg den store bruken av Udir sitt støttemateriell i perioden då barnehagane heldt stengt. Ca. 135 000 besøk (av ca. 240 000) skjedde i perioden 13. mars til 19. april 2020. Forskingsinstituttet NORCE skal på oppdrag frå Udir gjennomføre ei evaluering av implementeringa av rammeplan for barnehagen i perioden 2018–2023. NORCE skal utforske implementeringa over tid og sjå på korleis rammeplan blir forstått som styringsdokument. Funna skal publiserast i fleire rapportar til direktoratet, og den første delrapporten vil komme i februar 2021.

Spørringen til Barnehage-Norge 2019 (rapport 2020) tek ikkje for seg rammeplanen spesielt, men det er interessant å sjå at fire av fem styrarar oppgir at dei tilsette i stor eller svært stor grad har rutinar for å oppdage, førebyggje og stoppe mobbing. Så nær som alle barnehagar har etablert rutinar for samarbeid mellom barnehage og skole. Over åtte av ti barnehagar har rutinar for å vurdere norskkunnskapane til barna, særleg før skolestart. Vidare er den dominerande språkkartleggingspraksisen i barnehagen å kartleggje språket til barn når anten foreldre og/eller personalet meiner det er behov for det. Ei utfordring som bør tas til etterretning med tanke på vidare formidling, er at berre to av fem styrarar oppgir at dei kjenner til at Utdanningsdirektoratet er på sosiale medium.

## Tverrsektorielt samarbeid om utsette barn og unge – 0–24-samarbeidet

I 0–24-samarbeidet jobbar Bufdir, Udir, Helsedir, AVdir, IMDi, Politidirektoratet og sekretariatet for konfliktråda for at utsette barn og unge og familiane deira skal få eit godt, samordna tilbod. 0–24-samarbeidet vurderer korleis vi skal samordne dei statlege verkemidla slik at dei støttar betre opp under arbeidet til kommunane. Utdanningsdirektoratet leier og koordinerer samarbeidet på tvers og har hovudansvaret for fleire delprosessar.

I 2020 vart det regionale prosjektet i Finnmark avslutta. Prosjektet skulle bidra til eit meir samordna

tenestetilbod i utvalde kommunar og sjå midlar frå ulike statlege satsingar i regionen i samanheng. Prosjektet avdekte at fleire statlege hjelparar ofte er involverte i dei same kommunane utan at dette er godt koordinert. Slik endar dei opp med å konkurrere om tida og merksemda til kommunen [10].

I 2020 leverte også 0–24-samarbeidet tilrådingar om overgang frå asylmottak til busetjing, og det sette i gang utprøving av programfinansiering som alternativ til ulike sektorbaserte tilskotsordningar i tolv kommunar.

Følgjeevalueringa av 0–24-programmet viser at 0–24 er inne i ei god utvikling når det gjeld måloppnåing for fleire av dei sentrale målsetjingane til programmet. Auka tillit og kjennskap til kvarandre, auka samarbeid, felles kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete er viktige byggjesteinar for å leggje til rette for tverretatleg samhandling. Samtidig er det langt igjen til å nå effektmåla om å samordne verkemidla våre for å styrkje samarbeidet om utsette barn og unge og familiane deira i kommunane.

0–24-prosjektet til Nordisk ministerråd vart avslutta i november 2020. Prosjektet har bestått av konkrete casar frå kvart av dei nordiske landa, inkludert Grønland og Færøyane, og det vart leidd av Udir. Det vart gjennomført eit breitt utval av lokale prosjekt, og det nordiske samarbeidet har ført til ei meir felles forståing av korleis ein effektivt følgjer opp utsette barn og unge gjennom tenester som er betre tilpassa til barna sine behov [11] . I vurderinga si av prosjektperioden understrekar alle deltakarlanda verdien av dei nordiske prosjektsamlingane, av moglegheita for dialog og erfaringsutveksling og av det å sjå at landa har mange felles mål og utfordringar. Det har vore utfordringar med å skape eit felles prosjekt ut av ulike nasjonale casar.

Vi ser at mengda av statlege satsingar og tiltak som treffer kommunane på området utsette barn og unge, kan «slå kvarandre i hel», slik at kommunane får problem med å prioritere og sjå det store biletet. Behovet til barn og unge og behovet til kommunen bør stå meir i sentrum når det blir utarbeidd nye statlege satsingar.

Framover bør det byggjast ein meir varig struktur for samordning på tvers på statleg nivå. I desember 2020 leverte 0–24-samarbeidet tilrådingar til departementa og direktorata om korleis dette kan gjerast.

Det tverrsektorielle perspektivet blir vidareført i det nye Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Det kan vere aktuelt å vurdere vidareføring av eit meir formalisert tverrsektorielt samarbeid knytt til Kompetanseløftet.
Saman med FHI lanserte 0–24-direktorata «Oppvekstprofil» i september 2020, jf. omtale av desse under brukareffektmål 4.

## Overordna arbeid med Meld. St. 6

Meld. St. 6 (2019–2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap skisserer endringar i Statped som får konsekvensar for oppgåveporteføljen i Utdanningsdirektoratet og rolla vår og ansvaret vårt på det spesialpedagogiske feltet.

I 2020 fekk vi 13 oppdrag frå departementet i tilknyting til meldinga. Oppdraga har stor breidd og gjeld

område innan barnehage, skole og SFO, universell utforming, PP-tenesta, læremiddel, kompetansehevingstiltak, grensegangar mellom helse og opplæring, ansvarsfordeling mellom Statped og Udir, lekser, informasjonsoverføring, tilgang på relevant kompetanse hos lærarar, følgjeforsking og evaluering og tilsyn.

I 2021 skal Udir styrkje det overordna utviklingsarbeidet innanfor spesialpedagogikk og spesialpedagogisk støtte. Vi skal styrkje arbeidet vårt for inkluderande fellesskap i barnehagar og skoler og bidra til betre kunnskap og kompetanse på det spesialpedagogiske området. Vi må ta eit større ansvar for rettleiing og formidling av kunnskap innanfor spesialpedagogikk og ha inkludering som grunnleggjande premiss i arbeidet med å rettleie og gi støtte til kompetanseutvikling og barnehage- og skoleutvikling. Vi vil sjå allmennpedagogiske og spesialpedagogiske verkemiddel i samanheng i det vidare arbeidet vårt med å støtte og bidra til inkluderande fellesskap lokalt.
Arbeidet knytt til inkludering og spesialpedagogikk skal sentrerast rundt desse hovudområda:

- kompetanseutvikling, støtteressursar og kvalitetsutviklingsverktøy
- forskingsoppdrag og utvikling av kunnskapsgrunnlaget m.a. gjennom utprøvingar
- faglege utgreiingar

PPT er ei av målgruppene for kompetansehevingstiltaka våre, og vi er i gang med å utvikle ein ståstadsanalyse for PPT.

---

1 Statistisk sentralbyrå (2020): Stabile resultater i nasjonale prøver. Artikkel. Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.

2 Utdanningsdirektoratet (2020a). Konsekvenser av smitteverntiltakene i grunnskolen, våren 2020.

3 Regjeringa (2020). Midlertidige unntak knyttet til fag- og svenneprøver og eksamen. Pressemelding nr. 88, 2020.

4 Fem år for studieforberedende og seks år for yrkesfag

5 Karseth, B., Kvamme, O.A. og Ottersen, E. (2020): Fagfornyelsens læreplanverk: Politiske intensjoner arbeidsprosesser og innhold. Det utdanningsvitskaplege fakultetet, UiO.

6 Sjå tal på side 6.

7 Eksamensgruppa (2020): Vurderinger og anbefalinger om framtidas eksamen

8 St.prp. nr. 96 L (2019–2020), Lovdata 2020.

9 Eriksen, I.M. og Davan, L.B. (2020): Tap og tillit – ungdoms livstilfredshet og samfunnsdeltakelse under pandemien. Oslo: Oslomet/NOVA.

10 Nyegaard: «0–24-samarbeidet i Finnmark – en erfaringsoppsummering 2018–2020», Norwegian Research Centre, juni 2020.

11 Skog Hansen mfl: Mind the gap! Nordic 0–24 collaboration on improved services to vulnerable children and young people, Fafo 2020.

## Mål 2: Barnehageeigarar og skoleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge

For å sikre eit godt barnehagetilbod og god opplæring er kompetansen til dei tilsette heilt avgjerande. Dei tilsette i barnehagane og skolene er nøkkelen for å styrkje utviklinga, læringa og trivselen til barn og unge. Det

er derfor eit overordna mål at alle barnehagebarn og elevar skal møte kvalifiserte lærarar som har høg og relevant kompetanse, og som skaper eit barnehage- og skolemiljø som fremjar læring, trivsel og utvikling hos barn og unge. Den viktigaste kvalitetsutviklinga skjer lokalt, og verkemidla våre er tilpassa slik at dei skal støtte opp om den kapasiteten kommunane, fylkeskommunane og dei private eigarane har til å utvikle barnehagane og skolene sine.

Vi har i 2020 vidareutvikla og laga nye vidareutdanningstilbod for lærarar og leiarar i barnehage og skole. Kompetanse for kvalitet har framleis høgaste prioritet både hos eigarane og i tilbodet vårt. Samtidig er det fleire andre tilbod som har stor oversøking. Med inkludering og integrering høgt på dagsordenen vil vi særleg peike på at det er ein betydeleg overskotsetterspurnad etter spesialpedagogikk, både i barnehage og skole. Også andrespråkspedagogikk og språklæring og språkutvikling har betydeleg høgare etterspurnad enn talet på plassar vi kan tilby. Moglegheitene for å auke tilbodet på desse områda blir derfor eit viktig tema i dialogen om framtidige budsjett. Parallelt med satsinga på vidareutdanning har vi vidareutvikla dei kollektive barnehage- og skolebaserte kompetanseutviklingstiltaka. Kompetanseløftet for inkluderande praksis i barnehage, skole og SFO fekk ei god mottaking, og det er store forventningar til at dette vil bli eit viktig tiltak i åra som kjem.

Det totale tilbodet om kompetanseutvikling er omfattande, og det kan vere utfordrande for kommunane og andre eigarar å få full oversikt over moglegheitsrommet som grunnlag for tydelege prioriteringar. I 2020 kom vi eit steg vidare på vegen i arbeidet med å leggje til rette for større heilskap og samanheng i kompetansetilboda. Retningslinjene for lokal kompetanseutvikling, gjennomgangen av læringsmiljøtiltaka og utviklinga av oppfølgingsordninga er døme på dette. Vår vurdering er likevel at vi berre er i starten av eit betydeleg og viktig arbeid med å bidra til heilskap og samanheng. Etter våre vurderingar er det eit framleis eit vesentleg behov for forenkling, prioritering og nytenking. Vi ønskjer å bruke kunnskapsgrunnlaget vi har på ein betre måte og vidareutvikle analysane våre slik at vi i endå større grad kan bidra med kvalifiserte vurderingar i dialogen med KD om tilbodet i framtida.

## Vidareutdanning i barnehage og skole

Strategien Kompetanse for fremtidens barnehage har som mål å sikre alle barn eit barnehagetilbod av høg kvalitet. Eitt av tiltaka er at tilsette i barnehagen skal få moglegheit til vidareutdanning. Gjennom vidareutdanningstilbodet til direktoratet har totalt 1 406 tilsette frå barnehagesektoren delteke på vidareutdanning, fordelte på vidareutdanning for barnehagelærar (1059) og leiarutdanning for styrarar (347).

Satsinga på vidareutdanning i grunnopplæringa er godt forankra i strategiane Kompetanse for kvalitet (KfK) , Lærerløftet og Yrkesfaglærerløftet. I 2020 fekk 5775 lærar og 467 skoleleiarar tilbod om vidareutdanning gjennom KfK. Det betyr at det var 1068 færre lærarar som fekk tilbod gjennom den statlege ordninga enn for studieåret 2019/2020. Nedgangen kjem av dei økonomiske rammene for vidareutdanningsordninga. Fråfallet frå ordninga hausten 2020 var på 7 prosent mot 9 prosent normalt.

Deltaking i dei andre vidareutdanningstilboda fordelte seg med 312 innan yrkesfag og 198 innan lærarspesialistordninga.

Direktoratet er i tett dialog med universitet og høgskoler om vidareutvikling av studia. Vi gir også føringar for innhaldet i vidareutdanningstilboda gjennom utlysingane våre. Vi følgjer utviklinga i kvaliteten på vidareutdanningstilboda i alle ordningane og har i løpet av det siste året fått på plass ein fireårig rammeavtale med NIFU for gjennomføring av deltakarundersøkingar.

### Deltakarundersøkingar og evalueringar

I arbeidet med å utvikle vidareutdanningstilboda er mellom anna deltakarundersøkingar og evalueringar sentrale kunnskapsgrunnlag. Resultata frå 2020 er kort omtalte under:

### Deltakarundersøking – vidareutdanning for barnehagelærarar og leiarutdanning for styrarar

Deltakarundersøkinga (FAFO) undersøkjer korleis barnehagelærarar og styrarar vurderer innhaldet i studietilboda, det vil seie innhaldet i studiet, organisering, læringsutbytte og endring av praksis. Undersøkinga for 2020 (R.S. Jensen, M. Bråten, J. Svalund, 2020) viser at vidareutdanning for barnehagelærarar og leiarutdanning for styrarar treffer kompetansebehovet i barnehagesektoren godt. Deltakarane gir utrykk for at dei har hatt godt utbytte av studia, og meiner at studia bidreg til å utvikle praksisen til barnehagen. Som deltakarundersøkinga viser, er tilbodet om tilretteleggingsmiddel eit godt insentiv for barnehageeigarar til å motivere barnehagelærarar til å søkje vidareutdanning. Årets undersøking vart gjennomført under koronapandemien, medan studiestader og barnehagar var stengde. Dette ser i lita grad ut til å ha påverka vurderinga til deltakarane på studia.

### Deltakarundersøkinga – vidareutdanning for lærarar

Deltakarundersøkinga for lærarar var dette året annleis enn tidlegare år og undersøkte kva covid-19-situasjonen hadde å seie for om deltakarane fullførte vidareutdanninga, og kva situasjonen hadde å seie for korleis deltakarane opplevde vidareutdanninga. Dei viktigaste funna var følgjande:

- Svært få lærarar fortel om utsette eller avlyste studium.
- Dei aller fleste reknar med å gjennomføre studia som planlagt.
- Lærarane på samlingsbaserte studium opplever store endringar, og at kvaliteten på studiet går ned.
- Kvaliteten på nettundervisninga, tilbakemeldingane på oppgåvene og kontakten med forelesarane heng saman med opplevd kvalitet.
- Det blir etterlyst meir heilskaplege digitale løysingar.
- Innspela tyder på god mottaking dersom framtidige vidareutdanningstilbod opnar for å kombinere digitale og fysiske aktivitetar for læring.

Utdanningsdirektoratet vil vurdere om vi i framtidige utlysingar av tilbod bør justere føringane for dei tilboda som i dag er delvis samlingsbaserte. Dette kan til dømes dreie seg om framheve fleksibiliteten som allereie finst, og leggje inn føringar om at det på fysiske samlingar også skal vere mogleg å delta digitalt.

Utdanningsdirektoratet treng undersøkingar retta mot brukarar som er relevante for UH-sektoren, skoleeigarane og styresmaktene. Etter 10 år med ei omfattande undersøking for lærarar, har NIFU på oppdrag frå direktoratet intervjua eit utval tilsette ved universitet og høgskoler for å få kunnskap om kva tilbydarane av vidareutdanning ønskjer seg av informasjon frå ei slik deltakarundersøking for å sikre tilbod av god kvalitet.

Nokre viktige funn er at den årlege deltakarundersøkinga for lærarar i stor grad dekkjer behovet tilbydarane har for kunnskap om korleis deltakarane vurderer vidareutdanningane, men at ho bør vere mindre omfattande og meir retta mot praksisendring. Direktoratet vurderer å innføre oppfølgingsundersøkingar som kan gi kunnskap om på kva måte vidareutdanninga får konsekvensar for praksis på den enkelte skolen.

### Planlagte evalueringar av leiarutdanningane for styrarar og skoleleiarar

Det skal i 2021 setjast i gang eit forskingsoppdrag knytt til styrarutdanninga. Formålet er å samle og frambringe kunnskap om god barnehageleiing og gode barnehageleiarutdanningar ved å studere den nasjonale leiarutdanninga for styrarar (styrarutdanninga). Vi ønskjer meir kunnskap om korleis styrarutdanninga bidreg til utvikling og endring av leiingspraksis i tråd med formålet med studiet. Innanfor dette ønskjer vi også å få fram kunnskap om kontekstuelle og situerte forhold ved leiing av barnehagar. Mellom anna med utgangspunkt i arbeidsvilkåra til barnehageleiar, den kulturelle og historiske konteksten til barnehagen, og barnehagen som ein første frivillig del av utdanninga i Noreg.

Vidareutdanningstilboda for skoleleiarar skal evaluerast frå 2020 til 2024. Formålet med evalueringa er å vurdere kvaliteten og måloppnåinga med utdanningane og å få fram meir kunnskap om kva som er effektiv leiarutdanning, dvs. utdanning som gir utvikling og endring i leiarpraksis, og som fører til utvikling og endring i organisasjonane til deltakarane og konteksten som skolen opererer i. Evalueringa blir gjennomført som to oppdrag. Det eine vil vere ei årleg deltakarundersøking (survey) som blir gjennomført av NIFU i perioden 2021–2024. Formålet er å få tilbakemelding frå deltakarane om korleis dei opplevde kvaliteten, relevansen og nytteverdien til studiet. Det andre er eit forskingsoppdrag (i perioden 2020-2024) for å få fram eit betre kunnskapsgrunnlag for utvikling av skoleleiarutdanningane. Dette oppdraget blir gjennomført av Oslomet i samarbeid med NTNU og HINN.

## Vidareutdanning  for barnehagelærarar og styrarar

| Studietilbod | Registrerte søkjarar | Søkjarar godkjende av eigar | Søkjarar som fekk tilbod |
|---|---|---|---|
| Pedagogisk leiing og læringsmiljø | 318 | 297 | 152 |
| Realfag i barnehagen (heilt nettbasert) | 81 | 76 | 76 |
| Språkutvikling og språklæring (heilt nettbasert) | 218 | 209 | 94 |
| Språkutvikling og språklæring | 220 | 203 | 127 |
| Fysisk-motorisk utvikling og aktivitet | 50 | 49 | 48 |
| Spesialpedagogikk | 436 | 408 | 70 |
| Rettleiarutdanning for praksislærarar | 465 | 448 | 285 |
| Rettleiarutdanning | 185 | 174 | 84 |
| Tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk | 177 | 163 | 70 |
| Tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk, sem. 3 | 70 | 70 | 70 |
| Sum | 2 220 | 2 097 | 1 059 |

I vidareutdanning for barnehagelærarar får om lag 50 prosent avslag på søknaden om studieplass. Faga som blir tilbodne til barnehagelærarar, er statleg prioriterte og har som målsetjing å påverke kvalitetsutviklinga i barnehagane. Vi vurderer behovet for studieplassar for barnehagelærarar i sektoren som stort, og vi meiner at det talet på studieplassar som blir tilbode i dag, ikkje dekkjer dette behovet. Eksempelvis så var det 408 godkjende søkjarar til studiet i spesialpedagogikk, og berre 70 fekk tilbod om studieplass.

### Andel med relevant utdanning i barnehagane

Det er totalt 43 prosent barnehagelærarar i grunnbemanninga. 22 prosent er barne- og ungdomsarbeidarar. Andelen tilsette med barnehagelærarutdanning er omtrent lik i private og kommunale barnehagar, medan andelen barne- og ungdomsarbeidarar er vesentleg høgare i kommunale barnehagar. Nær ein tredel av dei tilsette har ikkje høgare utdanning eller fagarbeidarutdanning, og denne delen er høgast i private barnehagar. Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU) kull 2016 avslutta våren 2020 med 145 studentar som fullførte deltidsstudiet. Hausten 2020 vart det igangsett eit nytt kull med 70 nye studieplassar.

### Nær 1 av 4 barnehagelærarar har relevant tilleggsutdanning

Dei siste åra har det vore ein jamn auke i andelen barnehagelærarar som også har relevant tilleggsutdanning på høgskole- eller universitetsnivå. Frå 2016 til 2020 har andelen auka frå 18 til 23 prosent.

| Utdanning | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| Barnehagelærarar | 24 726 | 25 860 | 27 415 | 28 248 | 28 659 |
| Barnehagelærarar med relevant tilleggsutdanning (minst 15 studiepoeng) | 4 416 | 5 374 | 5 980 | 6 363 | 6 580 |
| Andel barnehagelærarar med relevant tilleggsutdanning (prosent) | 18 | 21 | 22 | 23 | 23 |

Det har dei siste åra vore eit mål å styrkje vidareutdanninga for barnehagelærarar. Fleire barnehagelærarar har frå 2016 kunna søkje på nokre prioriterte studietilbod via Utdanningsdirektoratet. I tala det blir vist til i tabellen, kan nokon ha delteke på studium via direktoratet, og andre kan ha søkt og delteke på andre studietilbod som universitet og høgskoler tilbyr barnehagelærarar.

### Styrarutdanning

2020 var det første opptaket i ein ny femårsperiode med utdanninga frå 2020 til 2025. Talet på søkjarar til studietilbodet har gått noko opp frå 2019. Det er sju tilbydarar av utdanninga fordelt på seks studiestadar. Tilbakemeldingar frå institusjonane kan tyde på at fleire av dei som har gjennomført styrarutdanninga, i etterkant gjennomfører ei heil masterutdanning i leiing. Styrarutdanninga vil halde fram i hovudsak med det innhaldet og den forma ho har hatt tidlegare, men med nokre endringar på bakgrunn av evalueringa, nye erfaringar og ny kunnskap innan leiing i barnehagen. Itilegg vil styrarar kunne søkje modulbasert vidareutdanning innan juss og utvikling og endringsarbeid. Dette er ein felles modul saman med rektorar.

| Studietilbod | Registrerte søknader | Godkjende av barnehageeigaren | Søkjarar som fekk tilbod |
|---|---|---|---|
| Styrarutdanning | 426 | 411 | 347 |

## Vidareutdanning for lærarar og leiarar i skolen

### Vidareutdanning for lærarar

Studieåret 2020/2021 fekk 5 775 lærarar tilbod om vidareutdanning gjennom den statlege ordninga.

| Fag | Registrerte søknader | Godkjende av eigaren | Søkjarar som fekk tilbod |
|---|---|---|---|
| Engelsk | 1703 | 1247 | 1247 |
| Matematikk | 1926 | 1456 | 1456 |
| Norsk | 1613 | 1160 | 1160 |
| Norsk teiknspråk | 46 | 23 | 19 |
| Samisk | 17 | 13 | 13 |
| Praktiske og estetiske fag | 465 | 297 | 297 |
| Andrespråkspedagogikk | 449 | 284 | 147 |
| Profesjonsfagleg digital kompetanse | 621 | 439 | 149 |
| Programmering | 920 | 711 | 270 |
| Spesialpedagogikk | 1 059 | 626 | 294 |
| Rettleiarutdanning | 746 | 425 | 187 |
| Andre fag | 1918 | 1195 | 536 |
| Sum | 11 483 | 7 876 | 5 775 |

Hausten 2020 vart det inngått avtalar om nye tilbod i engelsk, matematikk, norsk, norsk teiknspråk og profesjonsfagleg digital kompetanse som skal gjelde frå studieåret 2021/2022. I tillegg er det oppretta heilt nye tilbod i grunnleggjande lese-, skrive- og matematikkopplæring (GLSM). Dette tilbodet skal gi førskolelærarar og barnehagelærarar som er tilsette i skolen, formell kompetanse til å undervise i norsk og matematikk på 1.-4. trinn og kvalifisere til vidareutdanning.

Som ein del av det vi gjer for å følgje opp kvaliteten på vidareutdanningstilboda, arrangerer vi erfaringsseminar for tilbydarane i enkelte fag. Tilbakemeldinga er at dette er nyttige seminar fordi dei gir moglegheit til å drøfte utfordringar og løysingar på tvers av UH-institusjonar for å betre kvaliteten på vidareutdanningstilboda. I oppfølginga av arbeid med eit likeverdig tilbod om rettleiing til alle nyutdanna lærarar vart det frå hausten 2020 sett i gang rettleiarutdanning både for barnehagelærarar og lærarar i skolen.

### Søknadsbehandling og behov hos skoleeigarar

Søknadsbehandlinga vart gjennomført med utgangspunkt i den totale budsjettramma for vidareutdanninga i 2020/2021 og kapasiteten på studietilboda.

Søknader om fag med kompetansekrav og søknader frå kommunane i oppfølgingsordningane og tidlegare

Finnmark fylke, vart prioriterte i søknadsbehandlinga. Vidare hadde praktiske og estetiske fag øyremerkte midlar i budsjettet. Desse prioriteringane førte til at alle godkjende søknader frå skoleeigarane i engelsk, matematikk, norsk, norsk teiknspråk og samisk fekk tilbod frå Utdanningsdirektoratet. Dette med unntak av fire søknader på tilbod i norsk teiknspråk. Grunnen til avslaga på desse fire søknadene var at det var for få søkjarar på studietilbodet.

Dei resterande studieplassane vart fordelte i høve til talet på lærarårsverk hos skoleeigarane. I den innbyrdes fordelinga per skoleeigar følgde vi prioriteringa til skoleeigarane av søknadene, slik at dei høgast prioriterte søknadene vart godkjende.

Søknadsprosessen har vist at skoleeigarane, i tillegg til fag med kompetansekrav, har stort behov for lærarar med kompetanse i profesjonsfagleg digital kompetanse og programmering, spesialpedagogikk, andrespråkspedagogikk og rettleiarutdanning. Faga profesjonsfagleg digital kompetanse og programmering er meir og meir aktuelle, særleg med tanke på digital kompetanse knytt til Kunnskapsløftet 2020. Vidare har situasjonen med covid-19 synleggjort behovet for auka kompetanse i desse faga. Når det gjeld spesialpedagogikk, andrespråkspedagogikk og rettleiarutdanning vil sannsynlegvis behovet auke ytterlegare som følgje av Meld. St. 6.(2019-2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO.

## Andel av lærarar i grunnskolen som ikkje oppfyller kravet om å ha relevant kompetanse i undervisningsfaget

| Fag | 2016/2017 | 2017/2018 | 2018/2019 | 2019/2020 | 2020/2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Norsk | 24% | 22 % | 19 % | 17 % | 16 % |
| Samisk | 26% | 31 % | 18 % | 26 % | 16 % |
| Norsk teiknspråk | 40% | 20 % | 21 % | 21 % | 17 % |
| Matematikk | 36% | 31 % | 27 % | 24 % | 22 % |
| Engelsk | 48% | 43 % | 39 % | 35 % | 34 % |

Vidareutdanningstilboda skal bidra til at flest mogleg lærarar har kompetanse i tråd med kompetansekrava (jf. opplæringslova §10-2). Sidan 2015 har det vore ei satsing på desse faga. Andelen lærarar som oppfyller kompetansekrava, går i rett retning, men han har stagnert noko det siste året. Det kan vere fleire årsaker til dette, f.eks. ein auke i talet på lærarar som underviser i desse faga.

### Antal lærarar som ikkje oppfyller kompetansekravet for fagene de underviser i, 1. - 10. trinn

| Fag | 2017/2018 | 2018/2019 | 2019/2020 | 2020/2021 |
|---|---|---|---|---|
| Norsk | 7 819 | 7 052 | 6 336 | 5 902 |
| Matematikk | 10 032 | 8 965 | 8 071 | 7 350 |
| Engelsk | 9 860 | 9 185 | 8 174 | 7 996 |

For at alle lærarar som underviser i kompetansekravsfaga skal ha nødvendig kompetanse innan skolestart 2025, må rundt 5 000 lærarar ta vidareutdanning i desse faga kvart år dei neste fire åra. Dersom mange lærarar ventar med å ta nødvendig utdanning, vil det kunne hope seg opp mange søkjarar dei siste par åra før forskrifta trer i kraft. Det vil føre til eit behov for betydeleg auka midlar til vidareutdanning, og det vil vere uvisst om UH-sektoren har kapasitet til å ta imot så mange vidareutdanningsstudentar.

Det er utarbeidd ein plan for meir målretta kommunikasjon og marknadsføring retta mot lærarar og skoleeigarar. Målet er at talet på lærarar som tek vidareutdanning i faga med kompetansekrav, skal auke dei neste fire åra. I januar 2021 arrangerte vi eit møte for skoleeigarar om vidareutdanningsordninga. Her informerte vi skoleeigarane om utviklinga i andelen lærarar som manglar undervisningskompetanse, og om behovet for fleire godkjende søknader frå skoleeigarar i desse faga.

### Rektorutdanning

Hausten 2020 var det første opptaket i ein ny femårsperiode med utdanninga frå 2020 til 2025. Rektorutdanninga vil i hovudsak halde fram med det innhaldet og den forma ho har hatt tidlegare, men med nokon endringar på bakgrunn av evalueringa, nye erfaringar, ny kunnskap om skoleleiarutdanning og, ikkje minst, at situasjonen og utfordringane for skoleleiarar har endra seg noko dei siste fem åra. Dei viktigaste endringane er meir merksemd retta mot dei nye utfordringane dei fleste skoleleiarane og skolene står overfor. Dette dreier seg om utfordringar knytte til skolemiljø, retten elevane har til eit trygt og godt skolemiljø, digitalisering, fagfornyinga og utvikling av profesjonsfellesskapet. For den nye perioden 2020–2025 har rektorutdanninga i alt sju tilbydarar med til saman ti studiestadar.

| Studietilbod | Registrerte søknader | Godkjende av barnehageeigaren | Søkjarar som fekk tilbod |
|---|---|---|---|
| Rektorutdanning | 575 | 506 | 467 |

### Vidareutdanning for styrarar og skoleleiarar

Vidareutdanningsmodulane for skoleleiarar blir vidareførte i perioden 2021–2025. Modulen Skolemiljø og leiing blir vidareført slik han er i dag, fram til 2023. Modulane Digitalisering og leiing, Leiing av lærings- og

læreplanarbeid, Juss for leiarar og Leiing av utviklings- og endringsarbeid vart lyste ut i ein open anbodskonkurranse med målsetjing om å inngå avtalar med aktuelle universitet og høgskoler våren 2021 med tanke på oppstart av utdanningane hausten 2021. Målgruppa for dei to førstnemnde modulane er skoleleiarar. Modulane Juss for leiarar og Leiing av utviklings- og endringsarbeid vil bli fellesmodular for leiarar av barnehagar og skoler. Alle modulane vil gi 15 studiepoeng, ha årlege opptak og vare i eitt år. Talet på årlege studieplassar i alt vil vere ca. 600.

### Vidareutdanning for yrkesfaglærarar

Som ein del av oppfølginga av Yrkesfaglærarløftet er det etablert vidareutdanningstilbod for yrkesfaglærarar. På bakgrunn av ny tilbodsstruktur og nye læreplanar vart det frå hausten 2020 tilbode 27 nye vidareutdanningstilbod innan yrkesfag. Desse vidareutdanningstilboda blir vidareførte til studieåret 2021/2022, men på grunn av nye utfordringar med covid-19 er 6 av studia endra frå å vere samlingsbaserte til å vere heilt nettbaserte studieåret 2021/2022. For studieåret 2020/2021 fekk 312 søkjarar tilbod om stipend eller vikarordning fordelt på 21 studietilbod. Vi vil vurdere kor stort omfanget av fagspesifikke vidareutdanningstilbod bør vere, mellom anna set opp mot den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling innan yrkesfag.

| Studietilbod | Registrerte søknader | Godkjende av barnehageeigaren | Søkjarar som fekk tilbod |
|---|---|---|---|
| Videreutdanning for yrkesfaglærarar | 550 | 322 | 312 |

### Lærarspesialistutdanning og -funksjon

Satsinga på karrierevegar for lærarar vart styrkt med 78 millionar kroner for å gi fleire skoler tilgang på solid og oppdatert kunnskap gjennom lærarspesialistar. Tiltaket skal også bidra til at dyktige lærarar vil halde fram med å undervise framfor å søkje seg til administrative stillingar. Våren 2020 innvilga vi tilbod til 1405 lærarspesialistfunksjonar og 237 søknader om lærarspesialistutdanning med oppstart hausten 2020. 198 lærarar starta på lærarspesialistutdanninga, fordelte på følgjande fag:

| 2020-kullet utdanning, 1. semester hausten 2020 | Tal |
|---|---|
| Lærarspesialistutdanning i byrjaropplæring, 1.-4. trinn | 42 |
| Lærarspesialistutdanning i bygg- og anleggsteknikk, 11.–13. trinn | 19 |
| Lærarspesialistutdanning i helse- og oppvekstfag, 11.–13. trinn | 12 |
| Lærarspesialistutdanning i kroppsøving, 8.–13. trinn | 4 |
| Lærarspesialistutdanning i matematikk, 1.–10. trinn | 9 |
| Lærarspesialistutdanning i matematikk, 1.–7. trinn | 8 |
| Lærarspesialistutdanning i matematikk, 5.–10. trinn | 10 |
| Lærarspesialistutdanning i matematikk, 8.–13. trinn | 14 |
| Lærarspesialistutdanning i norsk med vekt på lese- og skriveopplæring, 1.–10. trinn | 40 |
| Lærarspesialistutdanning i profesjonsfagleg digital kompetanse, 1.–10. trinn | 27 |
| Lærarspesialistutdanning i spesialpedagogikk, 1.–13. trinn | 13 |
| Totalsum | 198 |

Hausten 2020 deltok det til saman i underkant av 450 lærarar i lærarspesialistutdanning, og 250 starta på den toårige utdanninga i 2019. Det er i dag cirka 1 236 lærarspesialistar som er stadfesta tilsette i funksjon av skoleeigar hausten 2020. Dei tre fagområda med flest lærarspesialistar var knytte til realfag, norsk og profesjonsfagleg digital kompetanse. Frå tidlegare veit vi at lærarspesialistane har vektlagt eiga fagleg utvikling, men vi har førebels ikkje kunnskap frå evaluering om korleis dei bidreg i utviklingsarbeidet på skolen. For å hente inn meir informasjon om dette gjennomfører NIFU no ei evaluering av ordninga. Arbeidet med innhenting av data til evalueringa har vorte noko forseinka som ei følgje av covid-19, og sluttrapporten er utsett frå sommaren 2021 til november 2021.

I 2020 vart det lyst ut oppdrag om å utvikle nye lærarspesialistutdanningar i engelsk med oppstart studieåret 2021/2022. Det er inngått avtale med NTNU, som frå hausten 2021 skal tilby lærarspesialistutdanning i engelsk 1.–7. trinn, og med Oslomet, som skal tilby lærarspesialistutdanning i engelsk for 8.–13. trinn.

Målet er å nå 3 000 spesialistar innan 2023. Fram til no har det vore godt samsvar mellom søkjarar og tilbod, men det er uvisst om ei eventuell opptrapping av tilbodet vil gi ein tilsvarande auke i talet på søkjarar. For å møte opptrappinga informerer vi breitt om ordninga og samarbeider tett med partane. Det vart gjennomført ein digital konferanse for lærarspesialistane i januar 2021.

### Stipend til kvalifisering av tilsette utan godkjend lærarutdanning (Stipend PPU og YFL)

Direktoratet har sidan 2015 forvalta ei stipendordning til kvalifisering av tilsette i undervisningsstillingar utan godkjend lærarutdanning. Med utgangspunkt i eige kompetansebehov kan skoleeigarar søkje direktoratet om

stipend til personar som ønskjer å ta praktisk-pedagogisk utdanning (PPU 60 stp.) eller yrkesfaglærarutdanning (YFL 180 stp.). I tillegg til personar som allereie er tilsette (utdanningsstipend), kan skoleeigar søkje om stipend til personar dei ønskjer å få rekrutterte til yrkesfag (rekrutteringsstipend). Det følgjer ikkje med studieplassar til stipendet, den enkelte deltakaren må sjølv søkje seg til institusjonar som tilbyr utdanningane. Talet på godkjende nye søknader frå skoleeigar har vore mellom 500 og 1000 årleg, med noko fråfall frå søknadstidspunkt til faktisk oppstart (ca. 20 pst). Ei førebels utrekning for dei første kulla som er innmelde i ordninga, viser ei fullføringsgrad på omtrent 90 pst, men her er det variasjonar avhengig av type studium (PPU eller YFL) og tilsetjingsforhold. I 2020 vart det utbetalt stipend til 469 nye deltakarar i ordninga i tillegg til 568 deltakarar som no hadde fullført PPU- og YFL-studium. Til saman utgjorde det 86,66 millionar kroner.

Sidan 2018 har det vore ein nedgang på omtrent 100 søknader frå skoleeigarar kvart år. Sjølv om talunderlaget er noko samansett og vanskeleg å tolke, kan det sjå ut som at nedgangen er størst for søknader om stipend til PPU-studium, noko som truleg kan forklarast med innføringa av masterkrav til PPU. Når det gjeld fullføring frå oppstart i stipendordninga til avslutta studium etter høvesvis to og tre år, ligg fråfallsprosenten mellom 10 til 12 prosent, med noko variasjon etter type studium og tilsetjingsforhold.

## Lokal kompetanseutvikling i barnehage, skole og fag- og yrkesopplæring

I 2020 vart det utvikla nye retningslinjer for tilskot til lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring. Desse retningslinjene vart fastsette som forskrift frå januar 2021 etter ein omfattande høyringsrunde. Tilskotsordninga omfattar regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage, desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnskole og vidaregåande skole og kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Ordninga skal bidra til styrkt kollektiv kompetanse i barnehagar og skoler ut ifrå lokale behov og gjennom partnarskap med universitet eller høgskole. Kompetanseløftet har i tillegg eit breiare og tverrsektorielt mål om at alle kommunar, fylkeskommunar, barnehageeigarar og skoleeigarar skal ha tilstrekkeleg kompetanse tett nok på barna og elevane til å kunne fange opp behov og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskild tilrettelegging.

Parallelt med nye retningslinjer for barnehage og skole er det utvikla retningslinjer for tilskotsordninga for kompetanseutvikling i fag- og yrkesopplæring. Denne skal bidra til å auke kompetansen og kvaliteten i vidaregåande skoler, i lærebedrifter og i fylkeskommunar.

I samband med iverksetjing av den nye kompetansemodellen inngjekk Utdanningsdirektoratet eit samarbeid med OECD om implementeringsstøtte. Dette samarbeidet vart inngått i 2017 og vart avslutta hausten 2020. OECD har i denne perioden gjennomført studiebesøk, stakeholderseminar med partane og relevante aktørar på alle nivå og møte i ei referansegruppe som vart oppretta i samband med prosjektet. Med bakgrunn i dette har dei utarbeidd ein undervegsrapport og ein sluttrapport, der dei har peika på aktuelle utfordringar og gitt tilrådingar om vidare utvikling. Parallelt med samarbeidet med OECD har det gått føre seg ein kontinuerleg prosess med vidareutvikling av kompetansemodellen i dialog med statsforvaltaren og partane.

Delrapport 5 av følgjeevalueringa av Kompetanse for fremtidens barnehage vart ferdigstilt i 2020 og omfattar blant anna evaluering av regional ordning. Rapporten ser mellom anna på partnarskapet mellom barnehageeigarar og universitet eller høgskole i arbeidet med å utvikle kompetansetiltak, og han var ein del av kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med regional ordning i 2020 og framover.

Konkret har arbeidd med kompetansemodellen i 2020 vore konsentrert om følgjande område:

- utvikling av nytt tilskotsreglement for kompetansemodellen
- utvikling av ein samla kommunikasjonsstrategi og nye nettsider for lokal kompetanseutvikling
- etablering av ei ny, partssamansett referansegruppe for tilskotsordninga
- tydeleggjering av rolleskildringar og mandat for samarbeidsforuma i fylka
- utvikling av malar for prioritering og innstilling av tiltak og malar for rapportering

### Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Som ei oppfølging av Meld. St. 6 har direktoratet i 2020 arbeidd med å utvikle og setje i verk tiltak knytte til kompetanseløftet. I 2020 vart det rekruttert nokre oppstartskommunar til kompetanseløftet i åtte fylke, og erfaringa frå desse blir viktige i den vidare utviklinga av kompetanseløftet. I alt 28 kommunar over heile landet deltek i denne oppstartsfasen, anten som enkeltkommunar eller i kommunegrupper. Både private og kommunale barnehagar og skoler deltek i tiltaka.

Frå 2021 startar implementeringa av kompetanseløftet i alle fylke, og signala frå statsforvaltarane viser at det er svært stor interesse frå kommunane om deltaking i Kompetanseløftet. Det vil derfor vere ei utfordring å kunne imøtekomme dette engasjementet, både i form av tilskot og i form av relevant kompetanseutvikling gjennom partnarskap med UH. Ei viktig satsing i 2020 var planlegginga og førebuinga av ein serie digitale regionale konferansar med sikte på informasjon og motivering til deltaking i kompetanseløftet. På grunn av koronasituasjonen vart sjølve gjennomføringa av konferansane utsett, og dei blir gjennomførte i perioden januar–mars 2021.

I tillegg vil kompetanseløftet omfatte vurdering og vidareutvikling av vidareutdanningstilbod, utvikling av støtteressursar og kompetansepakkar, nettverksbygging med UH og Statped og vidareutvikling av oppfølgingsordninga. Når det gjeld vidareutdanning, viser vi til utfordringane knytt til prioritering av vikar- og stipendmidlar. Det vil vere avgjerande at vi kan møte behovet og prioriteringane i kommunane også når det gjeld vidareutdanning for å sikre nødvendig spisskompetanse.

### Fagskole i oppvekstfag for barnehagetilsette

Barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar med minimum fem års erfaring frå arbeid med barn i barnehagen kan søkje studieplass ved fire fagskoler. Studia som blir tilbodne, skal gi deltakarane kompetanse innanfor tre fordjupingsområde: barn med særskilde behov, arbeid med språk, fleirspråklegheit og fleirkulturell kompetanse og arbeid med dei yngste barna i barnehagen. Det var i 2020 nokre utfordringar knytte til rekruttering og ein del fråfall, noko som mellom anna blir oppgitt å komme av koronapandemien.

Det har i 2020 vore særleg vanskeleg å rekruttere deltakarar til fordjupingsområdet «arbeid med dei minste barna i barnehagen», medan nokre studiestader rapporterer om stor søking til fordjupingsområdet «barn med særskilde behov». Fagskoletilbydarane samarbeider med lokale barnehageeigarar om å rekruttere deltakarar og dessutan gjennomføring av praksisarbeid i studieløpet.

### Barnehagefagleg grunnkompetanse

Direktoratet jobbar med å utarbeide nasjonale rammer for tiltaket barnehagefagleg grunnkompetanse. Målgruppa for tiltaket er nytilsette i barnehagen, utan erfaring eller kompetanse. Vi har hausten 2020 utarbeidd ulike modellar for e-læring til dette tiltaket. 2021 skal brukast til å utvikle den modellen som ein bestemmer seg for.

## Kompetanseutvikling for å sikre eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø

Alle barn og elevar har rett til eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø. For å få til dette må leiarar og tilsette i barnehagar og skoler ha høg kompetanse som fremjar eit inkluderande miljø, og som førebyggjer og handterer ulike former for krenkingar.

Utdanningsdirektoratet vurderte i 2020 pågåande etter- og vidareutdanningstiltak på barnehage- og skolemiljøfeltet. Vi la følgjande prinsipp til grunn for vurderinga og for tilrådingar om framtidige tiltak:

1. Barnehage- og skoleeigarar har hovudansvaret for kompetanseutvikling i barnehagar og skoler.
2. Staten må ha tiltak når barn i barnehagen og elevar på skolen ikkje får oppfylt retten sin til eit trygt og godt miljø.
3. Tiltak bør ta vare på heilskapen av føringane i regelverket. Dette omfattar også rammeplan for barnehagen og læreplanverket for grunnopplæringa.
4. Tiltak bør vere forskings- og kunnskapsbaserte og gi innsikt i ulike faglege perspektiv.
5. Tiltak bør stimulere til tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid der det er formålstenleg.

Vi jobbar for å få til betre samanheng mellom eksisterande tiltak og ordningar, heller enn å stimulere til mange tiltak. Dette gjeld tiltak i eigen sektor, som regional ordning for barnehage, desentralisert ordning for skole og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Direktoratet skal utvikle to nettbaserte kompetansepakkar om barnehagemiljø og skolemiljø på Utdanningsdirektoratets kompetanseportal. Desse vil vere gratis og opne for alle, og dei kan vere ei støtte i lokal kompetanseutvikling.

Inkluderande barnehage- og skolemiljø er tre eksisterande kompetanseutviklingstilbod som skal styrkje barnehagar, skoler, styresmakt og eigarar i å fremje trygge miljø og førebyggje, avdekkje og handtere mobbing og andre krenkingar. Fafo leverte i 2020 ein evalueringsrapport som omfattar dei tre kompetanseutviklingstiltaka. I alle dei tre kompetansetilboda er deltakarane i hovudsak svært fornøgde med innhaldet. Dei opplever at tilboda er tilpassa nivået til deltakarane, at dei er lærerike, og at dei ikkje er for

teoretiske. Barnehagedeltakarane er gjennomgåande meir fornøgde enn skoledeltakarane. Dette kan ha samanheng med at barnehagen ser rolla si som meir førebyggjande, og at skolene har eit større press for å handtere enkeltsaker. Fafo[12] peikar på at å endre haldningar og barnehage- og skolekultur er langvarige prosessar og noko som er vanskeleg å måle. Når dei undersøkjer deltakarane sine subjektive opplevingar, finn dei at eit stort fleirtal i dei tre tilboda meiner dei har fått auka kompetanse. Mange opplever også at deltakinga har ført til auka medvit og endra praksis, til dømes ved at dei raskare set inn tiltak når eit barn eller ein elev ikkje har eit trygt og godt miljø. Deltakarane rapporterer også om meir hensiktsmessige måtar å møte barn på og om ei betre forståing av vaksenrolla. Å planleggje og gjennomføre aktivitetar i læring og leik som byggjer fellesskap, og å ha gode samtalar med dei som er involvert i krenkingar, er døme på dette.

## Styrkt samarbeid med UH-sektoren

Direktoratet har eit omfattande samarbeid med UH-sektoren. Samarbeidet er av stor betydning for å gi tilsette i barnehage og skole gode kompetanseutviklingstilbod. Samarbeidet skjer på ulike måtar, mellom anna gjennom ulike referansegrupper, samarbeidsforum eller nettverk knytte til digitalisering, vidareutdanningstilbod og andre kompetanseutviklingstiltak som f.eks. regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage og desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skolen. I tillegg har vi ei observatørrolle i Universitet- og høgskolerådet-Lærerutdanning (UHR-LU) og Nasjonalt Forum for Lærerutdanning og Profesjonsutvikling (NFLP), og dessutan sekretariatsansvar for Fagleg råd for lærarutdanning. Direktoratet er også oppdragsgivar for ulike studietilbod og forskings- og evalueringstiltak, noko som også krev god dialog med UH.

I dialogen med UH-sektoren er direktoratet oppteke av å gi tydelege føringar når vi har ein styringsfunksjon, og å gi støtte når vi har dialog som ikkje inneber styring. Samtidig legg direktoratet vinn på å etterspørje relevant informasjon frå UH-sektoren, mellom anna for å utvide kunnskapsgrunnlaget for vidare samarbeid. Det at direktoratet nokre gonger er oppdragsgivar og andre gonger ein dialogpart med UH-sektoren, krev gjensidig respekt og at ein har ei avklart ansvars- og rollefordeling.
For å sikre eit godt og velfungerande samarbeid vurderer vi fortløpande behovet for justering av dette, f.eks. ved å opprette nye samarbeidsarenaer der det er behov, og avslutte arenaer som ikkje lenger er aktuelle.

---

12 Bjørnset et al., 2020b, Haugseth et al., 2020, Jørgensen et al., 2020, Utdanningsdirektoratet, 2019a og b, 2020b, c, d, e og f, Jørgensen et al., 2020.

## Mål 3: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket

Koronapandemien har sett sitt preg på arbeidet med regelverket i 2020. Vi har brukt mykje tid på å avklare rammene for barnehage- og opplæringstilbodet. Forholdet mellom mellombels koronaregelverk og det ordinære barnehage- og opplæringsregelverket har vore eit område med gjennomgåande stort behov for

rettleiing og avklaringar. Tilsvarande har det vore mange spørsmål knytte til forholdet mellom smittevernlovgivinga og sektorregelverket vårt. Vi har blant anna utarbeidd rettleiarar for smittevern for skoler og barnehagar i samarbeid med Folkehelseinstituttet i fleire omgangar. Det er vår vurdering at rettleiarane for smittevern på skole- og barnehageområdet har vore viktige verktøy for å sikre eit best mogleg opplærings- og barnehagetilbod under pandemien.

I 2020 har vi sett behov for eit dynamisk regelverk som tek høgd for den stadig endra kvardagen det skal verke i. Samtidig har det vore nødvendig med ei viss forutsigbarheit i kva for rammer som gjeld, trass i eit år prega av pandemi. Saman med Kunnskapsdepartementet og statsforvaltarane opplever vi å ha handtert denne balansegangen.

Direktoratet har jobba tett med både Folkehelseinstituttet, Helsedirektoratet og Barne- og familiedirektoratet under heile koronapandemien. Samarbeidet har gitt gode relasjonar som vi vil ta med oss inn i framtidige prosessar der det er behov for tverrfagleg samarbeid.

Vi ser at koronapandemien har bidrege til å setje fart i bruken av digitale løysingar. Særleg ser vi verdien av å ta teknologien i bruk i samarbeidet vårt med statsforvaltarane.

GSI-rapporteringar viser at koronapandemien har vore uheldig for tilbodet til elevar med spesielle behov, sjølv om situasjonen var betre hausten 2020 enn våren 2020. Dette gjeld både oppfyllinga av enkeltvedtak om spesialundervisning og særskild språkopplæring. Det er urovekkjande at sårbare elevar i mindre grad enn normalt ikkje får ei opplæring som er i samsvar med evner og behov. Vi må følgje nøye med på utviklinga framover. Direktoratet meiner også at det er grunn til å følgje nøye med på korleis pandemien har påverka skolemiljøet til elevane. Sjå omtale nedanfor om at talet på saker etter handhevingsordninga er vesentleg lågare i 2020 enn tidlegare år.

## Vi har måloppnåing trass i mange koronarelaterte oppgåver

Sjølv om vi har brukt mykje kapasitet og kompetanse på handteringa av koronapandemien, meiner vi å ha hatt måloppnåing i arbeidet med å sikre at barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket. Likevel ser vi at i fleire av utviklingsprosessane våre har vi ikkje komme så langt som vi hadde planlagt. Til dømes ser vi at arbeidet med å støtte innføringa av ny opplæringslov og planlegginga av arbeidet med å utarbeide forskrifter har komme noko kortare enn vi hadde planlagt. Vi har heller ikkje komme så langt som vi hadde ønskt, i å modernisere forvaltninga av friskoleområdet. Dette arbeidet vil vi halde fram med i 2021.

2020 har vore eit annleis år for tilsynsverksemda vår med frittståande skoler. Våren 2020 med stengde skoler og barnehagar gjorde at vi måtte avbryte all planlagd tilsynsverksemd. Hausten 2020 opna vi nye, men meir målretta og spissa tilsyn med friskolene, tilpassa risikobiletet i samband med koronapandemien. Likevel ser vi at vi har hatt mindre tilsynsverksemd i 2020 enn planlagt.

Utdanningsdirektoratet er opptekne av å ta i bruk dei moglegheitene digitalisering gir i vår oppgåveløysing. Også i 2020 har vi jobba aktivt med å utforske digitale måtar å løyse oppgåvene våre på. Vi tok til dømes i

bruk e-læring på regelverksområdet. Slike verktøy gjer oss i stand til å nå ut til mange fleire med informasjon tilpassa ulike målgrupper. I 2020 har vi også starta moderniseringa av saksbehandlingsverktøyet for friskoleforvaltninga, som er ein del av heilskapleg forvaltningsløysing. Formålet med denne moderniseringa er å førebu løysinga for åra som kjem. Ambisjonen er at ho skal bidra til meir effektiv og enklare saksbehandling med utgangspunkt i moglegheitene digitaliseringa gir.

Også innanfor regelverksområdet har fagfornyinga vore ei sentral oppgåve i 2020. Vi har behandla søknader om nye læreplanar for friskoler. Vi har også bidrege til å støtte innføringa av dei nye læreplanane gjennom forskriftsarbeidet om innføringstakt, individuell vurdering og klage på vurdering.

Arbeidet med å byggje opp den nye tilsyns- og rettleiingsoppgåva for private barnehagar sin økonomi har gått etter planen. Oppbygginga tek utgangspunkt i at vi vil overta oppgåva med å føre tilsyn frå kommunane 1. januar 2022. Rammevilkåra for tilsynet er enno i prosess. Til dømes er fleire sentrale delar av regelverket førebels ikkje avklart. Når regelverket er fastsett, vil det vere ei viktig oppgåve for direktoratet å utforske kva moglegheiter for kontroll det nye regelverket gir.

### Statsforvaltarane har bidrege med sentral informasjon om korleis koronapandemien påverkar barnehage og opplæringsområdet

I 2020 har embeta vore avgjerande for oppfølginga vår av barnehage- og opplæringssektoren under pandemien. Jamleg informasjon, rapportering og tett dialog har bidrege til at vi har kunna vurdere konsekvensane av smitteverntiltaka raskt og å finne gode og tilpassa løysingar til det beste for barn og unge.

Frå stenginga av barnehagar og skoler i mars har vi brukt statsforvaltaren for å innhente informasjon og rapportere på status og konsekvensar av smitteverntiltaka for barnehagebarn og skoleelevar. Vi har til saman gitt statsforvaltaren åtte oppdrag der dei blant anna har rapportert om tema som kommunane sine beredskapsplanar, skoleeigarane si vurdering av kvaliteten på undervisningstilbodet, tiltak for læringsprogresjon, tilbodet til barn og elevar med særskild rett til oppfølging og fråfall frå vidaregåande opplæring. I ein femvekersperiode etter at barnehagar og skoler opna igjen, gav vi statsforvaltarane i oppdrag å gjennomføre undersøkingar kvar veke av kva for konsekvensar smitteverntiltaka hadde for omfanget og det pedagogiske innhaldet i barnehage- og opplæringstilbodet som vart gitt.

Vi har under heile perioden bede statsforvaltaren om å følgje opp barnehage- og skoleeigarane der det er behov, for å sikre at eigarane følgjer regelverket så lenge pandemien varer.

Sidan starten på barnehage- og skoleåret 2020/2021 har vi bede statsforvaltaren fortløpande registrere tilfelle som avvik frå gjeldande regelverk og retningslinjer for smittevern. Den digitale løysinga for registrering har gitt Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet direkte tilgang, slik at dei har kunna nyttiggjere seg informasjonen i sitt vidare arbeid.

Rapporteringa gir ikkje eit fullstendig bilde, mellom anna på grunn av underrapportering. Informasjon om avvik frå gjeldande regelverk og retningslinjer for smittevern er avgjerande for at statsforvalterne skal kunna følgja opp barnehage- og skoleeigarar. Vi jobbar vidare saman med statsforvalterne for å sikra at dei får

tilstrekkeleg med informasjon, samtidig som vi ikkje påfører barnehage- og skoleeigarar større rapporterings- eller dokumentasjonskrav enn nødvendig.

### Vi jobbar gjennom statsforvaltarane

På rettstryggleiksområdet er rettleiing i regelverket, klagesaksbehandling og tilsyn med barnehagemyndigheitene og offentlege skoleeigarar delegerte til statsforvaltarane. For å nå måla på dette området er vi avhengig av innsatsen frå statsforvaltarane. Årsrapportar for 2020 frå statsforvaltarane ligg først føre 1. mars 2021. Styringsparameterane i tilknyting til avdekte brot på regelverket, talet på og utfallet i skolemiljøsaker og risikobaserte tilsyn vil vi derfor svare ut i samband med oppsummeringsrapporten, som har frist i slutten av april.
I 2020 har statsforvaltarane gjort ein stor innsats med å følgje opp barnehageeigarane og skoleeigarane under koronapandemien. Det har vore spesielt viktig å følgje opp etterlevinga av det mellombelse koronaregelverket og samspelet mellom sektorregelverket vårt og smittevernregelverket. Statsforvaltarane har gjort ein utrøytteleg innsats i å bidra til å sikre at barn og unge får eit best mogleg tilbod under koronapandemien.

## Fleire og meir treffsikre tilsyn

I tildelingsbrevet for 2020 heiter det at embeta skal ha auka bruk av tilsyn som verkemiddel der risikovurderingane tilseier det. I tillegg slo vi fast at tilsyn skal vere risikobasert og prioritert på område der faren for brot på regelverket er høg, og der det er store konsekvensar for barn, unge, vaksne og lærlingar.

Då Noreg vart stengt ned i mars, tilrådde vi embeta å ta omsyn til dette ved å ikkje opne nye tilsyn og vurdere å avlyse opna tilsyn der dei ikkje hadde fått dokumentasjon. I juni vart embeta bedne om å ta opp att tilsynsverksemda som normalt, basert på eigne risikovurderingar. Desse signala kan kanskje få betydning for om måla for 2020 blir oppnådde.

For tilsyna våre med dei frittståande skolene har eitt av måla for 2020 vore å ha fleire og meir treffsikre tilsyn, blant anna ved å føre fleire mindre tilsyn basert på konkrete risikovurderingar. Bakgrunnen for dette målet er at vi stadig ser ein stor udekt risiko for brot på regelverket. Derfor er det sentralt å bruke tilsynsressursane der dei kjem best til nytte.

I tillegg har vi vektlagt at tilsynsaktiviteten i særleg grad er retta mot utsette barn og unge. Dette er eit av dei strategiske satsingsområda til direktoratet i perioden 2018 til 2021. I 2020 hadde vi derfor planlagt å gjennomføre fleire tilsyn med tema om aktivitetsplikta skolen har for å sikre at elevane har det trygt og godt på skolen, og tilsyn på spesialundervisning. Direktoratet hadde også planlagt for tilsyn med skolene i utlandet. På grunn av koronapandemien måtte vi utsetje, innstille og avslutte alle stadlege tilsyn våren 2020. Direktoratet opprettheld dei aller fleste skriftlege tilsyna, men gav skolene utsett frist for innlevering av dokumentasjon.

Fire skriftlege tilsyn vart opna der vi såg på korleis skolene planlegg for, informerer om og følgjer med på spesielle problemstillingar som kan oppstå som følgje av utbrotet av koronaviruset, og som potensielt kan

påverke elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø.

Vi sende vedtak i sju tilsyn som omhandla friskoler sin handel med selskap med tette band til skolene. Desse pengane har ikkje komme elevane til gode. Det er eit brot på friskolelova, og vi har kravd å få pengane tilbake.

Vi har utarbeid 33 førebelse tilsynsrapportar i 2020. Alle tilsyna var skriftlege. Nedanfor følgjer ei oversikt over tema i desse tilsyna:

### Antall tilsynsrapportar i 2020

| Tilsyn | Antall |
|---|---|
| Gjennomføring av Elevundersøkinga | 12 |
| Styret sitt ansvar | 13 |
| Skolemiljø – korona | 4 |
| Økonomiforvaltning til skolen | 2 |
| Styret, dagleg leiar og spesialkompetanse | 1 |
| Skolemiljø: Aktivitetsplikt | 1 |

Direktoratet vil rapportere særskilt om erfaringane med val av tilsynstema og resultata frå desse tilsyna i ein eigen rapport som vi leverer innan fristen 30. april 2021.

Måloppnåing på dette området er avhengig av statsforvaltaren sin innsats. I styringsskriva våre til embeta har vi derimot lagt vekt på at dei skal bruke rett verkemiddel til rett tid. I denne samanheng skal all vurdering av oppfølging og val av verkemiddel vere basert på kunnskap om tilstanden på rettstryggleiksområdet. Vidare skal det vere auka bruk av tilsyn som verkemiddel der risikovurderingane tilseier det. Tilsyn skal vere prioritert på område der det er stor fare for brot på regelverket, og der brota vil ha store konsekvensar for barn, unge, vaksne og lærlingar. Dette betyr at dersom statsforvaltaren si vurdering av risiko avdekkjer at barn og elevar ikkje får eit godt tilpassa og inkluderande tilbod, må statsforvaltaren setje i verk verkemiddel dei meiner vil opprette ein lovleg praksis. På friskoleområdet har vi i 2020 gjort fleire skriftlege tilsyn basert på risiko vi har avdekt. Mellom anna har vi ført tilsyn med skolemiljø og den aktivitetsplikta som ligg til skolene for å sikre elevane eit godt skolemiljø.

### Førebyggjande arbeid er sentralt for å nå ambisjonen om eit trygt og godt skolemiljø for alle

Talet på skolemiljøsaker til statsforvaltaren var vesentleg lågare i 2020 enn for tidlegare år. Dette har truleg direkte samanheng med pandemien, men kva som er årsaka til at færre nyttar handhevingsordninga i 2020, er vanskeleg å seie. Talet på klagar til direktoratet låg i 2020 på omtrent same nivå som åra før. Vi vil følgje

med på utviklinga framover. Mengda på saker til statsforvaltaren kan ha betydning for kor effektiv handhevingsordninga verkar som rettstryggleiksmekanisme for elevar som ikkje har det trygt og godt på skolen. Målet er at det førebyggjande arbeidet skal føre til færre melde saker, men det er for tidleg å seie kva effekten av dette målet er allereie i 2020.

For å bidra til at statsforvaltarane praktiserer regelverket for skolemiljø og handhevingsordninga likt, har vi vore opptekne av å gi dei felles arbeidsverktøy gjennom oppdatert rundskriv om skolemiljø og saksbehandlingsrettleiing og publiserte tolkingsutsegner på FM-nett. I tillegg vil vi dele vedtaka våre i eit utval av klagesakene i skolemiljøsaker som vi har behandla. Vedtaka kan vere ei kjelde til å forstå regelverket og vil bidra til lik regelverkssutøving. I tillegg vil vedtaka våre kunne bidra til å gjere vedtaka frå embeta tilgjengelege for mottakaren og gjere dei tydelegare og gjerne kortare.

I 2020 har vi vore opptekne av at statsforvaltaren må jobbe meir førebyggjande og systematisk opp mot skoleeigarar og skoleleiarar for å bidra til eit trygt og godt skolemiljø. Vi veit at embeta bruker mykje tid og ressursar på å behandle saker gjennom handhevingsordninga. Vi reknar med at det vil vere hovudprioriteringa til embeta i 2020 òg, sidan ei dreiing mot å jobbe førebyggjande vil ta tid. Vi reknar også med førebyggjande arbeid vil føre til færre handhevingssaker på sikt. I tildelingsbrevet for 2021 har vi derfor ført denne tilnærminga vidare.

## Tilskot som verkemiddel

Utdanningsdirektoratet forvalta i 2020 ca. 80 tilskotsordningar, og 9 gjaldt ulike former for støtte som følgje av koronapandemien. Tilskotsordningane har ulike målsetjingar og målgrupper, og det er stor variasjon i talet på tilskotsmottakarar, kriterium for tildeling av tilskot, budsjettstorleik og forvaltning. Mange av tilskota har eit volumfremjande formål, som å setje i gang eller auke nivået på ein aktivitet. Elevtilskot til frittståande grunnskoler, tilskot til rettleiing for nyutdanna nytilsette lærarar og tilskot til symjeopplæring i barnehagar er døme på slike tilskot. I alt betalte direktoratet ut 8,9 milliardar kroner i tilskot, til tilskotsmottakarar som er spreidde ut over heile landet og i noka grad også i utlandet. For eit fåtal tilskotsordningar har direktoratet delegert forvaltninga til statsforvaltarane.

Tilskotsporteføljen blir kvart år følgd opp gjennom risikovurdering og kategorisering av den enkelte tilskotsordninga. Rapporten om tilskotsforvaltning og tilskotskontroll for 2019 viste at heile 96 prosent av tilskotsordningane våre er klassifiserte innanfor klasse 1 (tilskotsordningar med låg risiko) eller klasse 2 (middels risiko). Vi meiner derfor vi har god kontroll på tilskotsporteføljen, og at tilskota vi forvaltar, i all hovudsak oppfyller formåla sine.

Utdanningsdirektoratet er involvert i to større prosjekt relatert til tilskotsforvaltning. Det første prosjektet er eit arbeid saman med nokre av dei andre direktorata som er underlagde Kunnskapsdepartementet, der vi mellom anna ser på moglegheita for å effektivisere forvaltninga av tilskotsordningar og vurdering av lik metodikk og prosess for risikovurdering av tilskotsporteføljen. På grunn av koronapandemien har det vorte arbeidd lite med desse prosjektoppgåvene i 2020. Vi håper arbeidet kan starte opp igjen i 2021, men også avgjerda om å etablere eit direktorat for høgare utdanning og kompetanse kan påverke dette.

Det andre prosjektet er eit pilotprosjekt for utprøving av programfinansiering som eit verkemiddel for å nå dei målsetjingane som er sette for 0–24-samarbeidet. Dei 12 kommunane som deltek i pilotprosjektet, får lokal fridom til å utarbeide og setje i verk eit heilskapleg og samordna tenestetilbod der tilbod og tiltak blir sette inn tidleg og samordna, og der ulike fagtilnærmingar og -kompetansar på tvers av sektorar og tenester utfyller kvarandre og verkar saman. Gjennom prosjektet ønskjer ein å få meir kunnskap om effekten av ein fleksibel, større, meir heilskapleg, langsiktig og robust finansieringsmodell framfor dagens mange ulike sektor- og fagspesifikke tilskotsordningar. Den opphavlege perioden for pilotprosjektet var 2020–2022, men det har vorte forseinka hos kommunane og statsforvaltarane på grunn av meirarbeid i samband med pandemien. Prosjektperioden har derfor vorte forlengd ut juni 2023. Utprøving av programfinansiering innanfor 0–24-samarbeidet er i tråd med dei tilrådingane som ekspertgruppa gav i rapporten «Områdegjennomgang av øremerkede tilskudd til kommunesektoren» frå 2017.

## Vi utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, til å løyse oppgåvene våre

Frå 2011 og fram til slutten av 2019 har heilskapleg forvaltningsløysing (HFL) vorte utvida til å omfatte store delar av direktoratet si søknadsbehandling og godkjenning av frittståande skoler, forvaltning av tilskot- og prosjektmidlar og dessutan tilsyn av frittståande skoler. Løysinga blir nytta av, eller utfører tenester for, mange avdelingar på tvers av divisjonar i direktoratet. HFL er også eit heilt sentralt verktøy for det stadig aukande tilfanget av nye forvaltningsoppgåver.

Når vi i 2019 vurderte moglegheitene systemet kunne gi, såg vi ein del kjenneteikn som det måtte takast omsyn til når vi skulle utvikle den framtidige forvaltninga av HFL vidare. Her er nokre av kjenneteikna:

- Vi jobbar meir på tvers og må dele meir informasjon mellom avdelingar og divisjonar.
- Porteføljen blir stadig utvida med nye oppgåver.
- Organisasjonen vår og arbeidsprosessane våre er i stadig endring.
- Vi får stadig nye oppgåver på tilskots- og prosjektområdet frå departementet.
- Vi har krav om ei smartare, smidigare og meir effektiv forvaltning.
- Vi samarbeider med andre forvaltningsorgan om bruk av felles komponentar og tek også i bruk nasjonale felleskomponentar.

HFL hadde nokre utfordringar når det gjaldt å møte desse kjenneteikna. Mellom anna at totalløysinga var knytt tett saman på datanivå, at systemløysingane var knytte saman i store prosessar med mykje funksjonalitet, og at grunnlagsdata for fleire og nye aktørar ikkje kunne hentast frå nasjonale register. Den teknologiske utviklinga, med mellom anna skytenester og vertikalisering (konteinarteknologi), har gjort det mogleg på nye måtar å sikre at HFL vil vere ei løysing også for framtida.

Saman med dei overordna arkitekturprinsippa frå Digitaliseringsdirektoratet har vi lagt følgjande føringar for framtidig utvikling og forvaltning av HFL til grunn:

- Dei som bruker dei ulike systemløysingane, er ekspertar på sine oppgåver.

- Løysingar internt skal vere oppgåveorienterte.
- Løysingar mot sektoren skal vere prosessorienterte.
- Løysingane skal vere sjølvstendige og å ha ansvar for eigne data.
- Funksjonar og tenester skal vere avdelingsuavhengige.

For å oppfylle desse føringane har vi identifisert og vedteke ei oppdeling av løysinga i mindre vertikalar. Arbeidet med å dele opp HFL-porteføljen i vertikalar vart påbyrja i starten av 2020 og vil halde fram ut 2021.

Så langt ser vi at endringane (vertikaliseringa) vi gjennomfører, har gode gevinstar for både brukarane og for forvaltninga av HFL. For brukarane legg endringane betre til rette for å arbeide på tvers av avdelingar, grupper og fagområde. Løysinga blir opplevd som raskare, enklare og meir intuitiv. Det er enklare å hente ut rapportar og oversikter om aktørar med omsyn til informasjon om godkjenningar, tilskot og tilsyn.

For forvaltninga gjer små sjølvstendige vertikalar at behovet for langvarige periodar med oppgradering av teknisk rammeverk fell bort. Dei ulike vertikalane er ikkje lenger så avhengig av kvarandre, og det gjer at vi lettare kan tilpasse oss endringar i rammer og behov i sektoren. Det er også lettare for oss å ta i bruk nasjonale felleskomponentar og la andre leverandørar ta over eller levere vertikalar i same portefølje.

## Vi bruker digitale løysingar i arbeidet vårt med å formidle regelverket

Våren 2020 laga vi to kompetansepakkar (e-læringsverktøy) som skal gi støtte i arbeidet med regelverket. Kompetansepakkane gir ei oversikt over regelverket i temaa fag- og yrkesopplæring og tospråkleg fagopplæring og kan brukast som oppslagsverk ved seinare høve. E-læringsopplegget med temaet tospråkleg fagopplæring vart også sett inn som eit tiltak i integreringsstrategien. Målgruppene for kompetansepakkane er saksbehandlarar anten hos statsforvaltaren eller fylkeskommunen og skoleeigarane og tilsette ved skolene. Kompetansepakkane er publiserte på direktoratet sin eigen kompetanseportal. Vi har som mål at kompetansepakkane som rettar seg mot skoleeigarar og tilsette, skal bidra til betre regelverksetterleving. I dei tilfella der kompetansepakkane primært rettar seg mot statsforvaltarane, er målet at gjennomføringa av e-læringa skal gjere dei tilsette tryggare i rolla som regional forvaltar av regelverket.

Bakgrunnen for valet av temaet fag- og yrkesopplæring var at vi såg eit generelt behov for å auke kompetansen på fagopplæringsområdet i sektoren, noko som også tildelingsbrevet for 2020 gjorde tydeleg. Årsaka til valet av temaet tospråkleg fagopplæring var informasjon frå felles nasjonalt tilsyn i perioden 2014–2017, som viste utfordringar når det gjaldt etterlevinga av dette regelverket. Kompetansepakkane når ut til mange, og så langt har over 500 personar brukt kompetansepakken i fag- og yrkesopplæring, medan over 200 har brukt kompetansepakken i tospråkleg fagopplæring. Vi vil innan kort tid starte arbeidet med evaluering, slik at vi kan ha eit godt kunnskapsgrunnlag både til vidareutvikling og eventuell tilføying av kompetansepakkar innanfor fleire rettslege område.

## Vi legg vekt på behovet til dei som bruker tenestene våre, og tilpassar tenestene til behova deira

For at barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagemyndigheitene skal forstå og etterleve regelverket, må regelverket vere enkelt å forstå. Gjennom fleire år har vi jobba for å tilpasse rettleiinga til den enkelte målgruppa. Til dømes treng barnehageeigarar og skoleeigarar ein annan type informasjon enn foreldre og elevar.

I 2020 har vi starta arbeidet med støtte til innføring av nye reglar på barnehageområdet. Vi har publisert informasjonsmateriell på udir.no for å støtte barnehagane i arbeidet med å informere om retten til eit trygt og godt barnehagemiljø. Vi har også publisert artiklar om endringane i barnehagelova og oppdatert nettsidene om regelverket. Vi har som mål at rettleiinga vår skal bidra til at endringane i regelverket blir kjende både for statsforvaltarane og i sektoren, og gje ei betre etterleving av regelverket.

### Vi jobbar for å gjere regelverket enkelt å forstå

Barn, unge og foreldre er ein viktig pådrivar for å sikre at regelverket blir etterlevd. Dei må derfor vite kva krav regelverket stiller til barnehagar og skoler, og kva rettar dei har etter lova. Derfor er vi opptekne av å formidle regelverket til barn, unge og foreldre på ein måte og med eit innhald som er direkte retta mot dei. I kommunikasjonen vår med elevar og foreldre i klagesaker etter handhevingsordninga er vi til dømes opptekne av at dei skal forstå kva vedtaka betyr for dei. I arbeidet vårt som klageinstans for vedtak frå fylkesmennene i skolemiljøsaker har vi lagt ned eit betydeleg arbeid med å gjere vedtaka våre brukarretta.

Vi har utarbeidd informasjonsmateriell om regelverket som gjeld under koronapandemien, mellom anna informasjonsbrev til foreldre til bruk i barnehagar og skoler og plakatar for barnehagar og skoler som dei kan laste ned. Plakatane rettar seg mot barn, elevar og foreldre og inneheld mellom anna informasjon om smitteverntiltak og sjekkliste frå smittevernrettleiarane.

For å gjere vedtaka våre meir tilgjengelege for elevar og foreldre jobbar vi enno med å forenkle dei. Vi er særleg opptekne av klart språk og unngår bruk av framandord og vanskelege formuleringar. Det har også vore viktig for oss å ikkje skrive for lange vedtak, men vere presise og tydelege. Tilbakemeldingane frå elevar og foreldre er at vedtaka våre har vorte enklare å forstå.

## Vi har rettleia friskolene i arbeidet med nye læreplanar tilpassa fagfornyinga

Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20) vart innført frå hausten 2020. Friskolelova stiller krav om at skolene skal drive etter læreplanar som er godkjende av direktoratet. Skulane skal anten følgje dei læreplanane som gjeld for offentlege skoler, eller læreplanar som på annan måte sikrar elevane jamgod opplæring (alternative læreplanar). Friskular har teke i bruk nye læreplanar etter fagfornyinga frå hausten 2020, og skoler med alternative læreplanar har søkt om godkjenning av nye alternative læreplanar.

Rettleiing om krav til alternative læreplanar og fristar for søknader vart publiserte på udir.no i god tid før søknadsfristen. Alle friskoler fekk same informasjon på e-post. Vi har hatt tett kontakt med friskoleorganisasjonane, forbunda og enkeltskoler gjennom prosessen. Arbeidet med å vurdere læreplanane er omfattande, og ikkje alle skoler har like mykje kompetanse i å utvikle læreplanar. Kvaliteten har vore variabel. Så godt som alle læreplansøknader har derfor vore gjennom fleire rundar med rettleiing, både med

enkeltskular og med organisasjonar som representerer eit skoleslag. Sjølv om dette har vore ressurskrevjande, meiner vi det har vore viktig at skolene sine læreplanar vart godkjende før skolestart, og at dei var jamgode med LK20. Friskolene sine læreplanar er forpliktande for den opplæringa friskolene tilbyr. Læreplanar av god kvalitet er viktig for opplæringa i friskoler, og vil ha effekt for alle elevane. Det er og viktig at planane sikrar elevane jamgod opplæring sett opp mot offentlege læreplanar. Vi ser at gode læreplanar som kan brukast av fleire skoler også kan heve kvaliteten på nye friskolesøknader i tida framover.

## Vi har definert vår rolle innan personvern i barnehagar og skoler

Barn, elevar og lærarar sin rett til personvern er noko blir stadig meir aktuelt. Innføringa av GDPR har sett personvernet høgare på dagsordenen, og digitale løysingar tvingar fram spørsmålet om sikker handtering av personsensitiv informasjon. Sjølv om det er barnehage- og skoleeigarane som er ansvarlege for personvernet, ser vi at det blir eit stadig større behov for rettleiing om personvern i barnehagar og skoler. Vi ser at det er behov for at direktoratet tek ei meir definert rolle i rettleiinga om personvern på ansvarsområda våre, samtidig som vi må sørgje for ei formålstenleg arbeidsdeling med mellom anna Datatilsynet og andre sentrale aktørar, som til dømes KS.

Vi er opptekne av at tiltaka vi skal jobbe med, er baserte på identifiserte behov i barnehage- og skolesektoren. Vi er også opptekne av å bruke ressursane våre mest mogleg effektivt. Vi har derfor sett som mål for arbeidet å nå breitt ut til mange med den rettleiinga vi gir. Vi vil starte med rettleiing om personvern i samband med vår særlovgiving. Vi meiner det er viktig å fokusere på område der personvernomsyn er spesielt viktig å ta vare på. Dette gjeld t.d. område der brukarane har individuelle rettar, som rett til spesialundervisning og rett til eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø.

I 2020 har vi også hjelpt departementet i arbeidet med høyring om endringar i opplæringslova, barnehagelova og friskolelova om behandling av personopplysningar. Dette har vore eit ressurskrevjande arbeid som har involvert fleire avdelingar i direktoratet.

## Tilsyn og rettleiing for private barnehagars økonomi

I tildelingsbrevet for 2020 fekk direktoratet oppgåva med å byggje opp eit nytt nasjonalt økonomisk tilsyn med private barnehagar. Tilsynet er lagt til direktoratet sitt kontor i Molde.
Målsetjinga er at vi skal ha eit fagmiljø som kan overta oppgåva med økonomisk tilsyn – og rettleiing av private barnehagar når denne oppgåva blir overført frå kommunane til nasjonalt nivå.

Etableringa av det nye tilsynet er så langt gjennomført ved å frigi eigne ressursar i kombinasjon med å leige inn ressursar frå enkelte statsforvaltarar. Tanken er å fase ut dei mellombelse ressursane i takt med at vi rekrutterer permanente ressursar. I 2020 har vi rekruttert leiar av det nye tilsynet og dessutan første runde med medarbeidarar. Desse vil vere på plass første kvartal 2021. Samtidig er vi i gang med ytterlegare rekruttering.

Arbeidet i 2020 har vore fokusert på å klargjere føresetnadene for at dette arbeidet kan lykkast. Det viktigaste

her er at det kjem på plass eit regelverk som gjer det mogleg å utøve god kontroll og utføre tilsyn med dei private barnehagane. Kontroll- og tilsynsarbeidet vil også danne eit kunnskapsgrunnlag som vil gjere det enklare å treffe godt med dei tiltaka som må setjast i verk for å rettleie dei private barnehagane.

Det er også gjennom 2020 lagt ned eit arbeid i å starte innhentinga av eit risikobilete av sektoren. Her har vi teke utgangspunkt i innrapporterte data frå barnehagane i BASIL. Vi har arbeidd med innrapporterte data knytt til risiko, og har utvikla eit eige verktøy som gjer det mogleg å vurdere risiko mellom ulike typar av aktørar opp mot det som er fastsett i lov og forskrift. Det er enno for tidleg å seie noko sikkert om risikobiletet for sektoren samla sett, men vi vil arbeide vidare med dette i samband med oppbygginga av det nasjonale organet. Risikobiletet vil også vere påverka av dei endelege krava som blir sette i lov og forskrift. Dette gjeld både med omsyn til dei private barnehagane og til kommunane si fastsetjing av tilskot.

Det er inngått rammeavtalar som sikrar direktoratet tilgang på juridiske, økonomiske og revisorrelaterte ressursar i dei sakene der det er nødvendig.

## Mål 4: Barnehageeigarar og skoleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av barnehagane og skolene sine og overfor lærebedrifter

I 2020 har vi jobba for å vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget, både når det gjeld forsking, analysar og statistikk. Vi har prioritert formidling og brukarinvolvering. Arbeidet med analysebrett, Utdanningsspeilet og ekstra datainnhentingar og forsking i samband med koronasituasjonen er døme på dette. Vi har også fleire større utviklingsoppgåver i 2021 som skal bidra til å ytterlegare fornye kunnskapsporteføljen og gjere den endå meir brukartilpassa. Døme på større prosjekt er revisjon av Elevundersøkinga, vidareutvikling av analysebrett og vidareutvikling av formidling av statistikk og forsking på udir.no. Utdanningsdirektoratet har i oppdrag å støtte opp om barnehagesektoren og skolesektoren si kvalitetsutviklinga av eigne barnehagar, skoler og lærebedrifter. Oppdraget blir løyst både ved å gjere relevant kunnskapsgrunnlag lett tilgjengeleg gjennom ulike plattformer og verktøy og å tilby støtte, opplæring og rettleiing.

Utdanningsdirektoratet skal også hjelpe Kunnskapsdepartementet med å gjere gode, kunnskapsbaserte vurderingar når dei utviklar politiske tiltak på nasjonalt nivå.

Kunnskapsgrunnlaget skal hjelpe sektorane med å vidareutvikle skoler og barnehagar ved å leggje grunnlaget for gode avgjerder.

### Bruken av verktøya og publiseringane til direktoratet

Udir.no er inngangsporten til kunnskapen, tala og verktøya til direktoratet. For at sektoren skal gjere seg nytte av innhaldet må det vere bygd opp slik at det er lett å finne fram. Sidene på udir.no om statistikk, forsking, rapportar og analysar hadde 480 000 besøk og 2,1 millionar sidevisningar i 2020. Det er omtrent på nivå med 2019. I tillegg hadde sidene om brukarundersøkingane 478 000 besøk og 1,8 millionar sidevisningar.

Vi opplever at det er eit stort spenn i sektoren i føresetnadene dei har for å gjere seg nytte av informasjonen og verktøya vi tilbyr. Vi veit at mange har høg kompetanse og eigne system og etterspør rådata, men vi ser også at mange ønskjer enklare verktøy med berre eit utval av indikatorane vi publiserer. Det er ein avveging kor langt direktoratet skal gå i å tilby ferdigsydde løysingar, og kor mykje lokale nivå kan forventast å velje ut relevant kunnskapsgrunnlag og analysere dette på bakgrunn av kjennskapen dei har til lokale forhold.

Det har komme fleire tilbakemeldingar frå barnehage- og skoleeigarar om at det kan vere vanskeleg å orientere seg i kunnskapsgrunnlaget fordi det blir publisert i mange kanalar. Til dømes etterlyser mange hjelp til å vurdere kva tal og indikatorar det er mest interessant å bruke når ein skal vurdere tilstanden på eins eige område.

Å hjelpe sektoren med bruken av kunnskapsgrunnlaget dreier seg dermed både om å gjere det lett tilgjengeleg og å tilby støtte og opplæring i bruk av statistikk og verktøy.

Ein måte å møte ulik kompetanse og behov hos skole- og barnehageeigarar på er å tilby differensierte inngangar til kunnskapsgrunnlaget – både statistikk, verktøy, analysar og forskingsoppsummeringar. Ulike inngangar betyr både at det er ein samanheng i kunnskapsgrunnlaget vi forvaltar, slik at dei ulike delane utfyller kvarandre, samtidig som det er valmoglegheiter ut ifrå behov og føresetnader.

Analysebrettet er eit døme på ei løysing som på ein enkel og visuell måte skal presentere nøkkelindikatorar og fakta på barnehage- og skolefeltet, som til dømes foreldreundersøkinga i barnehagen, Elevundersøkinga og nasjonale prøver.

Analysebrettet og statistikkbanken til direktoratet skal til saman erstatte Skoleporten, som blir lagd ned første kvartal 2021. Statistikkbanken og analysebrettet, saman med analysenotat og andre verktøy, skal til saman gi sektoren valfridom og differensiering i korleis dei ønskjer å bruke statistikken og kunnskapsgrunnlaget til direktoratet. Analysebrettet vil gi hjelp til å velje indikatorar og til å visualisere og analysere data, medan ein kan gå vidare til statistikkbanken for å finne fleire tal. Analysenotata og djupdykk kan hjelpe barnehage- og skoleeigarar med å finne hovudmønstera i tala og inspirere til lokalt analysearbeid.

Målgruppa for analysebretta for barnehage og skole er små og mellomstore kommunar. Vi har erfart at desse kommunane har minst ressursar til å drive analysearbeid og i størst grad etterspør hjelp. Analysebretta blir utvikla i tett dialog med representantar for målgruppene, mellom anna med jamlege innspelsrundar med breitt samansette grupper.

Analysebretta for barnehage og skole er planlagde lanserte i første halvdel av 2021. Det vart i tillegg lansert eit analysebrett for yrkesfaga i november 2020.
Det går føre seg eit arbeid med å sørgje for at analysebrettet, statistikkbanken og analysane er godt integrerte på nettsidene våre.

Det blir sentralt å kommunisere overgangen frå Skoleporten til statistikkbanken og analysebrettet på ein god måte, slik at sektoren opplever dei nye verktøya som ein styrke i analysearbeidet. Dei siste åra er all statistikk frå Skoleporten flytta over til Utdanningsdirektoratet sin eigen statistikkbank. Skoleporten hadde 356 000

besøk i 2020.

## Brukarundersøkingar

Brukarundersøkingane våre er verktøy som gir eit godt grunnlag for at barnehage- og skoleeigarar skal kunne bruke informasjonen om eiga verksemd i utviklingsarbeidet sitt. Undersøkingane gir også nyttig informasjon til policyutvikling. Resultata frå brukarundersøkingane er viktige for barnehage- og skoleeigarane når dei skal vurdere tilstanden i sin eigen sektor. Til dømes inngår dei som ein del av tilstandsrapport og ståstadanalyse og analysebrettet.

Trass i ein krevjande smittesituasjon med smitteverntiltak på gult (og raudt) nivå var deltakinga i Elevundersøkinga høg i 2020. Vi ser også at mange har svart på undersøkinga med ei e-postlenkje, noko som kan tyde på at fleire har svart på undersøkinga heimanfrå. Resultata frå brukarundersøkingane vil vere spesielt interessante når sektoren skal vurdere konsekvensar av utfordringar i samband med covid-19-situasjonen.

Over 700 000 svarte på Udir sine brukarundersøkingar i 2020: Elevundersøkinga (over 550 000), lærlingundersøkinga (litt over 20 000) og foreldreundersøkinga i barnehagen (nesten 130 000).

Direktoratet har over ein lengre periode vurdert behovet for ein gjennomgang av Elevundersøkinga basert på utvikling og regulering på skolemiljøfeltet og innføring av fagfornyinga. Evalueringar og tilbakemeldingar peikar også på behov for å endre lengda på undersøkinga og ordlyden i spørsmåla slik at dei er betre tilpassa elevane som skal svare. Alt i alt skal Elevundersøkinga utformast på ein slik måte at ho er eit relevant og oppdatert verktøy for lokal skoleutvikling og for kvalitetsarbeidet til nasjonale styresmakter. Det skal leggjast til rette for at data frå undersøkinga skal kunne overførast til relevante system i tråd med vurderingar av rettslege avgjerder og kva data som er eigna.

Revisjonsarbeidet skal ha ein open og inkluderande prosess, og sørgje for ei brei involvering undervegs. Vi vil vektleggje brukarbehov og få innspel mellom anna frå elevar, lærarar, skoleeigarar, statsforvaltarar, KD, organisasjonar, forskingsmiljø og interessegrupper.

Direktoratet har over tid fått eit solid kunnskaps- og statistikkgrunnlag om gjennomføring og overgangar i vidaregåande opplæring, men har hatt mindre kunnskap om overgangen til arbeidslivet, som er spesielt relevant for yrkesfag. I 2020 har vi fått ny kunnskap gjennom fagarbeidarundersøkinga, som undersøkjer relevansen til fagopplæringa i arbeidslivet, både frå fagarbeidarane og arbeidsgivarane sitt perspektiv. Vi har også fått på plass ein betre og meir detaljert sysselsetjingsstatistikk, som mellom anna viser andelen sysselsette fordelt på lærefag og sysselsetjingsstatusen også til lærekandidatar og kandidatar som har teke fagopplæring i skole.

## Tverretatleg kunnskapsgrunnlag på oppvekstfeltet

Det er ikkje berre på utdanningsfeltet at sektoren ønskjer enklare tilgang til statistikk og kunnskap. Gjennom 0–24-prosjektet er det avdekt at mange kommunar sakna ei felles ressursside for statistikk på oppvekstfeltet.

Oppvekstprofilane svarer ut dette oppdraget og er eit produkt av eit samarbeid mellom velferdsdirektorata og FHI. Oppvekstprofilane inneheld rundt 30 indikatorar på oppvekstfeltet med moglegheit for samanlikning med fylket og landet. Utdanningsdirektoratet har vore ein del av arbeidsgruppa og hatt eit særskilt ansvar for indikatorar som gjeld barnehage og skole, og som inngår i oppvekstprofilane.

## Kunnskapsgrunnlag om korona

Koronasituasjonen med heimeskole og skole med strenge smitteverntiltak medførte eit stort kunnskapsbehov, både om infrastruktur og teknologiske føresetnader for digital undervisning og om konsekvensar for læring og skolemiljø av heimeskole og smitteverntiltak.

Rett etter nedstenginga vart det nedsett ei ekspertgruppe (med deltakarar frå Udir, Bufdir og Hdir) som skulle vurdere tiltak på barnehage- og skoleområdet. Som ein del av avgjerdsgrunnlaget utarbeidde vi eit kunnskapsgrunnlag om konsekvensar av digital undervisning og heimeskole. Kunnskapsgrunnlaget var på det tidspunktet mangelfullt, i og med at ein aldri hadde opplevd stengde skoler i dette omfanget.

Det vart igangsett fleire kunnskapsinnhentingar i løpet av våren og hausten, mellom anna ei spørjing blant lærarar i den «akutte» fasen i april. I tillegg var korona tema i spørjingane i haust, og det vart igangsett tre eigne forskingsprosjekt. Ei erfaring har vore at det er spesielt nyttig med rammeavtalar i denne situasjonen, slik at ein sparer tid og får viktig kunnskap raskt.

Vi har også gjennomført fleire ekstra datainnsamlingar om koronasituasjonen, både statistikkrapporteringar (Basil og GSI), talet på permitterte og oppsagde lærlingar og spørjingar til sektorane. I tillegg har statusoppdateringar frå statsforvalteren vore med på å utfylle kunnskapsgrunnlaget. Vi opplevde å få mykje nyttig informasjon gjennom dei ekstra datainnsamlingane, men såg samtidig at risikoen for feil og misforståingar er til stades når innsamlinga skal gjennomførast med stort tidspress og det ikkje er tid til dei vanlege kvalitetssikringsrutinane. Desse erfaringane må vi ta med oss i nye ekstra datainnsamlingar i 2021.

Kunnskap både frå eigne prosjekt og frå forsking vart brukt i kunnskapsgrunnlaget for ekspertgrupperapport 2, som var eit tverrsektorielt avgjerdsgrunnlag for vurdering av konsekvensar av strenge smitteverntiltak i barnehagar og skoler.

Det var vore ei lærerik erfaring å samle inn og bruke kunnskap så direkte i pågåande avgjerdsprosessar, t.d. om skolestenging og smitteverntiltak, og å samanlikne ulike typar datakjelder og få desse til å supplere kvarandre.

Gjennom samarbeid i koordineringsgruppa for tenester til sårbare barn og unge har vi bidrege til rapportering og samordning av informasjon mellom ulike direktorat for å synleggjere konsekvensar av smitteverntiltak for utsette grupper.

Konsekvensar av koronaepidemien for skoler og barnehagar var også tema for Utdanningsspeilet 2020, som samla både eigeninitiert og anna forsking og andre kjelder til kunnskap om konsekvensane. Mellom anna Ungdata og andre studiar frå Oslomet.

Koronasituasjonen har også hatt betydning for pågåande oppdrag, ved at det i fleire prosjekt har vore vanskeleg å gjennomføre feltarbeid i skoler og barnehagar. Til dømes vart PISA utsett eitt år frå 2021 til 2022 på grunn av utfordringar med å gjennomføre generalprøva (field trial) i 2020 på grunn av stengde skoler.

Samtidig ser vi at koronasituasjonen har medført utfordringar og manglar i statistikkgrunnlaget vårt. Mellom anna fekk vi eit tidsbrot i fråværsstatistikken som vi ser vil halde fram i 2021. Avlyste eksamenar gir også tidsbrot i karakterstatistikken og endringar i statistikken for grunnskolepoeng. Vi har gjort ekstra analysar for å svare på korleis manglande eksamenskarakterar påverkar karaktersnittet for 2020-kullet, og eit ekstra djupdykk i dei viktigaste forskjellane mellom eksamenskarakterar og standpunktkarakterar.

Koronasituasjonen har også gjort dei årlege innsamlingane for grunnskole og barnehage meir utfordrande fordi eitt fast teljetidspunkt ikkje klarer å fange opp ein situasjon med stadig endra rammevilkår. Det er sannsynleg at vi gjennomfører ekstra datainnsamlingar både på grunnskole og barnehage også i 2021 for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag.

Koronasituasjonen har ikkje gått over. Det vil derfor framleis vere behov for kunnskap, både om korleis skoler og barnehagar innrettar kvardagen, og om dei langsiktige konsekvensane av heimeskole og smitteverntiltak.

## Forsking og internasjonale undersøkingar

I 2020 har dei første leveransane frå evalueringa av fagfornyinga og evalueringa av rammeplanen komme. Desse evalueringsprosjekta har eit eige programstyre som gir tilbakemeldingar til forskarane, noko vi meiner har bidrege til høgare kvalitet på forskinga. I tillegg bidreg begge dei store evalueringsprogramma til å redusere mengda småoppdrag, fordi funna kan belyse mange problemstillingar. Dette gjeld særleg evaluering av rammeplanen, der ein dekkjer mange av problemstillingane på barnehagefeltet og samlar inn informasjon frå alle aktørar, frå nasjonale styresmakter til foreldre. Vi bør vurdere om denne modellen bør brukast oftare. Vi har fleire gonger erfart at det kjem inn få tilbod på mindre forskingsoppdrag, og at det kan gå ut over kvaliteten på dei tilboda vi får inn. Også evalueringa av norm for lærartettleik er eit døme på eit større forskingsoppdrag som går føre seg over tid, og som belyser fleire sentrale og nærskylde problemstillingar. Evaluering av 6-årsreforma er no i gang, og første rapport kjem i februar.

## Støtte til bruk av kunnskapsgrunnlaget

Statsforvalteren har i verksemds- og økonomiinstruksen i 2021 fått i oppdrag å rettleie slik at skoleeigarar og skoler tek i bruk resultat og kunnskapsgrunnlag frå brukarundersøkingane, analysebrett, statistikk på udir.no og tilgjengelege analysar i dei lokale prosessane med kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling. Direktoratet arrangerte i desember 2020 ei fellessamling for FM og direktoratet for felles kompetanseutvikling for å styrkje analysekompetansen i sektoren. Det er også innført ein forfase i oppfølgingsordningen for å styrkje analysekompetansen. Kommunane skal med bistand av fylkesmannsembeta og eksterne rettleiarar analysere eigne data for å danne seg eit utfordringsbilete og planleggje tiltak og utviklingsarbeid i neste fase. Forfasen strekkjer seg over 1 år.

Udir har i 2020 oppdatert nettsidene sine om kompetanse og kvalitet for å gjere støtta til å analysere og vurdere kompetanse og kvalitet i barnehage og skole lettare tilgjengeleg. Vi har brukartesta sidene, og i 2021 skal vi følgje opp brukartesten ved å gjere nettsidene endå meir relevante. Mellom anna vil vi publisere ei nettside om bruk av tal og data til skoleutvikling.

## Mål 5: Barnehageeigarar, skoleeigarar og barnehagestyresmakter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeidet og dei administrative oppgåvene

Direktoratet har dei siste åra arbeidd målretta for å auke den digitale kompetansen hos tilsette i barnehagen og grunnopplæringa slik at dei kan utnytte dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar. Innsatsen har vore knytt til stimulering til betre og auka bruk av digitale læremiddel, utvikling av dei digitale fellesløysingane til sektoren, arbeidet med standardisering av digital læringsteknologi, kompetansepakkar for bruk av digitale løysingar og styrkt informasjon om personvern i sektoren. Tiltaka på desse områda er av varierande storleik, og direktoratet har ulike roller.

Analysebrettet (sjå omtale under brukareffektmål 4) er eit døme på ei digital løysing som på ein enkel og visuell måte skal presentere nøkkelindikatorar og fakta på barnehage- og skolefeltet. Analysebrettet skal støtte skoleeigar og skoler administrativt og fagleg i arbeidet med kvalitetsutvikling.

Det er ei gunstig utvikling i digital praksis og kompetanseheving samanlikna med tidlegare år. Skole- og barnehageeigarar prioriterer i større grad heilskapleg, både når det gjeld infrastruktur, utstyr og heving av digital kompetanse, men det er framleis område der det er behov for forbetring.

Våren 2020 vart undervisning i grunnskolen og vidaregåande skole på kort varsel heildigitalisert i perioden med heilt eller delvis stengde skoler. Gjennomføring av undervisning der både lærarar og elevar var heime, var krevjande for sektoren, og vi såg forskjellar i kapasiteten skolene hadde til å sikre kvalitet i opplæringa med digital undervisning. Digital undervisning er avhengig av god styring på skoleeigar- og skoleleiarnivå, god nok digital infrastruktur og profesjonsfagleg digital kompetanse. Kunnskapsgrunnlaget som vart henta inn i samband med koranapandemien, viste at stenginga i stor grad påverka skolene til å bruke meir og fleire digitale moglegheiter, medan skoleeigarar i mindre grad vart påverka.

Auka bruk av digitale verktøy og digitale ressursar som følgje av skolestenginga har medført eit betydeleg kompetanseløft hos mange lærarar. Godt over 90 prosent seier at dei har fått litt eller mykje betre digital kompetanse etter 12. mars (Federici og Vika 2020). Andelen som seier at kompetansen deira har vorte mykje betre, er størst blant lærarane i barneskolen og lærarane på reint yrkesfaglege skoler.

Barnehagesektoren har i stor grad tilgang på digitale verktøy, og bruken har auka i 2020, hovudsakleg til dokumentasjon av pedagogisk aktivitet og regelmessig kommunikasjon med føresette. Styrarane vurderer det slik at kompetansen blant dei tilsette er lågast når det gjeld å bruke digitale verktøy i kreative og skapande aktivitetar saman med barna. I denne samanhengen dreier dette seg om dei praktiske evnene til

barnehagetilsette og evna deira til å bruke digitale verktøy i arbeidet med barna (Naper mfl. 2021). Det viser at det er behov for å satse ytterlegare på kompetanseheving for barnehagetilsette.

Vi ser framleis variasjon i kor modne kommunane er på digitaliseringsfeltet. Frå eit statleg perspektiv er det viktig å bidra til at digitalisering kjem høgt på dagsordenen i sektorane, og at vi tek ei aktiv rolle i samhandling med barnehage- og skoleeigarane.

## Bruk av digitale læremiddel

Det finst i dag ingen system for å innhente faktiske data om bruk av digitale læremiddel. Direktoratet har indikasjonar på utviklinga i form av tal på samla bruk av Feide marknadsinformasjon frå bransje og skoleeigarar og opplysningar om oppslutning om tilskotsordningar.

Direktoratet ønskjer eit betre kunnskapsgrunnlag og har starta eit arbeid med å sjå på kva moglegheiter vi har for å bruke data frå Feide spesifikt knytt til bruk av digitale læremiddel.

2020 vart eit spesielt år når det gjeld bruken av læremiddel. Covid-19-situasjonen bidrog til ein formidabel vekst i bruk av digitale løysingar våren 2020. Mange leverandørar tilbaud gratis tilgang våren 2020, og kommunane fekk ekstra midlar både gjennom tilskot til fagfornyinga og gjennom innkjøpsstøtteordninga for digitale læremiddel. Likevel melde delar av bransjen og innkjøpsledda om ein avgrensa vekst i innkjøp av digitale læremiddel hausten 2020. Direktoratet trur at dette har to hovudforklaringar. Den første er at skolene og skoleeigarane var i ein krevjande ressursmessig situasjon når dei skulle handtere og planleggje tiltak koronatiltak. Dei hadde få eller ingen ressursar til planlegging og gjennomføring av innkjøp. Den andre er knytt til innføringa av nytt læreplanverk, som førte til at ein del skoleeigarar valde å sjå an læremiddelsituasjonen og bruke litt meir tid på avgjerdene enn normalt. Ei mogleg tredje forklaring kan vere at lærarar vel å setje saman eige læremateriell for elevane, og at dei bruker andre digitale ressursar som ikkje nødvendigvis medfører innkjøp av lisensar til læremiddel.

Utdanningsdirektoratet har i lengre tid stimulert til utvikling av digitale læremiddel på område der det ikkje finst ein kommersiell marknad, gjennom tilskotsordningane for utvikling av læremiddel. Gjennom tiltaka i den teknologiske skolesekken er det gitt tilskot til utvikling av innovative og smarte læremiddel i den kommersielle marknaden. Desse tiltaka har bidrege til å auke tilgangen på digitale læremiddel.

I 2019 og 2020 fekk kommunane og fylkeskommunane tilskot til innkjøp av digitale læremiddel gjennom Den teknologiske skolesekken. Ordninga er betre kjend i 2020 enn ho var i 2019. Tilskotsordninga har bidrege til at elevar i norsk skole har fått betre tilgang på digitale læremiddel som oppfyller kriterium som mellom anna parallellitetskrav, krava om personvern i personvernlovgivinga og krav til universell utforming. I 2020 fekk vi 253 søknader frå kommunar og fylkeskommunar, og 111 millionar kroner vart fordelte på søkjarane.

Tilbakemeldingar frå KS viser også at fleire skoleeigarar vurderer skoleåret 2020/2021 som ei prøveordning og ein unntakstilstand i god forstand. Tilskotsordninga til direktoratet gav rom for å prøve ut nye ressursar og for å finne ut korleis dei ønskjer å prioritere innkjøp i åra framover. Fleire skoleeigarar har tilrådd skolene å

bruke skoleåret til å undersøkje behovet for læremiddel i lys av LK20.

Ein annan faktor som KS peikar på, er at kommuneøkonomien ikkje tillèt oppgradering av alle læremiddel på eit år. Dei nemner også at det har vore krevjande for kommunane å handtere korona, setje seg inn i nytt læreplanverk og vurdere læremiddel samtidig. Samtidig har kommunane og fylkeskommunane ambisjonar om å få betre oversikt og kontroll over digitale læremiddel og læringsressursar på grunn av det omfattande arbeidet det medfører å gjennomføre innkjøp, utarbeide databehandlaravtalar, gjere risikoanalysar og sikre forsvarleg lisenshandtering. Desse faktorane kan ha bidrege til forseinking i læremiddelinnkjøp og bruk av digitale læremiddel.

## Sektoren sin bruk av fellesløysingar

Med fellesløysingar meiner vi alle tiltak og leveransar som det kan vere formålstenleg å løyse felles. I sektoren vår dreier det seg mellom anna om innkjøp, inkludert identifisering av relevante læringsressursar, og personvern og informasjonstryggleik. Fellesløysingar kan vere økonomisk fordelaktig for brukarane ved at dei ikkje treng å utvikle og kvalitetssikre eigne løysingar. Feide er eit døme på ei fellesløysing direktoratet har ansvar for.

Som eit svar på tiltak 8 i den teknologiske skolesekken, utgreiing av fellesløysing for skytenester for grunnopplæringa, leverte Utdanningsdirektoratet i juli 2020 rapporten «Fellesløsninger – en utredning av alternative tiltak for grunnopplæringen» til Kunnskapsdepartementet. Målet med utgreiingsarbeidet har vore å identifisere dei typane og områda for fellesløysingar der behovet er størst, og der potensialet for gevinst er betydeleg. Utgreiinga var eit viktig grunnlagsdokument for utarbeidinga av Handlingsplan for digitalisering 2020–2021. Fleire av forslaga om tiltak for økosystem og personvern og informasjonstryggleik har komme med i handlingsplanen.

### Standardisering

Generelt skaper standardar eit felles utgangspunkt for utvikling av ulike tenester. I sektoren vår dreier det seg i første rekkje om utvikling av tenester knytte til læringsteknologi. Standardane kan sjåast på som navet i utviklinga av tenester som til dømes Feide og Grep, og dei vil bidra til at marknadstilgangen for alle aktørar blir jamna ut, og at elevresultat og -informasjon blir leverandøruavhengig.

Standardar for læringsteknologi bidreg til betre kvalitet i læringsarbeidet og til meir effektiv administrasjon. Arbeidet med standardar er derfor viktig for å nå målet om å utnytte dei moglegheitene digitaliseringa gir.

Bruk av standardar kan bidra til at skoleeigarar ikkje blir unødvendig bundne til spesifikke leverandørar eller tekniske løysingar. Det kan redusere kostnader for både leverandørar og skoleeigarar ved at standardane forenklar delar av innkjøpet. Ved at standardar skaper eit felles utgangspunkt, bidreg dei til konkurranse og innovasjon i marknaden. Direktoratet arbeider målretta, i tett dialog med leverandørar og sektoren. I 2020 reviderte Standard Norge sin komite for læringsteknologi den norske standarden for merking av læringsressursar, inkludert læremiddel, slik at han er oppdatert i høve til internasjonale standardar og tilpassa nye krav til universell utforming.

Direktoratet gjennomfører også eit utviklingsprosjekt som skal byggje kompetanse og praksis om søk etter læremiddel på tvers av leverandørar. Prosjektet går føre seg i tett dialog med sektoren og særleg læremiddelprodusentar, læremiddelleverandørar og skoleeigarar. Prosjektet blir kalla Søke-API. Arbeidet i prosjektet er vesentleg for utviklinga av eit økosystem for læringsressursar. I 2020 har direktoratet gjennomført ei rekkje nettseminar der målet har vore å sikre kompetanseheving slik at standardane blir tekne i bruk i utvikling av læremiddel, læringsressursar og verktøy som blir brukt i opplæringa.

I arbeidet med nytt eksamens- og prøvesystem har direktoratet valt ein ny leverandør som baserer seg på IMS-standardar. Vi har gjennom året hatt ei intern kompetansebygging på desse standardane. Systemet vårt Pas-prøver vart nyleg sertifisert for innføring av IMS-standarden LTI Advantage. Dette er eit kvalitetsstempel, og vi er først ute i Noreg med å bli sertifisert etter denne standarden.

## Feide

Feide har etablert seg som ei sentral fellesløysing for grunnopplæringa med sikker autentisering og deling av data mellom skole og leverandør, til dømes identiteten til eleven, passord, skole, trinn, utdanningsprogram, programområde og fag.

Feide skal levere tenester til både grunnopplæringa og høgare utdanning, og det er etablert ein samarbeidsavtale mellom Uninett, Unit og Utdanningsdirektoratet. Det er også etablert eit prioriteringsråd der Udir, KS og 5 kommunar er representerte, og eit tenestestyre der Uninett, Unit og Udir er representerte.

I 2020 vart det registrert totalt 1,3 millionar Feide-brukarar. Grunnopplæringa står for 70 prosent og UH for 30 prosent av brukarane. 18. desember 2020 passerte Feide 218 750 000 innloggingar, noko som er ny rekord. Auken kan forklarast med vedvarande stor grad av digital heimeundervisning gjennom året og med at tilbydarane av digitale læremiddel i stor grad opna for fri tilgang til alle produkt gjennom Feide i stengingsperioden frå mars til mai.

Utdanningsdirektoratet har samarbeidd tett med Uninett om oppgraderinga til Feide 2.0. I 2020 hadde direktoratet som mål å sikre at alle vertsorganisasjonar i grunnopplæringa tok i bruk den nyaste versjonen av Feide. Det har vi lykkast med. I 2020 er alle kommunar og 1/3 av friskolene i landet etablert på nyaste skjemaversjon av Feide. Nær alle fylkeskommunar er på nyaste skjemaversjon, og den eine gjenståande fylkeskommunen vil vere på nyaste skjemaversjon i mars 2021. Nettseminar, for både vertsorganisasjonane og tenesteleverandørane, har bidrege til at Feide har vorte teke i bruk. Samtidig har det vore gjort eit arbeid med ein oppgraderingsprosess og med fornying og forbetringsarbeid knytt til Feide sin kundeportal.

Utviklingsarbeid og kompetanseheving knytte til Feide har bidrege til at sektoren har vorte betre rusta til å utnytte dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar. Innlogging med Feide er også med på å bidra til sikrare bruk av ressursar og tenester.

Ønskje om ny funksjonalitet i tenesta, frå både vertsorganisasjonar og tenesteleverandørar, er eit tydeleg signal om kor viktig tenesta er i heile utdanningsløpet. Utviklingskapasiteten er derfor under press både frå

krav om omfang, i tid og aukande kostnader. Å innfri ønske om vidareutvikling ser ut til å kunne bli vanskeleg også i det vidare arbeidet. Det ligg ein trussel i det at moglege alternative løysingar kan utviklast viss ikkje Feide innfrir behova i marknaden, blant anna frå administratorar og sluttbrukarar. Samhandlinga med standardisering er derfor viktig viss ein skal kunne tilby vidareutvikling av tenester som oppfyller krav om forenkling og meirverdi for brukarane.

## Digital kompetanse hos dei tilsette

Digitalisering av skolen stiller større og endra krav til digital kompetanse hos både skoleeigarar, skoleleiarar og det pedagogiske personalet i barnehagen og skolen. Erfaringane frå heimeundervisninga i samband med covid-19-pandemien har vist at kompetansen til lærarane i pedagogisk bruk av IKT er viktig.

### Digital kompetanse i barnehagen

Spørsmål til Barnehage-Norge hausten 2020 (Naper mfl. 2021) viste at ni av ti barnehagar har tilgang på digitale einingar som smarttelefon, PC og nettbrett, og at bruken av digitale verktøy aukar. Åtte av ti barnehagar har digitale verktøy for dei ulike avdelingane eller sonene i barnehagen. Ni av ti barnehagar oppgir at dei bruker digitale verktøy dagleg, eller kvar veke, for å dokumentere det pedagogiske arbeidet. Meir enn ni av ti styrarar svarer at digitale verktøy blir brukte dagleg eller kvar veke i kommunikasjon med føresette. Over seks av ti barnehagestyrarar opplyser at det er digitale einingar som PC og nettbrett til alle barnehagelærarar i barnehagen.

Styrarane vurderer det slik at kompetansen blant dei tilsette er lågast når det gjeld å bruke digitale verktøy i kreative og skapande aktivitetar saman med barna. Resultata frå undersøkinga viser at barnehagane har god tilgang på digitale einingar, og at det er behov for tiltak som kan bidra til å heve kompetansen i pedagogisk bruk hos barnehagetilsette.

### Digital kompetanse i skolen

Hausten 2020 publiserte direktoratet nettsida Digital kompetanse i barnehage og skole på udir.no. På sida ligg det både kompetansepakkar som tek for seg digital praksis i barnehagen og ulike kompetansepakkar til bruk i skolen.

I Spørsmål til Skole-Norge våren 2020 rapporterte over halvparten av kommunane at dei har sett i verk tiltak for å heve kompetansen til matematikklærarane i programmering. 38 prosent hadde sett i gang tiltak for lærarar i naturfag og 19 prosent for lærarar i kunst- og handverk og duodji. Færrast kommunar hadde sett i verk tiltak for musikklærarar, og 23 prosent hadde ikkje sett i gang nokon tiltak. Desse tala viser at det er behov for kompetanseheving i programmering og algoritmisk tenking. I samband med fagfornyinga utvikla direktoratet kompetansepakkar i programmering og algoritmisk tenking: støtte til innføring av nye læreplanar i matematikk, kunst og handverk naturfag og musikk. Brukarstatistikk i byrjinga av januar 2021 viste at 3000 hadde teke i bruk kompetansepakkane.

Direktoratet har også utvikla ein kompetansepakke i digital samhandling og fjernundervisning: støtte til

heimeundervisning. I byrjinga av januar 2021 var talet på brukarar av denne kompetansepakken 3 800. Det er stort behov for kompetanseutvikling på desse områda. Direktoratet vil, i samsvar med tiltaka i handlingsplanen for digitalisering i grunnopplæringa, vidareutvikle desse kompetansepakkane. Det vil då bli lagt vekt på at dei skal støtte utvikling av kompetanse i bruk av digitale læringsressursar som kan bidra til inkludering, jf. Meld. St. 6 (2019–2020).

I Spørsmål til Skole-Norge våren 2020 svarte berre 41 prosent av skoleleiarane at dei er heilt eller delvis samde i at skolen bruker kompetansepakkane i digitale evner og/eller profesjonsfagleg digital kompetanse som finst på Utdanningsdirketoratet sin kompetanseportal. Nye tal frå undersøkinga hausten 2020 viser ein liten oppgang i svarprosenten. Då svarte 54 prosent av skoleleiarar at dei var heilt eller delvis samde i at skolen bruker kompetansepakkane i digitale evner og/eller profesjonsfagleg digital kompetanse. Det viser at vi må halde fram med å synleggjere og marknadsføre kompetansepakkane på alle tilgjengelege arenaer, både i sosiale medium og på møteplassar for sektoren.

Spørsmål til Skole-Norge hausten 2020 viste at 67 prosent av skoleleiarane er heilt eller delvis samde i at skolen har ein systematisk plan for utvikling av digital kompetanse hos personalet. Det er ein liten oppgang samanlikna med undersøkinga i vår, der 64 prosent svarte det same på spørsmålet.

Digitaliseringsstrategien for grunnopplæringa har sju tiltak som varer utover strategiperioden. Av desse er det to område som framleis peikar seg ut som utfordrande (jf. årsrapporten 2019). Det eine er å sikre at alle kandidatar frå lærarutdanningane har profesjonsfagleg digital kompetanse. Det andre er å sikre at alle tilbod om vidareutdanning for lærarar byggjer opp under lærarane sin profesjonsfaglege digitale kompetanse. Under brukareffektmål 2, i avsnittet om vidareutdanning, viser vi til at skoleeigarar framleis har stort behov for lærarar med profesjonsfagleg digital kompetanse. Det er langt fleire søkjarar til studieplassane på dette fagområdet enn det er kapasitet til. Det viser at det er behov for ytterlegare satsing på kompetansehevande tiltak. I handlingsplanen for grunnopplæringa er det tiltak som skal styrkje den digitale kompetansen til lærarar, skoleleiarar og skoleeigarar, men viss ein skal imøtekomme det store behovet for kompetanseheving, bør vidareutdanningstilboda også styrkjast.

I juni publiserte direktoratet to nye rettleiarar for kvalitet i læremiddel. I samband med tildeling av tilskot til kjøp av digitale læremiddel rapporterer skoleeigar at dei bruker rettleiarane i innkjøpsprosessen. I november vart det gjennomført ei brukartesting av rettleiarane og temasida for læremiddel. Den viste at både temasidene og verktøyet for vurdering av kvalitet har stor verdi for sektoren, men at verktøyet er for lite kjent og for lite brukt. I løpet av våren skal det utviklast ein rettleiar for kvalitet i alle fag. I det vidare arbeidet blir det viktig å marknadsføre rettleiarane i alle relevante forum slik at dei blir betre kjende ute i sektoren.

Direktoratet arbeider målretta for å heve den digitale kompetansen til lærarar, skoleleiarar og skoleeigarar. I løpet av hausten 2020 vart det gjennomført ei rekkje nettseminar for lærarar, skoleleiarar og skoleeigarar om personvern, informasjonstryggleik og digital praksis (pedagogikk) i skolen. Nettseminara har vore populære, og det er planlagt fleire i 2021. Vi kan rekne med at meir tilgjengelege kompetansepakkar, og kompetanseheving på viktige område gjennom nettseminara, vil bidra til at skoleeigarar utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar.

### Personvern og informasjonstryggleik

Arbeidet med digitalisering aktualiserer behovet for god kompetanse i personvern, og informasjonssikre løysingar som reduserer skadepotensialet når informasjon kjem på avvegar. Nærare omtale av regelverksarbeidet finst i brukereffektmål 3.

Arbeidet med å sikre god datakvalitet hos den enkelte vertsorganisasjonen (skoleeigar) i Feide er viktig for å ta vare på personvernet. I 2020 har direktoratet gjennomført fleire nettseminar for vertsorganisasjonar der mellom anna datakvalitet har vore tema. Vi har i samarbeid med Uninett laga ein film om datakvalitet. Det har bidrege til synleggjering av Feide si innsynsteneste, der brukarar kan få betre oversikt og kontroll over eigne personopplysningar. Vi vil sjå nærare på korleis vi kan bruke Feide på dette området i arbeidet med tiltaka i handlingsplanen.

# Del IV Styring og kontroll i verksemda

## Styring og internkontroll

### Overordna vurdering av styringa

Styringa av verksemda tek utgangspunkt i verksemds- og økonomiinstruksen, det årlege tildelingsbrevet med tillegg til tildelingsbrev gjennom året. Plan- og budsjettprosessen for direktoratet følgjer eit fast årshjul som er tilpassa etatsstyringsprosessene frå departementet. Det blir arbeidd godt med internkontroll på område som tilskotsforvaltning, oppfølging av lover og forskrifter, HMS og tryggleik og beredskap. Vi har rutinar og prosessar som skal førebyggje uønskte hendingar, og set inn tiltak ved auka risiko. Direktoratet har også gode rutinar for økonomikontroll internt.

Tilstanden for styring og kontroll i 2020 blir samla sett vurdert som god.

Vi viser elles til oversendinga av ei eiga utgreiing om direktoratet sitt arbeid med internkontroll til departementet våren 2020. Når det gjeld tilskotsforvaltning og styringa av underliggjande verksemder, viser vi til eigne rapportar til departementet med frist 30. april 2021.

### Styring og kontroll av oppdragsporteføljen

Direktoratet har gode rutinar for å ta imot og handtere oppdraga frå departementet. Alle oppdrag blir vurderte av leiinga før dei blir fordelte i organisasjonen og går inn i den samla oversikta over oppdragsporteføljen. Frå 2018 omfattar denne oversikta alle pålagde oppgåver frå departementet: faste oppdrag, oppdrag som er gitt i tidlegare år, og som framleis er i gang, og oppdraga for året. Alle oppdraga blir knytte opp mot brukareffektmåla for å sikre ein god samanheng mellom aktivitet og mål.

Innretninga på oversikta over oppdrag blir vurdert løpande. I 2020 har oversikta vorte ytterlegare vidareutvikla for å gi leiinga betre støtte.

Utdanningsdirektoratet gjennomfører tertialvise risikovurderingar med utgangspunkt i forventningane frå departementet for året og enkelte faste oppdrag som er under endring. Vurderinga omfattar heile organisasjonen: avdelingar, divisjonar/stab og leiing. Organisasjonen blir beden om å løfte fram vesentlege risikoar knytte til den samla måloppnåinga til direktoratet. Vi identifiserer moglege risikoar og vurderer kva toleranse for risiko som er akseptabel. Deretter utarbeider vi ei oversikt over risikonivåa. Den gjer det enklare å velje kva risikoar det bør setjast i verk tiltak for (risikostyring).

## Risikovurdering i 2020

Dei identifiserte risikoområda på verksemdsnivå er melde inn til departementet, og det er gjort greie for tiltak og status for dei områda som vart melde inn i 1. tertial i rapporten for 2. tertial 2020. Dette er område som har hatt stor merksemd i organisasjonen i 2020, og tiltak er sette inn. Fleire av desse områda vil krevje løpande merksemd frå leiinga også inn i 2021.

I tillegg har direktoratet levert eigne oversikter og rapportar over risiko og tiltak knytt til handtering av koronasituasjonen. Desse har vorte kompletterte med ein løpande dialog om utviklinga.

## Utvikling av styring og kontroll

Vi har frå 2020 fått ein ny struktur på og balanse mellom instruks og tildelingsbrev. Direktoratet opplever at den nye strukturen bidreg til at styringa blir tydelegare. Dermed dannar han eit betre utgangspunkt for forståinga for og arbeidet med prioriteringar og oppdrag og dermed også for rapportering og dialog om resultat. Direktoratet opplever vidare at det er merksemd på rutinane rundt utsending og omfanget av tilleggsoppdrag gjennom året. Dette er viktige tema for løpande dialog mellom direktorat og departement sidan det handlar om rammene for handlingsrommet og moglegheita direktoratet har til langsiktig planlegging.

Vi opplever at vi i dag har ein relasjon der vi i fellesskap vidareutviklar måten departementet styrer direktoratet på. I forlenginga av dette ser vi fram til den kommande prosessen med å fornye og revidere fellesdokumentet Styring, kommunikasjon og samarbeid på bakgrunn av dei endringane i styringa som har skjedd i seinare år.

I 2020 har direktoratet gjort ei vurdering av behovet for internrevisjon i tråd med R-117 Internrevisjon i statlige virksomheter, fastsett av Finansdepartementet. Udir gjennomførte ei vurdering i 2016 og var dermed pålagt å gjennomføre ei ny vurdering i 2020. Gjennomgangen dannar eit viktig grunnlag for vidare utvikling av styringa i direktoratet. Det er vedteke at direktoratet i 2021 skal gjennomføre ein heilskapleg og enkeltståande revisjon. Basert på denne revisjonen vil vi ta stilling til om det er behov for ein permanent internrevisjonsfunksjon i direktoratet. I tillegg vil vi internt vurdere behovet for tiltak for heilskapleg styring innan den teknologiske porteføljen vår.

### Styring av underliggjande verksemder

Utdanningsdirektoratet styrer fylkesmannen i samsvar med styringssystemet som Kommunal- og moderniseringsdepartementet innførte frå 2016. I 2020 har vi gjennomført styringsmøte med enkelte embete ut ifrå ei risiko- og vesentlegvurdering. Nokre embete har gått gjennom krevjande samanslåingsprosessar som får betydning for oppgåveløysinga og måloppnåinga vår. I styringsmøta har vi derfor teke opp tema som kompetanse og kapasitet, einskapleg praksis i embetet, leiarforankring og kvalitetssikring av oppgåveløysinga. I tillegg har vi gjennomført eit oppfølgingsmøte med Fylkesmannen i Innlandet.

I 2020 har embeta vore avgjerande for oppfølginga vår av barnehage- og opplæringssektoren under pandemien. Jamleg informasjon, rapportering og tett dialog har bidrege til at vi har kunna vurdere konsekvensane av smitteverntiltaka raskt og å finne gode og tilpassa løysingar til det beste for barn og unge.

Udir har ansvar for styringa av den statlege samiske opplæringsverksemda. Den består av styret for dei samiske vidaregåande skolene i Karasjok og Kautokeino og Åarjelsamien vierhtiesåafoe (Sørsamisk kunnskapspark). I styringsdialogen inngår tildelingsbrev, supplerande tildelingsbrev, rapportering og eit årleg etatsstyringsmøte i tillegg til kontaktmøte ved behov. Vi har hatt eit etatsstyringsmøte og eit kontaktmøte med kvar av dei to verksemdene i 2020.

Styret for dei samiske vidaregåande skolene vart utnemnt 1. august 2017 med to års funksjonstid. Inntrykket Udir har, er at styret fungerer godt. Gitt dei utviklingsoppgåvene skolene står overfor med tanke på innføring av nye læreplanar og ny struktur for yrkesfag, vart det sett på som fornuftig å vidareføre dagens styre for ein ny toårsperiode. Styret er derfor vidareført med den dåverande samansetninga frå 1. august 2019 til 30. juli 2021.

## Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap

Utdanningsdirektoratet har i 2020 revidert ROS-analysen for samfunnstryggleik og beredskap. Risiko for uønskte hendingar som kan ramme direktoratet, er analysert og gjort greie for. ROS-analysen skal bidra til auka tryggleik og beredskap i Utdanningsdirektoratet, han aukar medvitet og kunnskapen om risiko, og han dannar eit grunnlag for å gjere prioriteringar og forbetringar i tryggleiks- og utviklingsarbeidet.

Direktoratet har utarbeidd ein handlingsplan for å følgje opp middels og høg risiko i verksemda. Handlingsplanen forankrar ansvaret for oppfølging av tiltak i den enkelte divisjonen og avdelinga. ROS-analysen og handlingsplanen bidreg til auka tryggleik og beredskap ved at risikoanalysen er gjennomgått og forankra i leiinga, og ved at tiltaka i handlingsplanen blir prioriterte og følgde opp i verksemda. Tryggingsarbeidet har vorte forsterka gjennom året ved at direktoratet har fått auka ressursar i arbeidet med informasjonstryggleik.
Direktoratet har etablerte rutinar for behandling av avvik. Desse er gjorde kjende og tilgjengelege for alle tilsette på intranettet. I 2020 har uønskte hendingar blitt rapportert og behandla effektivt i organisasjonen. Ved behandling av avvika blir leiinga i direktoratet involvert i avgjerdene. Direktoratet legg vinn på å lukke avvik raskt for å avgrense eventuelle skadar, komme tilbake til normaltilstanden og å gjere tiltak for å hindre gjentaking.

Vi vedlikeheld krise- og beredskapsplanane våre årleg. Då pandemien trefte Noreg tidleg i 2020, oppdaterte vi pandemiplanen vår og utarbeidde kontinuitetsplanar som har danna eit grunnlag for beredskap, samarbeid, kommunikasjon og kontinuitet gjennom pandemiperioden.

Det har vore gjennomført og evaluert ei beredskapsøving i 2020. Øvinga vart planlagd og gjennomført for å øve opp støttefunksjonar i handteringa av alvorlege hendingar som kan ramme tilsette i direktoratet, og for å identifisere behov for forbetringar. Etter øvinga er det utarbeidd ein handlingsplan for å vidareutvikle rolleskildringar, rutinar og kompetanse i støttefunksjonane når det gjeld ansvar og oppgåver innanfor tryggleik og beredskap.

## Likestilling

I Utdanningsdirektoratet er vi 345 tilsette ved utgangen av 2020, 220 kvinner og 125 menn. Dette gir oss ein kvinneandel på 63,8 prosent og ein mannsandel på 36,2 prosent. I toppleiinga er det fem kvinner og to menn. Vi har 23 avdelingsdirektørar[13] med ei fordeling på 62,5 prosent kvinner og 37,5 prosent menn.

Alle i Utdanningsdirektoratet er tilsett i hundreprosentstillingar. Dette inneber at Utdanningsdirektoratet ikkje har nokon tilsette som jobbar ufrivillig deltid. Nokre av dei tilsette har likevel behov for å jobbe i reduserte stillingar i ein periode av ulike årsaker, eksempelvis delvis omsorgspermisjon, studiepermisjon eller permisjon i samband med eiga helse. Ved utgangen av 2020 jobbar 5,5 prosent (19 tilsette) i reduserte stillingar, 16 kvinner og 3 menn.

Av våre tilsette er 5,5 prosent (19 tilsette) tilsett i mellombelse stillingar anten på engasjement eller i vikariat. Dette gjeld 10 kvinner og 9 menn. Av dei 19 tilsette i mellombelse stillingar er 8 lærlingar. Av desse 3 kvinner og 5 menn.

I 2020 er det teke ut i alt 340,5 veker foreldrepermisjon i Utdanningsdirektoratet, 240,4 veker for kvinner og 92,1 veker for menn. I 2020 har 15 kvinner teke ut foreldrepermisjon, og den gjennomsnittlege permisjonslengda har vore 16,6 veker. Tilsvarande har 13 menn teke ut foreldrepermisjon, og her er den gjennomsnittlege permisjonslengda 7,1 veker.
Lønnsfordelinga mellom kjønna i Utdanningsdirektoratet er jamn, og vi har ikkje grunnlag for seie noko anna enn at det kjem av individuelle forskjellar i lønnsfastsetjing. Menn ligg noko høgare enn kvinner totalt sett på verksemdsnivå og på rådgivar- og seniorrådgivarnivå, medan kvinner ligg noko høgare enn menn på leiarnivå. Tabellen nedanfor viser gjennomsnittslønna totalt og fordelt på kjønn på verksemdsnivå og for dei mest brukte stillingskodane i direktoratet. Alle nytta stillingskodar i direktoratet er drøfta med dei tillitsvalde. Stillingsnivåa er baserte på eksisterande stillingskategoriar, der nivå 1 viser oversikt på verksemdsnivå[14]. Nivå 2 viser oversikt på leiarnivå[15], medan nivå 3 og 4 viser oversikt på høvesvis seniorrådgiver- og rådgivarnivå.

## Lønnsoversikt i Udir

| Nivå | Antall | | | Gjennomsnittslønn | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Totalt | Kvinner | Menn | Totalt | Kvinner | Menn |
| Nivå 1 - Utdaningsdirektoratet | 345 | 220 | 125 | 653 201 | 650 348 | 658 273 |
| Nivå 2 - Stabs,-divisjons- og avdelingsdirektør | 27 | 17 | 10 | 928 693 | 935 741 | 916 710 |
| Nivå 3 - Seniorrådgiver | 223 | 144 | 79 | 658 969 | 651 190 | 673 149 |
| Nivå 4 - Rådgiver | 59 | 42 | 17 | 548 154 | 545 555 | 554 576 |

Utdanningsdirektoratet har etablerte rutinar for handtering av mobbing og trakassering og rutinar for varsling. Direktoratet har eit IA-utval som jobbar spesifikt med inkluderande arbeidsvilkår. IA-utvalet består at to tilsettrepresentantar, HR-direktøren og ein sekretær for utvalet frå HR. Utvalet har to møte i halvåret og arbeidsmøte ved behov.

I samband med endring i likestillings- og diskrimineringslova og ei styrkt aktivitets- og forklaringsplikt, har IA-utvalet gjennomført eit eige arbeid knytt til likestilling. Utvalet har gjort ei vurdering og kartlegging av diskrimineringsrisiko. Det er utført ein gjennomgang av eksisterande rutinar, prosedyrar og retningslinjer innanfor ulike personalpolitiske område og risikovurderingar i høve til krav i regelverket. Det er også vurdert om det eksisterer fysiske eller organisatoriske forhold som gir tilsette ulike moglegheiter for å lykkast. Konklusjonen frå utvalet er at det ikkje finst tydeleg risiko for diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk eller kombinasjonar av desse. Ein tilsetjingsprosess kan påverkast av den såkalla likskapseffekten. Personlege haldningar kan umedvite påverke utval av kandidatar til intervju og i verste fall føre til diskriminering. Mangfald og rekruttering er planlagt som tema for møte i den utvida leiargruppa våren 2021. Tiltaket skal evaluerast hausten 2021.

## Helse, miljø og tryggleik

I Utdanningsdirektoratet blir det jobba systematisk med helse-, miljø- og tryggingsarbeid for å sikre eit godt arbeidsmiljø for alle tilsette. HMS-handboka vår legg til rette for at arbeidet med helse, miljø og tryggleik blir handtert i samsvar med krav i lover og forskrifter. Arbeidsmiljøutvalet har kvartalsvise møte der det blir gjennomført risikovurdering knytt til HMS og fremja tiltak på området ved behov. I samband med utbreidd bruk av heimekontor som følgje av pandemien, vart det gjennomført to interne spørjeundersøkingar om arbeidstilhøve og arbeidsmiljø. Resultata viste at dei fleste tilsette i perioden har opplevd at heimekontor

fungerer godt, men at det sosiale arbeidsmiljøet har vore dårlegare enn normalt. Det er i løpet av hausten sett inn ei rekkje tiltak for å styrkje det sosiale arbeidsmiljøet. I tilknyting til dei årlege HMS-vekene var psykososialt arbeidsmiljø tema i alle avdelingar, og det er etablert ulike sosiale arenaer digitalt.

Ergonomi og fysisk tilrettelegging på heimekontor er følgt opp gjennom digital arbeidsplassvurdering via bedriftshelsetenesta og utlån og heimkøyring av kontorutstyr. Det er tilrettelagt for fysisk trening gjennom ei utvida ordning for trening i arbeidstida og digitale treningstilbod.

## Kommunikasjon

Alle krisetilstandar berører kommunikasjon, og ei uvanleg langdregen og alvorleg krise som pandemien vi er inne i, fører til uvanleg store belastningar, også på kommunikasjonsfunksjonen. Direktoratet har vore opptekne av at vi har måtta ruste oss for både å ha høg gjennomføringsevne for kommunikasjonstiltak i samband med pandemien samtidig som ordinære oppdrag og sentrale utviklingsprosessar i minst mogleg grad skal bli skadelidande. I mars sette vi derfor ned ei lita gruppe kommunikatørar (under 1/3 av dei tilsette av staben) som nesten utelukkande har arbeidd med kommunikasjonstiltak om korona, medan resten av staben i hovudsak kunne ta dei andre oppgåvene. I arbeidet knytt til pandemien har vi lagt mest vekt på informasjon til skoleeigarar, rektorar og regional stat, men også lærarar og i noka grad elevar og foreldre har vore målgrupper. I tillegg har vi i stor grad betent media og svart på mange førespurnader derfrå.

Koronasidene på udir.no har vorte ein referanse for skoler og barnehagar i praktiseringa av svært mange sider av smittevern og opplæring med 3,3 millionar besøk og gode tilbakemeldingar frå sektoren. Sidene har måtta gjennomgå mange revideringar etter kvart som pandemien endra seg, og det har nok vore krevjande for mange å følgje med på alle endringane, men dei har vore heilt nødvendige med ein smittesituasjon i stadig endring. I tillegg har vi produsert mange filmar, mellom anna for sosiale medium, som har hatt rekordstor spreiing i denne tida (1,4 millionar visningar i perioden mars–desember).

I arbeidet med desse kommunikasjonsoppgåvene har vi hatt særs tett, tverrsektoriell kontakt med andre verksemder på direktoratsnivå, både når det gjeld kommunikasjon og direkte til faglinjene. FHI har stått i ei særstilling her, men det har vore eit godt samarbeid med fleire, som Helsedirektoratet og BUFdir. I tillegg har den interne informasjonen vore viktig, både informasjon om aktiviteten i direktoratet i ei tid der dei fleste i langt mindre grad er til stades på arbeidsplassen, informasjon om smittevern og informasjon om dei mange ordinære aktivitetane til direktoratet. Ei anna viktig oppgåve har vore å nytte den interne kommunikasjonen til å skape samhald og fellesskap i ei tid med hovudsakleg digital kontakt. Verksemdsleiaren har hatt ei avgjerande rolle her.

Vidare er det etablert eigne møteplassar for å sikre god informasjon til tilsette, leiarar, tillitsvalde og verneombodet om oppdaterte retningslinjer og rutinar for heimekontor, og for å sikre relevante tilbakemeldingar for drifta av verksemda.

Samtidig med eit press utan sidestykke på informasjon om korona har det vore viktig at alle dei andre, ordinære aktivitetane har kunna gå sin gang og at vi har kunna formidle informasjon om dei til sektoren. I

denne tida har det vore sentralt å ha kommunikasjon med sektoren for å vidareutvikle læreplanvisninga som gir støtte til heilskapleg bruk av dei nye læreplanane. Det har vore 2,6 millionar besøk i den digitale visninga av LK20 i 2020. Heilskapen i det nye læreplanverket har vore meir besøkt enn det som var tilfellet med LK06, noko som kan tyde på at visninga fungerer etter intensjonen. Læreplanvisninga er vidareutvikla med eit verktøy for å planleggje opplæring i samarbeid med kollegaer. Planleggingsverktøyet har no 57 000 unike brukarar og har vorte godt mottekne i sektor. Kommunikasjonen med brukarar har vore eit berande element i utviklinga av læreplanvisninga og planleggingsverktøyet og har i 2020 omfatta brukartestar, fokusgrupper, individuelle intervju, tilbakemeldingsskjema, dialog på Facebook, e-postar, Spørsmål til Skole-Norge og analyse av nettstatistikk.

## Offentlege innkjøp

Det er i 2020 lyst ut 41 konkurransar. Dette er ein liten nedgang frå 2019, då det vart gjennomført 48 konkurransar. Statens innkjøpssenter har teke seg av fleire fellesavtalar for staten, og det fører til færre konkurransar hos oss. I tillegg til dei ordinære konkurransane har vi hatt 40 uttak på rammeavtalane våre der vi har gjennomført minikonkurransar i dei tilfella vi har rammeavtalar med meir enn ein leverandør.

Vi har interne retningslinjer for å følgje opp at lov og forskrift for offentlege innkjøp blir følgde.

## Fellesføringar – inkluderingsdugnaden

I 2020 er det tilsett 39 medarbeidarar (inkludert 4 lærlingar). Ved utlysing går det fram i annonseteksten at arbeidsstyrken i Utdanningsdirektoratet i størst mogleg grad skal spegle mangfaldet i befolkninga, og at personar med minoritetsbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda til å søkje.

Utdanningsdirektoratet har eit søkjelys på søkjarar med nedsett funksjonsevne og hol i CV-en og har gode rutinar for å avdekkje slike kandidatar i søkjarmassen. Det har vore nokre få søkjarar med hol i CV-en, og berre 10 prosent av søkjarar med denne bakgrunnen har vore innkalla til intervju. Ingen av desse nådde opp og vart tilsett. Det har også vore få søkjarar med nedsett funksjonsevne, og berre nokre få har vore kvalifiserte i samsvar med utlysinga og blitt innkalla til intervju. I 2020 har vi ein tilsetjingsandel på 4,3 prosent frå denne søkjargruppa.

Vi ser at sjølv om direktoratet har rutinar for rekruttering av personar med hol i CV-en og nedsett funksjonsevne, lykkast vi i lita grad å tilsetje søkjarar frå desse målgruppene.

Direktoratet planlegg tiltak som på kort sikt skal bidra til inkludering av personar som elles har vanskar med å komme i jobb, og som på lengre sikt skal bidra til at fleire personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en kan kvalifisere seg til ei tilsetjing. Planlagde tiltak er å tilby fleire plassar for arbeidstrening gjennom Nav og deltaking i traineeprogrammet i staten. I tillegg skal det utarbeidast ein rekrutteringspolicy som skal innehalde ambisjonar og verkemiddel for auka mangfald i direktoratet og bidra til å sikre systematisk arbeid på området.

13 Ved utgangen av 2020 er 2 av 23 avdelingsdirektørstillingar vakante. I desse to stillingane fungerer to seniorrådgivarar mellombels som avdelingsdirektørar.

14 Direktøren og lærlingar inngår ikkje i utrekninga av gjennomsnittslønn totalt og fordelt på kjønn på nivå 1.

15 Direktøren, og dessutan to seniorrådgivarar som fungerer som avdelingsdirektørar, inngår ikkje i tala på nivå

# Del V Vurdering av framtidsutsikter

Vi skal bidra til at alle barn mestrer, lærer og trives på skolen og i barnehagen. Som direktorat er vår oppgave å bidra til dette gjennom våre virkemidler som regelverk og tilsyn, kompetanseutvikling, støtte og veiledning og kunnskapsproduksjon og formidling. Høye ambisjoner kombinert med krav til effektivisering og avbyråkratisering krever kontinuerlig videreutvikling av våre arbeidsprosesser og virkemidler. Våre prosesser og produkter skal kjennetegnes av at vi tar utgangspunkt i brukernes behov og utfordringer, at vi jobber sammen med andre for å finne gode løsninger, og at vi utnytter teknologien der den gir muligheter for effektivisering og økt kvalitet.

## Partnerskap og samordning

Det tverrsektorielle samarbeidet har vært og er viktig i håndteringen av koronapandemien. Vi har samarbeidet om kunnskapsgrunnlaget og vurderinger av konsekvenser av smitteverntiltak for barn og unge – og særlig utsatte og sårbare barn og unge.

Ikke alle barn og unge trives og mestrer i norske barnehager og skoler. Vi må videreutvikle våre virkemidler slik at vi i enda større grad fanger opp de som ikke trives og mestrer og setter i verk nødvendige tiltak. For å sikre gode overganger mellom barnehage og skole, barnetrinn og ungdomstrinn, ungdomstrinn og videregående samt gjennomføring i videregående må vi samarbeide på tvers av forvaltningsnivåer og sektorer.

Erfaringer fra 0-24-samarbeidet har også synliggjort viktigheten av strukturert samarbeid på tvers av sektorer og mellom ulike forvaltningsnivåer for bedre tjenester i kommunene for barn og unge. Programperioden for 0-24 er i avslutningsfasen, men det tverrsektoriell samarbeidet fortsetter og skal styrkes fremover gjennom varige strukturer for samarbeid og god relasjon mellom sektorene som har ansvar for barn og unge. Det kreves både innovasjon og effektivitet for å realisere bedre samordning i tjenestene for barn og unge.

## Alle barn skal lære og mestre

Skoleåret 2020/2021 trådte nye læreplaner for 1.-9. trinn og Vg1 i videregående opplæring. Det nye læreplanverket legger vekt på at elevene skal få være aktive, utforskende og medvirke i egen skolehverdag, og at nettopp dette er viktig for at elevene skal forberedes til å delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. For å lykkes med fagfornyelsen må vi legge til rette for at det kan skje en endring i hvordan opplæringen skjer. I årene fremover blir det viktig å følge med på hvordan det går med innføringen av det nye læreplanverket, slik at vi kan justere virkemidlene våre i tråd med ny kunnskap.

Når vi endrer læreplanene, må vi også se på vurderingsformene i skolen. Vi jobber nå med en rekke vurderingstiltak som skal bidra til å støtte oppunder intensjonene og ambisjonene for det nye læreplanverket. Vi endrer eksamensformer, og vi har foreslått å endre innretning på prøvefeltet slik at prøvene kan gi relevant informasjon til både lærerne i klasserommet og lokale og nasjonale beslutningstagere.

Regelverket er et viktig virkemiddel for at alle barn og unge skal få et trygt og likeverdig tilbud uavhengig av hvor de bor i landet. I årene fremover vil det være mange regelverksendringer på både barnehage- og opplæringsområdet. En viktig oppgave for Utdanningsdirektoratet blir å bidra til en god innføring av de nye bestemmelsene. Vi har lært mye om støtte til innføring gjennom arbeidet med fagfornyelsen. God involvering og samhandling mellom alle som har roller i regeletterlevelsen, er sentrale forutsetninger i denne sammenheng.

## Dyktige skoleledere, styrere og lærere

De som jobber med barn og unge i barnehager og skoler har stor betydning for at barn og elver trives i det daglige og utvikler seg i inkluderende fellesskap. Kompetente skoleledere, styrere, lærere og andre faggrupper i laget rundt barn og elever er viktig for at de skal ha et trygt og likeverdig tilbud av høy kvalitet. Satsingen på videreutdanning av lærere og ledere kombinert med barnehage- og skolebaserte kompetansetiltak og gode digitale veilednings- og støtteressurser, vil også fremover være sentrale virkemidler for å sikre at tilsatte i barnehage og skole har oppdatert og relevant kompetanse. Vi er forberedt på at digital undervisning kan få en sentral plass i undervisningen i kortere og lengre perioder inntil pandemien er under kontroll. Vi viderefører arbeidet med å tilby veilednings og støtteresurser for å understøtte skolene i denne situasjonen.

Vi er godt i gang med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis. Innsatsen på dette området vil gradvis bli trappet opp over de neste fire årene. Gjennom kompetanseløftet skal vi også nå ut med etter og videreutdanningstilbud til nye målgrupper som PPT, SFO og andre profesjoner i det lokale støttesystemet rundt barn og elever.

## Kunnskap som grunnlag for utvikling

Vi er en viktig kunnskapsprodusent for Kunnskapsdepartementets arbeid med politikkutforming i våre sektorer. Vi vet mer enn noen gang før, men vi må fortsette arbeidet for å tette kunnskapshull for å sikre kunnskapsbasert videreutvikling av barnehager og skoler. Kunnskap om hvordan rammeplan og fagfornyelsen påvirker kvaliteten i barnehage og skole blir viktig i årene fremover. Vi prioriterer også mer forskning på god praksis for inkludering i barnehage og skole.

Videre utvikler vi en mer brukertilpasset visning av kunnskapsgrunnlaget for å støtte opp om lokalt analyse- og utviklingsarbeid. Vi har også ambisjoner om å bli bedre på formidling av både statistikk og forskning, og gjøre kunnskap enda mer tilgjengelig for departement og sektor, og er i gang med fornyelse og utprøving av nye løsninger. I tillegg skal vi sikre mer kunnskap om digitalisering og formilde etterspurt kunnskap om teknologi i barnehage og skole.

### Digitale og brukertilpassete verktøy

Brukermedvirkning og digitalisering av tjenester krever endringer i prosesser og leveranser som utfordrer våre roller og ansvarsdeling. Mange av våre virkemidler er helt eller delvis digitale og medfører i mange tilfeller at vi når brukerne våre mer direkte enn tidligere. Teknologiutviklingen og digitalisering av produkter og tjenester trekker også i retning av at vi som direktorat forventes å ta et ansvar der utvikling av sentraliserte tjenester er mer effektivt enn å utvikle lokale tjenester. Dette kan igjen utfordre tradisjonelle budsjett- og ansvarslinjer. Slike utfordringer må vi være villige til å diskutere i fellesskap i årene fremover.

Vi skal videreutvikle arbeid med fellesløsninger i samarbeid med kommunesektoren og teknologibransjen, og er i gang med å etablere grunnlaget for et velfungerende økosystem.

### Nye oppgaver til Utdanningsdirektoratet

Private barnehager står for en stor del av barnehagetilbudet i Norge. Utdanningsdirektoratet kommer til å få ansvaret for å føre tilsyn med og gi veiledning om det økonomiske regelverket for private barnehager. En viktig oppgave for Utdanningsdirektoratet i tiden fremover blir å utvikle den nye tilsyns- og veiledningsoppgaven og skape et nytt fagmiljø som skal jobbe med disse oppgavene. Brukermedvirkning, digitalisering og samordning er sentrale stikkord for denne utviklingsoppgaven.

Gjennom våre virkemidler skal vi ivareta mangfoldet blant barn og elever, og vårt ansvar på det spesialpedagogiske feltet er utvidet som en oppfølging av Stortingsmelding nr. 6. Vi er i gang med å gå opp grensegangen for hva slags informasjon, veiledere og ressurser Statped og Udir skal ha ansvar for. Vi er forberedt på at vi vil få nye oppgaver som følge av at Statped sitt mandat spisses mot barn og elever med dyptgående og sammensatte behov.

# Del VI Årsregnskapet 2020

## Ledelseskommentar til årsregnskapet

### Formål

Utdanningsdirektoratet ble opprettet i 2004 og er underlagt Kunnskapsdepartementet. Utdanningsdirektoratet er et ordinært statlig forvaltningsorgan som fører regnskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsregnskapet.

Utdanningsdirektoratet skal bidra til å nå sektormålene for barnehagen og grunnopplæringen i Prop. 1 S (2019–2020) for KD. De overordnede sektormålene for barnehagen og grunnopplæringen skal danne grunnlaget for prioritering av faglige mål og områder, og for utvikling av nye tiltak eller virkemidler.

Utdanningsdirektoratet har etatsstyringsansvar for de samiske videregående skolene som gir opplæring etter

opplæringsloven. Utdanningsdirektoratets styringsansvar innebærer blant annet å utarbeide styringsdokumenter, tildele midler, sørge for styringsdialog og vurdere måloppnåelse.

## Bekreftelse

Årsregnskapet er avlagt i henhold til bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 fra Finansdepartementet og krav fra Kunnskapsdepartementet i virksomhets- og økonomiinstruks for økonomiforvaltningen i Utdanningsdirektoratet. Vi mener regnskapet gir et dekkende bilde av Utdanningsdirektoratets disponible bevilgninger, regnskapsførte utgifter, inntekter, eiendeler og gjeld.

## Vurderinger av vesentlige forhold

Utdanningsdirektoratet har samlet disponert tildelinger på utgiftssiden på kr 13 225 099 000.
Etter fullmakt fra Finansdepartementet har vi utgiftsført betalt merverdiavgift på kapittel 1633 Nettoordning statlig betalt merverdiavgift, post 01 driftsutgifter med kr 108 904 994.

Utgifter på kr 10 991 965 105 gjelder tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten.

Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet utgjør kr 972 005 891. Av dette utgjør lønn og sosiale kostnader 31,9 prosent og andre utbetalinger til drift 68,1 prosent. Vi viser til note 2 og 3.

Utdanningsdirektoratet har totale inntekter rapportert til bevilgningsregnskapet på
kr 34 356 936. Av dette utgjør 92,3 prosent tilskudd og overføringer fra andre statlige virksomheter, og 7,7 prosent er salgs- og leieinnbetalinger.

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen viser en del avvik mellom regnskapsførte utgifter og samlet tildeling, se kolonne for Merutgift (-) og mindreutgift. Dette har en naturlig forklaring fordi de vesentlige avvikene skyldes tildelinger og fullmakter som er gitt til andre statlige virksomheter i samsvar med tildelingsbrevet fra Kunnskapsdepartementet.

I tillegg har det vært noen mindre avvik mellom tildelte midler på utgiftssiden og regnskapsførte utgifter, som går fram av note B. Utdanningsdirektoratet søker om overføringer innenfor 5-prosentregelen og med henvising til stikkordet «kan overføres».

## Vurderinger av endringer fra 2019 til 2020

Utbetalinger til lønn er redusert med 12,7 prosent fra 2019 til 2020. Årsaken til dette er oppgaver og stillinger overført fra Utdanningsdirektoratet til andre statlige virksomheter i 2020. I tillegg hadde vi en nedgang i utgifter til honorarer, styrer, råd og utvalg som gjelder læreplanarbeid i forbindelse med fagfornyelsen. Vi viser til note 2.

På grunn av korona er det en stor nedgang i reiseutgifter for 2020 sammenlignet med 2019. Det er av samme grunn også en større nedgang i andre driftsutgifter, som i stor grad gjelder kurs, seminarer og møter for interne og eksterne deltagere som ikke ble gjennomført som planlagt.

En nedgang i tilskudd til kommuner skyldes at tilskuddsordningen tilskudd til tidlig innsats i skolen ble overført direkte i driftsrammen til kommunene i 2020.

### Tilleggsopplysninger

Riksrevisjonen er ekstern revisor og bekrefter årsregnskapet for Utdanningsdirektoratet. Årsregnskapet er ikke ferdig revidert per d.d., men revisjonsberetningen antas å foreligge i løpet av 2. kvartal 2021. Beretningen er unntatt offentlighet fram til Stortinget har fått Dokument 1 fra Riksrevisjonen, men vil bli publisert på udir.no så snart dokumentet er offentlig.

Oslo, den 15.03.2021




## Prinsippnote til årsregnskapet

Årsregnskapet for Utdanningsdirektoratet er utarbeidet og avlagt etter nærmere retningslinjer fastsatt i bestemmelser om økonomistyring i staten (bestemmelsene). Årsregnskapet er i henhold til krav i bestemmelsene punkt 3.4.1, i nærmere bestemmelser i Finansdepartementets rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsatt av overordnet departement.

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen og artskontorapporteringen er utarbeidet med utgangspunkt i bestemmelsene punkt 3.4.2 – de grunnleggende prinsippene for årsregnskapet:

- a. Regnskapet følger kalenderåret
- b. Regnskapet inneholder alle rapporterte utgifter og inntekter for regnskapsåret
- c. Regnskapet er utarbeidet i tråd med kontantprinsippet
- d. Utgifter og inntekter er ført i regnskapet med brutto beløp

Oppstillingen av bevilgnings- og artskontorapporteringen er utarbeidet etter de samme prinsippene, men gruppert etter ulike kontoplaner. Prinsippene korresponderer med krav i bestemmelsene punkt 3.5 til hvordan virksomhetene skal rapportere til statsregnskapet. Sumlinjen «Netto rapportert til bevilgningsregnskapet» er lik i begge oppstillingene.

Utdanningsdirektoratet er tilknyttet konsernkontoordningen i Norges Bank i samsvar med krav i bestemmelsene punkt 3.7.1. Ordinære forvaltingsorgan (bruttobudsjetterte virksomheter) tilføres ikke likviditet gjennom året, men har en trekkrettighet på sin konsernkonto. Ved årets slutt nullstilles saldoen på den enkelte oppgjørskonto ved overgangen til nytt år.

### Bevilgningsrapporteringen

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen omfatter en øvre del med bevilgningsrapporteringen og en nedre del som viser beholdninger virksomheten står oppført med i kapitalregnskapet.
Bevilgningsrapporteringen viser regnskapstall som Utdanningsdirektoratet har rapportert til statsregnskapet. Det stilles opp etter de kapitler og poster i bevilgningsregnskapet som Utdanningsdirektoratet har fullmakt til å disponere. Kolonnen samlet tildeling viser hva Utdanningsdirektoratet har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrevet for seg og underlagte virksomheter, for hver kombinasjon av kapittel/post. Oppstillingen viser alle finansielle eiendeler og forpliktelser Utdanningsdirektoratet står oppført med i statens kapitalregnskap.

Mottatte fullmakter til å belaste kombinasjonen av kapittel/post i en annen virksomhet (belastningsfullmakter) vises ikke i kolonnen for samlet tildeling, men er omtalt i note B til bevilgningsoppstillingen. Utgiftene knyttet til mottatte belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsregnskapet, og vises i kolonnen for regnskap.

Avgitte belastningsfullmakter er inkludert i kolonnen for samlet tildeling, men bokføres og rapporteres ikke til statsregnskapet fra Utdanningsdirektoratet selv. Avgitte belastningsfullmakter bokføres og rapporteres av virksomheten som har mottatt belastningsfullmakten, og vises derfor ikke i kolonnen for regnskap. De avgitte fullmaktene kommer fram i note B til bevilgningsoppstillingen.

### Artskontorapporteringen

Oppstillingen av artskontorapporteringen har en øvre del, som viser hva som er rapportert til statsregnskapet etter standard kontoplan for statlige virksomheter, og en nedre del, som viser

eiendeler og gjeld som inngår i mellomværende med statskassen. Artskontorapporteringen viser regnskapstall Utdanningsdirektoratet har rapportert til statsregnskapet etter standard kontoplan for statlige virksomheter. Utdanningsdirektoratet har en trekkrettighet på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingene er ikke inntektsført og derfor ikke vist som inntekt i oppstillingen.

### Årsregnskap for Utdanningsdirektoratet 2020

- Årsregnskap for Utdanningsdirektoratet 2020 med tabeller (pdf)

## Vedlegg til årsrapporten

- Pågående oppdrag
- Avsluttede oppdrag

Riksrevisjonen

Vår saksbehandler
Solmaz Abbasi Sarijlou 21540914

| Vår dato | Vår referanse |
| --- | --- |
| 27.04.2021 | 2020/00515-4 |
| Deres dato | Deres referanse |

UTDANNINGSDIREKTORATET
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO

## Revisjon av årsregnskapet for Utdanningsdirektoratet- 2020

Vedlagt følger revisjonsberetningen for Utdanningsdirektoratets årsregnskap for 2020.

Riksrevisjonen har revidert virksomhetens regnskap i samsvar med lov og instruks om Riksrevisjonen og internasjonale standarder for offentlig revisjon.

## Offentliggjøring av revisjonsberetning

Revisjonsberetningen er Riksrevisjonens konklusjon på gjennomført finansiell revisjon. Denne revisjonsberetningen omfattes ikke av bestemmelsen om utsatt offentlighet i lov om Riksrevisjonen § 18 2. ledd.

Revisjonsberetningen skal i samsvar med Bestemmelser om økonomistyring i staten punkt 2.3.3 publiseres på virksomhetens nettsider sammen med årsrapporten.

Etter fullmakt

Tora Struve Jarlsby
ekspedisjonssjef

Terje Ottesen
avdelingsdirektør

*Brevet er godkjent og ekspedert digitalt.*

Vedlegg: Revisjonsberetning

Liste over kopimottakere:

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

Vår referanse 2020/00515-4

Riksrevisjonen

UTDANNINGSDIREKTORATET
Org. nr.: 970018131

## Riksrevisjonens beretning

Til Utdanningsdirektoratet

## Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

### *Konklusjon*

Riksrevisjonen har revidert Utdanningsdirektoratets årsregnskap for 2020. Årsregnskapet består av ledelseskommentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2020.

Bevilgnings- og artskontorapporteringen viser at 11 982 995 669 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Utdanningsdirektoratets årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2020 og kapitalposter pr 31. desember 2020, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI 2000–2899). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og ISSAI 130 (INTOSAIs[1] etikkregler), og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

### *Øvrig informasjon i årsrapporten*

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

[1] International Organization of Supreme Audit Institutions


| Postadresse | Kontoradresse | Telefon | E-post | Nettsted | Bankkonto | Org.nr. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 6835 St Olavs plass<br>0130 Oslo | Storgata 16 | 22 24 10 00 | postmottak@riksrevisjonen.no | www.riksrevisjonen.no | 7694 05 06774 | 974760843 |

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så måte.

***Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet***
Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

***Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet***
Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:
- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten

Vi kommuniserer med ledelsen blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen,

for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen, og informerer det overordnede departementet om dette.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen, og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

## Uttalelse om øvrige forhold

***Konklusjon om etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring***

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000 for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo; 27.04.2021

Etter fullmakt

Tora Struve Jarlsby
ekspedisjonssjef

Terje Ottesen
avdelingsdirektør

*Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt*